


STUDIEHANDBOK

2015/2016



Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet


UNIVERSITETET I BERGEN

MED ATTERHALD OM ENDRINGAR,
OPPDATERT INFORMASJON PÅ NETTSTADEN:
<http://uib.no/matnat/utdanning>

INNHALD

Studieprogram ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet 2015/2016	3
Studieplan for BAMN-HAV Bachelorprogram i berekraftig havbruk, haust 2015	5
Studieplan for BAMN-BINF Bachelorprogram i informatikk: bioinformatikk, haust 2015.....	9
Studieplan for BAMN-BIO Bachelorprogram i biologi, haust 2015	13
Studieplan for BAMN-DTEK Bachelorprogram i informatikk: datateknologi, haust 2015	17
Studieplan for BAMN-DSIK Bachelorprogram i informatikk: datatryggleik, haust 2015	21
Studieplan for BAMN-DVIT Bachelorprogram i informatikk: datavitenskap, haust 2015.....	25
Studieplan for BAMN-PHYS Bachelorprogram i fysikk, haust 2015	29
Studieplan for BAMN-GEOV Bachelorprogram i geovitskap, haust 2015	32
Studieplan for BATF-IMØ Bachelorprogram i informatikk-matematikk-økonomi, haust 2015	37
Studieplan for BAMN-KJEM Bachelorprogram i kjemi, haust 2015.....	41
Studieplan for BAMN-MATEK Bachelorprogram i matematikk for industri og teknologi, haust 2015.....	44
Studieplan for BAMN-MAT Bachelorprogram i matematikk, haust 2015	48
Studieplan for BATF-MIRE Bachelorprogram i miljø- og ressursfag, haust 2015	51
Studieplan for BAMN-MOL Bachelorprogram i molekylærbiologi, haust 2015	56
Studieplan for BAMN-NANO Bachelorprogram i nanoteknologi, haust 2015	60
Studieplan for BAMN-PTEK Bachelorprogram i petroleum- og prosesssteknologi, haust 2015	64
Studieplan for BAMN-STATS Bachelorprogram i statistikk, haust 2015.....	67
Studieplan for MAMN-AKTUA Integrert master i aktuarfag, haust 2015	70
Studieplan for MAMN-FISK Profesjonsstudium i fiskehelse, haust 2015	74
Studieplan for MAMN-LÆRE Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk, haust 2015	77
Emne ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet 2015/2016	83
Biologi Emne	85
Energi emne	186
Farmasi emne	191
Fysikk emne	205
Emne i Geovitskap	260
Emne i informatikk	356
Emne i kjemi	415
Emne for Lærarutdanninga.....	474
Emne i matematikk	503
Emne i meteorologi og oseanografi	573
Emne i Molekylærbiologi.....	616
Emne i Nanovitenskap	645
Emne i Petroleum- og prosesssteknologi	654
Emne i statistikk	686
Emne i matematiske og naturvitenskapelige fag (MNF).....	700

STUDIEPROGRAM VED DET
MATEMATISK-NATURVITSKAPLEGE
FAKULTET 2015/2016



Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

INNHALD

Studieplan for BAMN-HAV Bachelorprogram i berekraftig havbruk, haust 2015	5
Studieplan for BAMN-BINF Bachelorprogram i informatikk: bioinformatikk, haust 2015	9
Studieplan for BAMN-BIO Bachelorprogram i biologi, haust 2015	13
Studieplan for BAMN-DTEK Bachelorprogram i informatikk: datateknologi, haust 2015	17
Studieplan for BAMN-DSIK Bachelorprogram i informatikk: datatryggleik, haust 2015	21
Studieplan for BAMN-DVIT Bachelorprogram i informatikk: datavitenskap, haust 2015	25
Studieplan for BAMN-PHYS Bachelorprogram i fysikk, haust 2015	29
Studieplan for BAMN-GEOV Bachelorprogram i geovitskap, haust 2015	32
Studieplan for BATF-IMØ Bachelorprogram i informatikk-matematikk-økonomi, haust 2015	37
Studieplan for BAMN-KJEM Bachelorprogram i kjemi, haust 2015	41
Studieplan for BAMN-MATEK Bachelorprogram i matematikk for industri og teknologi, haust 2015	44
Studieplan for BAMN-MAT Bachelorprogram i matematikk, haust 2015	48
Studieplan for BATF-MIRE Bachelorprogram i miljø- og ressursfag, haust 2015	51
Studieplan for BAMN-MOL Bachelorprogram i molekylærbiologi, haust 2015	56
Studieplan for BAMN-NANO Bachelorprogram i nanoteknologi, haust 2015	60
Studieplan for BAMN-PTEK Bachelorprogram i petroleum- og prosesssteknologi, haust 2015	64
Studieplan for BAMN-STATS Bachelorprogram i statistikk, haust 2015	67
Studieplan for MAMN-AKTUA Integrert master i aktuarfag, haust 2015	70
Studieplan for MAMN-FISK Profesjonsstudium i fiskehelse, haust 2015	74
Studieplan for MAMN-LÆRE Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk, haust 2015	77

STUDIEPLAN FOR BAMN-HAV BACHELORPROGRAM I BEREKRAFTIG HAVBRUK, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart – semester

Oppstart haust. Oppstart haust. Frå og med hausten 2012 legg Institutt for biologi om studieplanen for bachelorgraden i havbruksbiologi.

Mål og innhald

Havbruksnæringa er den næringa i Noreg som veks raskast, og både offentlege og private interesser har satsa mykje. Næringa sjølv og forskning og utvikling (FoU) som skjer i samband med ho, er peikt ut som eit hovudsatsingsområde for landet vårt. Havbruksnæringa har vore, og vil i aukande grad vere bygd på kunnskap. Eit breitt og høgt kunnskapsnivå er naudsynt for å kunne nytte nye artar i oppdrett. Studiet i berekraftig havbruk gir grunnleggjande kunnskap om, og forståing av, norske oppdrettsartar. Det blir lagt særskilt vekt på samspelet mellom fiskebiologi, anatomi, fysiologi, ernæring og miljøtilhøve. Vidare tileignar du deg kunnskap om norsk havbruksnæring, lovverk og forvaltning, og du får innsyn i internasjonalt havbruk. Du får praktisk erfaring frå oppdrettsverksemd saman med god innsikt i etikk og velferd hos akvatiske organismar. Studiet gir grunnleggjande kunnskapar frå relevante område innan allmenn kjemi, biologi, mikrobiologi, biokjemi/molekylærbiologi, statistikk og matematikk.

Læringsutbyte

Studiet skal gi ein brei plattform i naturfag, biologi og kunnskap om oppdrett, frå generelle molekylære mekanismar til biologien til våre viktigaste oppdrettsartar. Gjennom ei grunnleggjande forståing av basale prosessar i naturen skal studenten kunne tilegne seg og bruke vitenskapelig kunnskap og innsikt i ei rekke samfunnsrelevante utfordringar som omfattar naturmiljøet. Kandidatar i havbruksbiologi skal vidare ha solid biologisk innsikt i samspelet mellom miljøet og utvikling, vekst og reproduksjon til viktige oppdrettsartar. Studentane skal likeeins kjenne til, og ha praksis frå utvalde oppdrettsformar, og ha ein oversikt over norske lover, forskrifter og reguleringar innan havbruk. Gjennom studiet skal studentane også skaffe seg oversikt over internasjonal havbruksverksemd.

Ved fullført studium skal ein kandidat:

- ha ei brei bakgrunn innan naturvitskap
- være i stand til å bruke utviklingslæra som nøkkel til å forstå organismane sine tilpassingar
- kunne lese og forstå vitskaplege arbeid om aktuelle spørsmål innan biologi og havbruk
- ha oppnådd grunnleggjande kunnskap om biologi, anatomi, fysiologi, ernæring og miljøtilhøve for våre viktigaste oppdrettsartar
- ha ferdigheiter i vitskapleg arbeidsmåte som gjør kandidaten i stand til å skrive analyserande rapportar og utgreiingar om spesielle tilhøve innan oppdrett
- evne å løyse problem og oppgåver som krev biologisk innsikt og kjennskap til havbruksnæringa

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Obligatoriske emne

Obligatoriske emne / spesialisering. Krav til bachelorgraden i berekraftig havbruk er ei spesialisering på til saman 150 studiepoeng.

Studieveg 1: For studentar med lite kjemikunnskap

6V	BIO204	BIO205	Val
5H	BIO203	BIO206	BIO291
4V	MOL100	BIO103	BIO104
3H	STAT101/ STAT110	BIO280	BIO102
2V	Ex. Phil	BIO101	KJEM110
1H	BIO100	MAT101/ MAT111	KJEM100

Studieveg 2: For studentar med god kjemikunnskap

6V	BIO204A	BIO205	Val
5H	BIO203	BIO206	BIO291
4V	MOL100	BIO103	BIO104
3H	STAT101/ STAT110	BIO280	BIO102
2V	Ex. Phil	BIO101	KJEM130/ KJEM202
1H	BIO100	MAT101/ MAT111	KJEM110

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Delstudium i utlandet

Instituttet vil leggje til rette for studieopphald i utlandet som kan erstatte delar eller supplere delar av bachelorgraden. Dette gjørast fortrinnsvis 3. vår. Vi arbeidar også med eventuelt å leggje til rette for studieopphald i mastergraden i havbruksbiologi.

Vurderingsformer

Obligatorisk undervisning og informasjon om evalueringsformer står omtala under kvart einskild emne.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Bachelorgraden i berekraftig havbruk kvalifiserer til vidare studiar og arbeid i havbruk, men kan også nyttast som grunnlag for andre biologiske fag. Bachelorprogrammet er særskilt tilrettelagt for mastergradsstudie i havbruk, ernæring hos fisk, kvalitet og foredling av sjømat, samt profesjonsstudium i fiskehelse.

Bachelorprogram i berekraftig havbruk gir både praktisk og teoretisk kunnskap som kan brukast ved fleire nivå i bransjen.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studie@bio.uib.no, tlf: 55 58 44 00.

STUDIEPLAN FOR BAMN-BINF BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK: BIOINFORMATIKK, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i informatikk: bioinformatikk har eit omfang på 180 studiepoeng, og er normert til 3 år.

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Bioinformatikk er uunnverleg i moderne biologi og dermed i forståinga av liv og utviklinga av helse og sjukdom. Bioinformatikk er dermed av særleg nytte for samfunnet. Målet med dette programmet er å undervise studentane i dei grunnleggjande emna som er naudsynte for å kunne anvende metodar frå bioinformatikk mot problemstillingar i biologi, og til å legge eit fundament for vidare studiar i bioinformatikk på masternivå.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i bioinformatikk skal kandidaten:

Kunnskap: Vere i stand til å gjennomgå grunnleggjande statistikk og algoritmar som blir brukt i grunnleggjande metodar innan bioinformatikk og å kunne forklare deiras forhold til dei biologiske spørsmåla som dei prøver å svare/belyse.

Ferdigheiter: Kunne designe og implementere algoritmar og metodar innan bioinformatikk i tråd med god informatikk-praksis.

Generell kompetanse: Ha eit kritisk og analytisk blick på eget og andres arbeid. På eigenhand kunne utvide sitt kunnskapsfelt. Kunne arbeide både sjølvstendig og i grupper med andre. Kunne vurdere juridiske og etiske sider ved arbeidet.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorprogrammet i datavitenskap bygger på matematikk R1+R2 og gode mattekunnskapar er derfor tilrådd.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., INF100, MAT101/MAT111, MNF130, INF101, MAT121, DAT103, INF102, KJEM100/KJEM110, INF112/INF142, INF281, MOL100, INF285, STAT110/MOL203/INF122

Spesialisering

Spesialiseringa i bachelorprogrammet i bioinformatikk er på til saman 130 studiepoeng som består av følgjande emne:

6.V	Val	Val	Val
5.H	INF285	INF122/ MOL203/ STAT110	Val
4.V	INF281	MOL100	INF112/ INF142
3.H	INF102	KJEM100/ KJEM110	DAT103
2.V	INF101	MAT121	MNF130
1.H	Ex. phil.	MAT101/ MAT111	INF100

1. semester: INF100, MAT101/MAT111
2. semester: MNF130, INF101, MAT121
3. semester: DAT103, INF102, KJEM100/KJEM110
4. semester: INF112/INF142, INF281, MOL100
5. semester: INF285, STAT110/MOL203/INF122

Tilrådde valemne

Følgjande emne er tilrådde i studieprogrammet: INF283 Innføring i maskinlæring.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet.

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førelesningar, laboratoriearbeid, seminar. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk vert utstedt når krava til graden er oppfylte.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan relevant fagområde.

For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Med utdanning innan bioinformatikk vil ein blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar; forskning, olje-industri, undervisning, offentleg forvaltning. Med ein bachelorgrad i bioinformatikk har ein eit godt grunnlag for å gå vidare på masterstudium i bioinformatikk, og mange andre studieretningar innan informatikk. Dersom ein avsluttar studiane etter fullført bachelorgrad, er kompetanse med bruk av informatikk i eit anna fagfelt det største konkurransefortrinnet.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Institutt for informatikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@ii.uib.no, Tlf. 55 58 42 86

STUDIEPLAN FOR BAMN-BIO

BACHELORPROGRAM I BIOLOGI,

HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i biologi er 3-årig (180 studiepoeng). Eit sentralt mål er å gje studentane brei naturfagleg bakgrunn i kjemi, fysikk og statistikk i tillegg til biologiske kjernefag, som ein god basis for å forstå moderne naturvitskap og dei grunnleggande spørsmåla om livet og naturen.

Bachelorprogrammet i biologi set dei klassiske biologidisiplinane i et breitt og moderne perspektiv, og skal gje praktiske ferdigheiter gjennom laboratorieundervisning, feltarbeid og sjølvstendige oppgåver. Dei biologiske faga spenner om økologi, biodiversitet, fysiologi, molekylærbiologi, cellebiologi og genetik, med evolusjonsteorien som felles ramme. Undervisninga er knyta til forskinga ved Universitetet i Bergen, med marine fag som eit viktig satsingsområde.

Læringsutbyte

Studiet skal gje grunnleggande innsikt i basale prosessar i naturen skal studenten kunne nyttiggjere seg vitskapeleg kunnskap og forskning i naturfaglege utfordringar.

Ved fullført studium skal ein kandidat ha tileigna seg

Kunnskapar

- ha oversikt over fagtermar innafor fleire ulike naturfag som biologi, kjemi og fysikk
- kunne greie ut om sentrale teoriar, metodar og forskingsområde innan biologi
- tileigne seg og ta i bruk ny kunnskap i biologi
- kunne gjengi sentrale trekk ved biologien sin utvikling og plass i samfunnet
- ha grunnleggande innsikt i virkemåten til organismar, samfunn og økosystem

Ferdigheiter

- kunne bruke evolusjonsteori som nøkkel til å forstå livets tre og organismane sin tilpassing til miljøet
- kunne analysere faglege problemstillingar og materiale, og bruke faglige omgrep og modellar
- kunne bruke fagets metodar og utstyr til å undersøke fenomen og løyse praktiske og teoretiske problemstillingar
- kunne vurdere usikkerheit rundt observasjonar, teoriar og metodar
- kunne ta i bruk IKT til utrekning, framstilling av datamateriale, innsamling og oppbevaring av data og rapportering
- kunne innhente og vurdere informasjon og kritisk vurdere primære og sekundære informasjonskjelder

Generell kompetanse

- ha ei brei forståing av naturfag og biologi frå molekylære til evolusjonære prosessar
- ha reflekterte haldningar om etiske spørsmål om forskning, praksis og formidling
- kunne arbeide sjølvstendig og i gruppe
- kunne kommunisere fagleg på norsk og engelsk
- utøve fagleg arbeid i samsvar med god HMS-praksis

Opptakskrav

Generell studiekompetanse [og krav om realfag (REALFA)]

Tilrådde forkunnskapar

Vi tilrår at du har forkunnskapar tilsvarande Biologi 2 og Kjemi 2.

Innføringsemne

Ex. Phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., MAT101/MAT111, BIO100, BIO101, BIO102, BIO103, BIO104, STAT101/110, MOL100, KJEM110, KJEM100/130/202/MAT102 og PHYS101.

Spesialisering

Kravet til bachelorgraden i biologi er ei spesialisering på til saman 100 studiepoeng.

Tilrådd studieplan:

6V	Val	Val	Val
5H	Val	Val	Val
4V	MOL100	BIO103	BIO104
3H	STAT101/ STAT110	PHYS101	BIO102
2V	Ex. Phil	BIO101	KJEM130/ KJEM202
1H	BIO100	MAT101/ MAT111	KJEM100/ KJEM110

Tilrådde valemne

Vi tilrår at du vel emne relevant for ønska studieretning på master (sjå tilrådde forkunnskapar for kvar studieretning). Valemne bør fortrinnsvis vere i naturvitskaplege fag, men emne frå andre fakultet kan og vere relevante.

Studentane står fritt til å gjere andre val av emne. Ta gjerne kontakt med studierettleiar for meir informasjon om valemne.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge for emna finn du under overskrifta «Spesialisering».

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet. Studentar med interesse for arktisk biologi bør sjå nærmare på tilbodet frå UNIS (Universitetsenteret på Svalbard).

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førelæsingar, felt- og laboratoriearbeid, seminar og gruppeundervisning. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av mappeevaluering, ulike skriftleg eksamensformer og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk vert utstedt når krava til graden er oppfylte.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan relevant fagområde.

For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Mange biologar arbeider innan natur- og miljøforvaltning, havbruk, skuleverk, offentleg forvaltning, industri, miljøorganisasjonar og i medie- og konsulentbedrifter. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført mastergraden. Universitetet i Bergen tilbyr ei rekkje mastergradsstudier som byggjer på bachelorgraden i biologi. Etter avslutta masterstudium har ein i tillegg til ei tung fagleg fordjuping på et valt felt innan biologien, lært å arbeide sjølvstendig og som ein del av ei forskingsgruppe. I tillegg opparbeider ein seg ei rekkje praktiske og akademiske ferdigheiter som er nyttige i arbeidslivet.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi ved det matematisk-naturvitskapelege fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

STUDIEPLAN FOR BAMN-DTEK BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK: DATATEKNOLOGI, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i datateknologi har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Programmet gjev ein grundig innføring i prinsipp, teknikkar, og metodar for utvikling av programvare, og gjev trening i kreative og analytiske ferdigheiter og problemløysing, samt teknikkar for å forenkle kompliserte problem og system slik at dei kan handterast av menneske og maskinar. Studiet gjev eit praktisk og teoretisk grunnlag innan forskjellige teknikkar for programmering, testing og utvikling av større datasystem. Det leggast vekt på å handtere samfunnsrelaterte utfordringar, sikkerheit og høgintegritetsprogramvare.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i datateknologi skal kandidaten kunne:

Kunnskapar:

- Ha brei kunnskap om fagfeltet og informatikk.
- Ha god kjennskap til og erfaring med verktøy og teknikkar som nyttast i moderne systemutvikling.

Ferdigheter:

- Kunne delta i å planlegge, utvikle, validere og vedlikehalde større programsystem.
- Ha tilstrekkeleg erfaring og kunnskapar til å delta i prosjekt innan systemutvikling.
- Utvikle programvare for et variert utval av plattformer, til dømes nettbrett, spillkonsoll, berbare datamaskiner og tenarmaskiner.

Generell kompetanse:

- Ha eit kritisk og analytisk blikk på eige og andre sitt arbeid.
- På eigenhand kunne utvide sitt kunnskapsfelt
- Kunne arbeid både sjølvstendig og i grupper med andre.
- Kunne vurdere juridiske og etiske sider ved arbeidet.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. MATRS: Matematikk R1 eller S1+S2

Tilråde forkunnskar

Gode forkunnskarar i matematikk er eit føremon. Vi tilrår matematikk på 3. klasse nivå. Det er ikkje naudsynt med IT frå vidaregåande (Informasjonsteknologi 1 og 2) eller tidlegare erfaring med datateknologi og programmering.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., MAT101/MAT111, INF100, MNF130, INF101, INF115, INF122, INF102, DAT103, INF222, INF112, INF250, INF226, INF214

Spesialisering

6.V	Val	Val	Val
5.H	INF214	INF226	Valfritt INF emne: (eks: INF143/ INF170/ INF234/INF270/STAT110)
4.V	INF250	INF222	INF112
3.H	INF102	INF122	DAT103
2.V	INF101	INF115	MNF130
1.H	Ex. phil.	MAT101/ MAT111	INF100

Tilrådde valemne

Vel fritt blant emne som til saman utgjer 30 studiepoeng i 6. semester. INF219 (Informatikkprosjekt I) anbefalast. INF109 (Dataprogrammering for naturvitskap) kan ikkje inngå i graden.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge for emna er oppgitt under Spesialisering.

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet. Det er satt av plass i 6. semester.

Undervisningsmetodar

Undervisningen baserer seg på førelesningar og på gruppe-/labøvingar der man løyser oppgåver. Mange emne har dessutan prosjektarbeid, enten individuelt eller i team.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk blir utstedt når krava til graden er fullført.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Du blir kvalifisert for mange ulike datarelaterte jobbar både i privat verksemd og offentleg forvaltning. Aktuelle arbeidsplassar kan vere IT-bedrifter, men du kan òg arbeide i til dømes finans- og bankvesen, oljeindustrien, forsikring og konsulentverksemd. Arbeidsoppgåvene ein er skikka til å jobbe med spenner vidt, men nokre typiske eksempel er programmering, internett, datatryggleik og oppgåver knytt til undervisningskompetanse i informatikk for skuleverket.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Institutt for informatikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@ii.uib.no, Tlf 55 58 42 86

STUDIEPLAN FOR BAMN-DSIK BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK: DATATRYGGLEIK, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i informatikk: datatryggleik har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Viktige offentlege og kommersielle tenester er heilt avhengige av velfungerande data- og kommunikasjonssystem. Dersom infrastrukturen ikkje fungerer slik den skal grunna tilfeldige feil og vondsinna angrep har det alvorlege konsekvensar for samfunnet.

Bachelorprogrammet i informatikk: datatryggleik studerer metodar for å utvikle, implementere, og analysere IT-baserte infrastruktur som er robust mot både tilfeldige feil og retta angrep. Hensikta med studieprogrammet er å gje teoretisk forståing og praktiske ferdigheiter til å utvikle og ivareta robuste IKT-system. Metodar og tilnærming er realfagleg, og gjev og krev ei forståing for forskingsresultat innan informatikk og matematikk. Studieprogrammet skal utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse i datatryggleik, samt danne grunnlag for vidare spesialisering (mastergrad).

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i informatikk: datatryggleik skal kandidaten kunne:

Kunnskapar

- God kjennskap til og erfaring med dei vanlegaste sikkerheitsutfordringane og sårbarheitene i data- og kommunikasjonssystem, og metodar for å sikre systema mot desse.

Ferdigheiter

- Erfaring og kunnskap tilstrekkeleg til å delta i arbeid med å analysere sikkerheit og sårbarheit i data- og kommunikasjonssystem.
- Erfaring med programvare og teknologi for utvikling av robuste og sikre system

Generell kompetanse

- Teoretisk grunnlag for eit masterstudium i datatryggleik eller andre retningar innanfor informatikk.
- Kunnskap til å evaluere juridiske og etiske sider ved utviklingsprosjekt for programvare.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Gode forkunnskapar i matematikk er eit føremonn. Vi tilrår matematikk på 3. klasse nivå.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., INF100, MAT101/MAT111, INF142, INF101, MAT121, INF143, INF102, MNF130, INF144, DAT103, INF240, INF226, INF214.

Spesialisering

Spesialiseringa i bachelorprogrammet i informatikk: datatryggleik er på til saman 130 studiepoeng som består av følgjande emne:

6.V	Val	Valfritt MAT eller INF emne	Valfritt MAT eller INF emne
5.H	INF214	INF240	INF226
4.V	Val	INF144	MAT121
3.H	HiB:DAT103	INF143	INF102
2.V	INF101	MNF130	INF142
1.H	Ex. phil.	MAT101/ MAT111	INF100

Tilrådde valemne

Valfag må fylles med minst 20 studiepoeng vald blant: INF112, INF170, INF234, INF237, INF244, INF246, INF247, INF250, INF270, STAT110, MAT220, MAT221.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge for emna finn du under overskrifta "spesialisering".

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet.

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førelesningar og grupper. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk vert utstedt når krava til graden er oppfylte.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan relevant fagområde.

For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Studiet gjev grunnlag for ein karriere innanfor design, implementasjon og analyse av sikkerheit og sårbarheit i data- og kommunikasjonssystem. Kandidatane har erfaring med programvare og teknologi for utvikling av robuste og sikre system. Dei har kunnskap til å evaluere juridiske og etiske sider ved utviklingsprosjekt for programvare.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Institutt for informatikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@ii.uib.no, Tlf. 55 58 42 86

STUDIEPLAN FOR BAMN-DVIT BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK: DATAVITSKAP, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i datavitskap har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Utvikling av avanserte IT-løysingar føreset ofte datafaglege kunnskapar som er baserte på god matematisk forståing av metodane som vert nytta. Bachelorstudiet i datavitskap gjev deg akkurat denne typen kunnskap.

Dei første semestra av studiet er retta mot å lære dataprogrammering og grunnleggjande matematikk-kunnskapar. Seinare semester gjev grunnlag for spesialisering innan ulike retningar.

Studiet vektlegg fundamental kunnskap og krev god matematisk bakgrunn og interesse. Sidan datateknologi er prega av raske teknologiske omskiftingar, legg utdanninga opp til at studenten tileignar seg fundamentale metodar som varer lengre enn spesifikk, dagsaktuell teknologi. Du får også eit godt grunnlag for å bli ein av dei som utviklar informasjonsteknologien vidare.

Gjennom studiet oppnår studentane ei brei fagleg kompetanse og praktisk røynsle, og ei god førebuing til vidare studiar på master- og doktornivå. Moglege retningar finn du under omtalane av masterstudia.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i datavitskap skal kandidaten kunne:

Kunnskapar:

- Ha brei kunnskap om både informatikk og matematisk metodar som brukast for å utvikle avanserte datasystem.
- Ha god kjennskap til og erfaring med verky og teknikkar som nyttast i moderne systemutvikling.

Ferdigheitar:

- Formulere og løyse problemstillingar på ein logisk presis måte innan alle områder som er dekt av informatikkfaget, som algoritmar, sikkerheit, programmering og nettverk.
- Analysere og fornye eksisterande programvare.

Generell kompetanse:

- Ha eit kritisk og analytisk blikk på eget og andre sitt arbeid.
- På eigenhand kunne utvide sitt kunnskapsfelt.
- Kunne arbeide både sjølvstendig og i grupper med andre.
- Kunne vurdere juridiske og etiske sider ved arbeidet.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorprogrammet i datavitskap byggjer på matematikk R1+R2 og gode mattekunnskapar er derfor tilrådd.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet:

Ex.phil., MAT111, INF100, MNF130, INF101, MAT121, INF122, INF102, MAT221, INF142, MAT220

Spesialisering

Spesialiseringa i bachelorprogrammet i datavitskap er på til saman 120 studiepoeng som består av følgjande emne:

6.V	Val	Val	Val
5.H	Val*	Val	STAT110
4.V	Val	INF142	MAT220
3.H	INF122	MAT221	INF102
2.V	INF101	MNF130	MAT121
1.H	Ex. phil.	MAT111	INF100

*PUT: Fritt val blant INF21X, INF22X-emner, Algoritmer: INF234, Sikkerhet: INF240, Visualisering: INF251, Optimering: INF270, Bioinformatikk: INF283.

Tilrådde valemne

20 SP. må være valemne innan informatikk på 100- og/eller 200-nivå. (INF109 kan ikkje veljast).
10 SP. må være MAT-emne på 100- og/eller 200- nivå.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge for emna finn fu under overskrifta "Spesialisering".

Delstudium i utlandet

Ønskjer du å ta delar av studiet i utlandet, bør dette gjerast i løpet av det tredje året. Vi har i dag avtalar med blant anna University of Innsbruck (Østerrike), Università degli studi di Roma III (Italia) og Charles University, Praha (Tsjekkia). Universitetet i Bergen har dessutan mange andre utvekslingsavtalar.

Finn inspirasjon og nyttig informasjon om delstudiar i utlandet her:www.uib.no/utveksling

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førellesningar og grupper. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk vert utstedt når krava til graden er oppfylte.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan relevant fagområde.

For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Kva kan du bli?

- Gründer
- Prosjektleiar
- Programmerar, systemarkitekt
- Forskar, lærar

Og mykje meir! Du blir kvalifisert til spanande og varierte jobbar innan IT-bransjen; ikkje berre i IT-verksemder. Informatikkarar er òg etterspurd i finans- og bankvesen, oljeindustrien, forsikring og konsulentverksemder. Med bachelorgrad i datavitskap har du kompetanse til å utføre eit breitt spekter av arbeidsoppgåver og grunnlag for undervisningskompetanse i informatikk for skuleverket. Gjennom heile studiet blir du trent til problemløysing på ulike områder, som vil kome godt med uansett kva du veljar å jobbe med.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Institutt for informatikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@ii.uib.no, Tlf 55 58 42 86

STUDIEPLAN FOR BAMN-PHYS BACHELORPROGRAM I FYSIKK, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Oppstart haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i fysikk er 3-årig (180 studiepoeng).

Fysikk er eit grunnleggjande fag som beskriver heile naturen, frå dei fjernaste galaksane til det indre av atomkjernen. Fysikken er også fundamentet for andre naturvitskapar og for all moderne teknologi. Institutt for fysikk og teknologi har mange studieretningar med eit stort spenn frå teoretisk og eksperimentell fysikk og modellering til tema som er knytt til teknologi og industri. Primærfaga i studieprogrammet er fysikk, og målgruppa er studentar med generell interesse for fysikk- og matematikkbaserte fag. Studiet tek for seg det teoretiske grunnlaget for fysikken, eksperimentelle metodar, og naturvitskapelige og teknologiske bruksområde. Det blir lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysning. Du får trening i skriftleg og munnleg presentasjon av forskjellige problemstillingar og formidling av løysingane til andre. Ettersom fysikarar er storbrukarar av informasjonsteknologi er det anbefalt å ta informatikk som eit støttfag. Studiet vil gi kandidatar med kvalifikasjonar som er etterspurt i heile samfunnet.

Læringsutbyte

Ved avlagt bachelorprogram i fysikk skal studenten kunne:

- Gjøre greie for fysikkfaget sin eigenart og utvikling
- Forklare matematiske omgrep og anvende matematisk formalisme innan for eksempel analyse, komplekse tall, lineær algebra og enkle differensiallikningar på fysiske problem
- Forklare dei sentrale omgrep innan fysikken, og greie ut om samanhengar mellom disse.
- Analysere fysiske problemstillingar og utføre fysiske berekningar ved bruk av den kunnskapen studenten har tilegna seg innan klassisk mekanikk og relativitetsteori, elektromagnetisme, kvantemekanikk, statistisk fysikk, termodynamikk og kjerne- og partikkelfysikk.
- Teikne skisser som systematiserer problemstillingar i fysikkoppgåver
- Bruke grunnleggjande eksperimentell apparatur for målingar av fysiske størrelsar og gjere usikkerhetsoverslag
- Samanfatte laboratoriearbeid i ein skriftleg rapport
- Utføre sjølvstendig prosjektarbeid, og skrive og presentere avsluttande prosjektrapport i tråd med god vitenskapelig praksis
- Oppsøke og anvende kunnskapar i fysikk ut over det lærestoff som inngår i studiet

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Innføringsemne

Ex.phil, MAT 111, MNF 140

Obligatoriske emne

Krav til bachelorgraden i fysikk er ei spesialisering på til saman 90 studiepoeng, der 70 studiepoeng skal bestå av emna: PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114, PHYS117 og minst to av emna PHYS116, PHYS118 og PHYS119.

Fire av følgande fem matematikkemne er obligatoriske i graden: MAT11, MAT112, MAT121, MAT131 og MAT212.

I tillegg er INF109 og ExPhil obligatoriske emne i graden.

Rekkefølgje for emne i studiet

6. V	val/ utveksling	val/ utveksling	val/ utveksling
5. H	ExPhil	PHYS117	PHYS119/116
4. V	MAT121	PHYS114	PHYS118
3. H	MAT212	PHYS112	PHYS113
2. V	MAT112	MAT131	PHYS111
1. H	INF109	MAT111	PHYS109

Delstudium i utlandet

I dette bachelorprogrammet er det mulig å legge inn eit utanlandsopphald eller eit semester ved Universitetsenteret på Svalbard (UNIS). Eit eventuelt utanlandsopphald passar best i 6. semester. Det finst i dag mange alternativ for deg som ønskjer å ta eit semester eller to i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i fysikk vel vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passer best for våre studentar. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

Vurderingsformer

Obligatorisk undervisning og informasjon om evalueringsformer står beskrive under kvart enkelt emne.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Kandidatar med solide basiskunnskapar i matematikk og fysikk er ei mangelvare på arbeidsmarknaden, mellom anna i industrien, forskning, skuleverket og forvaltning. Institutt for fysikk og teknologi har ei sterk forankring i nysgjerrigdriven grunnforskning, som er heilt sentral for vår forståing av naturen, og som dessutan dannar grunnlaget for ny teknologi og med det utgjer ein viktig del av verdiskapinga i samfunnet.

For meir informasjon om yrket som fysikar, sjå: <http://utdanning.no/yrker/beskrivelse/fysiker>

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

studieveileder@ift.uib.no, Tlf: 55 58 27 66.

STUDIEPLAN FOR BAMN-GEOV BACHELORPROGRAM I GEOVITSKAP, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Innan det som i skulen vert definert som geofag er det to ulike bachelorprogram ved Universitetet i Bergen: Bachelorprogrammet i Meteorologi og oseanografi vert undervist ved Geofysisk institutt (Allégt. 70) og studerer havet og atmosfæren. Bachelorprogrammet i Geovitskap, som omtales her, tar for seg den faste jord si samansetning og utvikling, og vert undervist på Institutt for Geovitskap (Realfagbygget, Allegt. 41).

Programmet gir ei brei innføring i faget sine sentrale disipliner for å oppnå ei forståing av korleis jorda har endra seg i tid og rom på global, regional, og lokal skala. Konsekvensar dei geologiske prosessane har for miljø og klima, samt danning og utvinning av ressursar som olje og gass, er også viktige tema. Programmet i geovitskap gir, i likskap med programmet i petroleumsteknologi, utdanning som blant anna vil vere relevant for petroleumsindustrien.

Programmet har to studieretningar; geologi og geofysikk. Desse er nær beslekta, og geologar og geofysikarar arbeider mot dei same måla. Forskjellen er hovudsakleg knyta til at geofysikk i større grad nyttar fjernmåling av fysiske eigenskapar, som til dømes bølgeutbreiing (seismikk) og magnetiske, gravimetriske og elektriske felt for å studere jorda og hennar ressursar, mens geologi i større grad baserer seg på direkte observasjonar av bergartar og lausmasser i naturen.

Felles for begge studieretningar er at innsamling og analyse av felldata er eit sentralt element ved sidan av modellering og eksperimentelle og metodiske studium. Bachelorprogrammet kombinerer ein bred teoretisk plattform med praktisk arbeid gjennom ei rekke felt- og metodekurs der ekskursionar i inn- og utland inngår som ein viktig del av undervisninga.

Begge studieretningane er basert på eit felles grunnlag i geofysiske og geologiske disiplinar, samt emne i basisfag som matematikk, kjemi og fysikk, og i noen tilfelle også biologi, statistikk og informatikk. I frå 3. semester vel studentane i geofysikk mellom to ulike retningar som gir ulike emneval; anten mot geofagleg orientert problemløysing eller alternativt ei meir matematisk-fysisk retning mot teori og metodikk.

Læringsutbyte

Ved fullført bachelorstudium i geovitskap skal kandidaten kunne:

- Gjere greie for geofaget sin eigenart og utvikling
- Skildre jorda si oppbygging og dynamikk, samt dei indre og ytre prosessar som former jordskorpa
- Skissere hovudtrekka i jorda si geologiske utvikling i frå prekambrium til nåtid
- Gjere greie for dei mest vanlege geologiske og geofysiske undersøkingsmetodar
- Bruke bibliotek og vitskapelege databaser til innhenting av relevant informasjon
- Arbeide sjølvstendig og kunne delta i team
- Utføre laboratorie- og feltarbeid i samsvar med god HMS-praksis
- Bruke laboratorie-, felt- og IT-baserte teknikkar for å tileigne seg og bearbeide geovitskapelege data
- Anvende geofaglege kunnskarar i problemstillingar knyta til ressursar og miljø

Dersom studentane vel studieretninga innan geologi skal kandidatane i tillegg kunne:

- Beherske grunnleggjande feltmetodar for å framstille eit enkelt kvartær- eller berggrunnsgeologisk kart, sedimentologiske logger eller geologiske profiler på grunnlag av egne observasjonar
- Identifisere vanlige mineral og bergartar og forklare ein bergart si danning og utviklingshistorie
- Tolke sedimentære avsetningar og strukturer i forhold til paleomiljø

Dersom studentane vel studieretninga innan geofysikk skal kandidatane i tillegg kunne:

- gjengi dei fysiske lovene som styrer seismisk bølgeforplantning i jorda
- beskrive teori og anvending for innsamling, prosessering og tolking av seismiske data
- beskrive korleis marin seismikk og andre geofysiske teknikkar nyttas for å finne- og monitorere utvinning av olje og gassførekomstar
- forklare prinsipp- og anvendingsområde for dei ulike potensialfeltmetodane som nyttas innan geovitskap

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må realfagskravet (REALFA) være oppfylt. Matematikk R1 eller (S1+S2) + Matematikk (R1+R2) eller Fysikk (1+2) eller Kjemi (1+2) eller Biologi (1+2) eller Geofag (1+2) eller Teknologi og forskningslære (1+2)

Tilrådde forkunnskarar

Gode forkunnskarar i matematikk er eit føremonn. Vi tilrår matematikk på 3. klasse nivå. For studiar innan geofysikk retninga tilrår vi Fysikk (1+2). For studiar innan geologi retninga tilrår vi Kjemi (1+2).

Innføringsemne

Innføringsemna som er obligatorisk for studieprogrammet er Ex.phil og MAT111/MAT101

Obligatoriske emne

Krav til bachelorgraden i geovitskap er ei spesialisering på til saman 100 studiepoeng for geologiretninga og 120 studiepoeng for geofysikkretninga.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 1 på teksten du vil skal vises her.

For dei som vel geologiretninga inneheld spesialiseringa emna:

6. V	Val	Val	Val
5. H	GEOV107	GEOV106*	GEOV108*
4. V	GEOV104	GEOV109*	GEOV111
3. H	GEOV103	GEOV105	Val
2. V	GEOV101	GEOV102	MAT102
1. H	Ex.phil.	MAT101	KJEM100/ KJEM110

** To av emna GEOV106/GEOV108/GEOV109 er obligatoriske i spesialiseringsdelen.*

For dei som vel geofysikk retninga er de første to semestra like, men frå 3. semester kan studentane velje mellom to fordjupingar:

For fordjuping i geologisk retning inneheld spesialiseringa emna:

6. V	GEOV104	Val/ GEOV272**	Val/PHYS102
5. H	GEOV272**/ Val	GEOV107	GEOV103*/GEOV108*/ GEOV254*
4. V	GEOV102	MAT131	Val
3. H	GEOV112	GEOV113	Val/KJEM110/ MAT160
2. V	GEOV101	MAT121	GEOV111
1. H	Ex.phil.	MAT111	PHYS101

**Ett av emnene GEOV103/GEOV108/GEOV254 er obligatoriske i spesialiseringsdelen. **Emnet GEOV272 går både haust og vår og kan følges enten i 5. eller i 6. semester.*

For fordjuping i matematisk retning inneheld spesialiseringa emna:.

6. V	GEOV276	Val/PHYS102/ MAT230	Val
5. H	GEOV254	MAT212	Val/MAT236
4. V	MAT131	MAT112	Val
3. H	GEOV112	GEOV113	MAT160
2. V	GEOV101	MAT121	GEOV111
1. H	Ex.phil.	MAT111	PHYS101

Tilrådde valemne

For studentar som tek den geologiske retninga vert det anbefalt å ta en del basisfag som:

kjemi (KJEM 100, KJEM 110, KJEM 120, KJEM122, KJEM 130 og KJEM 131), matematikk (MAT 112, MAT 121, MAT 212), statistikk (STAT 101, STAT 110), fysikk (PHYS 101, PHYS 111), petroleumsteknologi (PTEK100), informatikk (INF 109) og biologi (BIO113).

For studentar som tek den geofysiske retninga, fordjupning geologi, vert det sterkt anbefalt å ta emna: KJEM110, MAT160, PHYS102.

For studentar som tek den geofysiske retninga, fordjupning matematikk, vert det sterkt anbefalt å ta emna: PHYS102, GEOV215, MAT230, MAT236. Utover dette vert det anbefalt å ta ein del basisfag som: fysikk (PHYS111, PHYS113), statistikk (STAT101, STAT110, STAT111), geologi (GEOV103, GEOV105, GEOV108), informatikk (INF109), matematikk (MAT112), petroleumsteknologi (PTEK100) og for nokre studentar kjemi (KJEM130, KJEM131).

Elles bør valemna velgast i forhold til planlagt fordjuping og eventuell masterstudium. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelgraden.

Rekkefølgje for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Delstudium i utlandet

Det er i dag moglegheiter for delstudiar i ulike deler av verden; Norden (København, Island), Europa (Nederland, Frankrike, Tyskland, Storbritannia), USA (Hawaii, Montana) og Australia. Studentar vert anbefalt å reise ut i 6.semester (retning geologi) eller 5.semester (retning geofysikk). Studium i utlandet krev ein del planlegging, ta derfor kontakt med studierettleiaren på programmet ditt så tidleg som mogleg. Verdt å nemne er Universitetsenteret på Svalbard (UNIS), som gir moglegheit for studiar i unike geologiske omgivingar. For innpassing av eit eller to semester ved UNIS, ta kontakt med studierettleiar.

Undervisningsmetodar

Undervisningsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderingsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Karakterskala for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan geovitskap avhengig av fordjuping. For å bli tatt opp til eit masterprogram skal gjennomsnittskarakter på spesialiseringa i bachelorgraden være C eller betre.

Relevans for arbeidsliv

Studiet gir kunnskap og kompetanse som kvalifiserer for ulike yrke. Sentrale arbeidsområde er ressursforvaltning, leiting og utvinning av olje og gass, samt klima og miljø. I skuleverket er "Geofag" eit linjefag i den vidaregåande skulen. Geovitskaplege kandidatar er etterspurde innan forskning (private og offentlege institusjonar), petroleumsindustrien, private bedrifter, konsulentverksemdar, offentlig forvaltning (kommune, fylke, stat) og skoleverket.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerleg evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for geovitskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: Studierettleiar@geo.uib.no

STUDIEPLAN FOR BATF-IMØ BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK-MATEMATIKK- ØKONOMI, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i informatikk-matematikk-økonomi har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

På bachelorstudiet i informatikk-matematikk-økonomi, lærer du korleis du modellerer økonomiske problemstillingar med metodar frå matematikk, statistikk, informatikk og samfunnsøkonomi. Utdanninga gir deg innsikt i alle desse faga slik at du kan analysere og modellere ein konkret situasjon. I dei tre første semestra følgjer du emne frå alle dei tre fagområda, og i dei tre siste semestra spesialiserer du deg i samfunnsøkonomi, statistikk eller informatikk.

Samfunnsøkonomi dreier seg om korleis vi faktisk brukar ressursane våre, som til dømes arbeidskraft og produksjonsutstyr. Men faget tar også opp korleis vi *bør* bruke ressursane våre. Døme på problemstillingar er kva som er samanhengen mellom arbeidsløyse og inflasjon, og kva som er "rett" billettpris på bussen. I statistikk brukt på økonomi ønskjer vi å beskrive samanhengar kvantitativt med matematiske uttrykk. På det grunnlaget lagar vi så prognosar. Det kan gjelde renta på studielånet eller mengda av torsk nokre år fram i tida. Dei fleste konstantane som inngår i formlane, er funne ved å studere korleis fenomen har utvikla seg i fortida. Det er klart at dei er usikre, og denne uvissa forplantar seg i prognosane. Statistiske metodar hjelper oss til å ha ei meining om kor sikre slike prognosar er. På studiet i informatikk lærer du korleis du kan modellere ulike problemstillingar ved bruk av datamaskinar. Vi legg vekt på programmering og utvikling av effektive metodar for å løyse problema. Modelleringa kan utformast ved hjelp av eit datamaskinprogram eller som ein matematisk formulering. Implementering av løysingsmetodane på datamaskin står sentralt i studiet.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i informatikk-matematikk-økonomi skal kandidaten kunne:

Kunnskapar:

- Ha bred kunnskap om fagfelte informatikk, statistikk og økonomisk teori.
- Kunne formidle grunnleggande innsikt frå modellane på en intuitiv måte.
- Kunne matematiske, statistiske og programmeringsmessige ferdigheter for å kunne modellere økonomiske problemstillingar

Ferdigheter:

- Bruke et bredt spekter av metodar frå statistikk og informatikk for analyse og modellbygging av økonomiske problemstillingar
- Mestre klassiske matematiske felt som kalkulus og lineær algebra samt grunnleggande programmering
- Kunne delta i prosjekt i systemutvikling og programmering

Generell kompetanse:

- Ha eit kritisk og analytisk blick på eige og andre sitt arbeid.
- Kunne arbeid både sjølvstendig og i grupper med andre.
- Kunne innhente og bearbeide relevant data med bruk av metodar frå informatikk og statistikk.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorprogrammet i informatikk-matematikk-økonomi bygger på Matematikk R1+R2. Gode mattekunnskapar er derfor tilrådd.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., MAT101/MAT111, INF100, MAT112, MAT121, ECON110, STAT110, ECON210, INF170.

Med spesialisering i statistikk: MAT131/ECON261/ECON361, STAT111, MAT160, ECON340, STAT220, STAT210

Med spesialisering i samfunnsøkonomi: STAT111/STAT200, ECON130, ECON340, ECON230, ECON290

Med spesialisering i informatikk: MNF130, STAT111, INF101, ECON310, INF270, INF102

Spesialisering

Krav til bachelorgraden i informatikk, matematikk og økonomi er følgjande emne: Dei tre første semestra består av innføringsemnet Ex.phil. og følgjande fagemne: MAT111, INF100, MAT112, MAT121, ECON110, STAT110, ECON 210, INF170.

Frå fjerde semester veler studentane ei av tre fordjupingar som gir grunnlag for å søke opptak til mastergrad.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 1 på teksten du vil skal vises her.

I fordjupingane inngår desse emna i spesialiseringa:

- Statistikk: STAT111, MAT160, ECON340, STAT220, STAT210, MAT131.
- Samfunnsøkonomi: STAT200/STAT111, ECON130, ECON340, ECON230, ECON290. I tillegg må eit av valemna være eit ECON-emne.
- Informatikk: MNF130, STAT111, INF101, ECON310, INF270, INF102. I tillegg må eit av valemna være eit INF-emne.

Tilrådd studieplan		Statistikk	Samfunnsøkonomi	Informatikk
Fordjuping	6. V	STAT210	ECON290	Val
		Val	Val	Val
		Val	Val	Val
	5. H	STAT220	ECON230	INF102
		ECON340	ECON340	INF270
		MAT160	Val	ECON310
	4. V	STAT111	ECON130	INF101
		MAT131 eller ECON261/361*	STAT200/ STAT111	STAT111
		Val	Val	MNF130
	Felles Del	3. H	STAT110	ECON210
2. V		MAT112	MAT121	ECON110
1. H		Ex. Phil.	MAT111	INF100

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge er oppgitt under Spesialisering.

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet.

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førelesningar, laboratoriearbeid og seminar. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer: bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F.

Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk blir utstedt når kravene til graden er fullført.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Både offentlig sektor og privat sektor har behov for økonomar med solid bakgrunn innanfor matematikk, informatikk, statistikk og økonomi. Naturlege arbeidsplassar for ferdige kandidatar er bank- og forsikringsnæringa, IKT-næringa, offentlig forvaltning, forskning og undervisning.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Institutt for informatikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@ii.uib.no, Tlf 55 58 42 86

STUDIEPLAN FOR BAMN-KJEM BACHELORPROGRAM I KJEMI, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Oppstart haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i kjemi gir ei grundig innføring i de ulike retningane innan kjemifaget, både i forhold til den tradisjonelle inndelinga i organisk, uorganisk, fysikalsk og teoretisk kjemi og i forhold til moderne, tverrfaglig bruk av kjemikunnskap. Den praktiske dimensjonen i kjemifaget blir dekkja i laboratoriekurs som gir grundig opplæring i syntese, analyse og fysikalske målingar. Støttefag innan matematikk, fysikk og molekylærbiologi gir breidda som trengs for å vurdere kjemiske perspektiv i større problemstillingar, og kommunisere kjemi i ulike samanhengar.

Læringsutbyte

Ein kandidat med bachelorgrad i kjemi skal

- vise kunnskap om og forståing for grunnleggande prinsipp, konsept og teoriar innan kjemi
- kunne bruke kjemisk terminologi og beskrive grunnleggande reaksjonstypar og deira eigenskapar
- kunne greie ut om stoffa sine karakteristiske eigenskapar og bindingstypar ut frå deira oppbygging og plassering i det periodiske system
- kunne gjere greie for teoriar om tilstanden til stoffa, og for atomar og molekyl si oppbygging ut frå kvantemekanisk forståing
- ha kunnskap om trygg handtering av kjemiske stoff basert på deira eigenskapar og moglege risikofaktorar i bruk, og kunne utføre ei risikovurdering for bruk av gitte kjemiske stoff
- kunne utføre syntesar av organiske og uorganiske stoff
- kunne bruke vanleg analytisk instrumentering til å identifisere organiske og uorganiske stoff
- kunne undersøke og dokumentere kjemiske eigenskapar til eit gitt system på ein systematisk og reproduserbar måte, og tolke resultata i forhold til relevante teoriar
- kunne nytte denne kunnskapen og forståinga til å løyse kjente kvantitative og kvalitative problemstillingar
- kunne tolke, evaluere og samanstille kjemisk informasjon og data
- kunne definere og bruke gode prinsipp for måleteknikk og evaluering av måleresultat
- kunne nytte og evaluere data stringent
- kunne presentere resultat frå kjemiske undersøkingar munnleg og skriftleg

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Bakgrunn tilsvarende Kjemi (1+2) tilrådest.

Innføringsemne

I det første semesteret av studiet tek du tre innføringsemne, kvart på 10 studiepoeng. Desse emna er examen philosophicum, eit innføringsemne i matematikk og eit emne i kjemi. Innføringsemnet i kjemi introduserer deg for kjemien sine ulike aspekt sett frå eit fysikalsk perspektiv, kombinert med mange eksempel henta frå daglegliv, industri og natur. Det er to ulike kjemiemne for studentar med og utan/svak bakgrunn i kjemi frå vidaregåande skule.

Obligatoriske emne

Krav for å oppnå bachelorgrad i kjemi er totalt 180 studiepoeng der 90 studiepoeng (1½ års studium) er spesialisering innan kjemi, 50 studiepoeng er obligatoriske emne som inkluderer innføringsemne i matematikk og ex.phil, matematikk-/informatikk-/statistikkemne, fysikk og molekylærbiologi og 40 studiepoeng er frie valemne.

Spesialisering i kjemi (90 studiepoeng): KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM140, KJEM210, KJEM250, KJEM299.

Obligatoriske innføringsemne (20 studiepoeng): MAT101/MAT111, Ex.phil

Obligatoriske emne i tillegg til spesialiseringa (30 studiepoeng): PHYS102(/PHYS112), MOL100, MAT/STAT/INF-emne (minst eitt av emna MAT102, MAT121, STAT101, STAT110 eller INF109. MAT102 eller MAT121 vert sterkt tilrådd for dei fleste spesialiseringsområda i mastergrad).

Frie valemne (40 studiepoeng): Det er sterkt anbefalt å velje PHYS101 i tredje semester for å ha eit godt grunnlag for å ta PHYS102 i fjerde semester.

Oppbygginga av bachelorprogrammet i kjemi:

6.V	KJEM250	KJEM299	KJEM298/ val
5.H	KJEM210	Val	Val
4.V	KJEM122	KJEM140	PHYS102
3.H	KJEM120	KJEM131	(PHYS101 tilrådas) Val
2.V	KJEM130	MOL100	MAT/STAT/INF-emne
1.H	Ex. Phil	MAT101/111	KJEM110

Tilrådde valemne

Val av frie valemne (totalt 40 studiepoeng): I det første semesteret blir studentar med mangelfull kjemibakgrunn frå vidaregåande skule anbefalt å velje KJEM 100. Dette emnet kan inngå som fritt valemne i bachelorgrad i kjemi. Studentar med Kjemi 2 eller god bakgrunn frå Kjemi 1 blir anbefalt å starte direkte på emnet KJEM110 som inngår som obligatorisk emne i bachelorgraden. Det er sterkt anbefalt å velje PHYS101 som fritt valemne i tredje semester for å ha eit godt grunnlag for å ta PHYS102 i fjerde semester. Valemna bør elles veljast i forhold til planlagt masterstudium. For studentar som vurderer å fortsetje på masterprogram i kjemi, er det nyttig å bruke

valemna til å oppnå ein fagprofil i tråd med ynskje for masteroppgåve. Nokre få av dei obligatoriske emna på mastergrad vert undervist berre kvart andre år. For dei som ønskjer å gå vidare på mastergrad, kan det i nokre tilfelle vere naudsynt å leggje nokre av desse som valemne heilt på slutten av bachelorprogrammet.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Delstudium i utlandet

Du kan bruke valfridommen i programmet til eit utanlandsopphald. Vi har i dag avtaler med fleire universitet i Europa m.a. Tyskland og Danmark. Her kan du ta eit delstudium som blir integrert i graden din.

Undervisningsmetodar

Læremiddel som blir brukt i programmet står omtala under kvart einskild emne.

Vurderingsformer

Vurderingsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Karakterskala for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Med kjemiutdanning vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar:

Kjemisk industri, petroleumsindustri, matvareindustri, helsesektor, forskning, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvaltning.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet: post@kj.uib.no

Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studierettleiar@kj.uib.no, Tlf 55 58 34 45

STUDIEPLAN FOR BAMN-MATEK BACHELORPROGRAM I MATEMATIKK FOR INDUSTRI OG TEKNOLOGI, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i matematikk for industri og teknologi er 3-årig (180 studiepoeng). Målgruppa for programmet er studentar med ei interesse for matematikk og eit ønske om å nytte denne til å løyse utfordringar innan teknologi og naturvitskap. Stadig fleire problem av praktisk og samfunnsmessig innverknad er i skjæringspunktet mellom matematikk, informasjonsteknologi og anvendingar. I dag vert det nytta matematiske modellar innan medisin, økonomi og samfunnsfag.

Studiet tek for seg både det teoretiske og metodiske grunnlaget for anvend matematikk, og korleis problem innan naturvitskap og teknologi kan klargjerast med matematiske teknikkar og simuleringar. Denne løysingsprosessen går frå fysisk fenomen via matematiske modellar til løysingsmetodar som er eigna for datamaskiner. Ved å fokusere på matematikken som ligg bak kvart av trinna, gjev studiet ei grunnleggjande forståing av korleis matematikk kan verke som ei drivkraft innan ulike fagfelt. Slike kunnskapar er ettertrakta i industri, næringsliv og det offentlege, og studiet gjev dermed stor fleksibilitet med tanke på framtidige jobbmoglegheiter. Studiet leier naturleg til ein mastergrad i Anvend og utrekningsorientert matematikk, men det vil og kvalifisere for fordjupingar innan andre retningar av matematikk, og gi eit solid grunnlag for masterstudiar i nærliggjande fag.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelor i Matematikk for industri og teknologi skal studentane kunne:

Kunnskapar:

- tileigne seg og anvende kunnskap i grunnleggjande matematisk teori som kalkulus, lineær algebra og differensiallikningar.
- greie ut om kompliserte, praktiske problemstillingar, kjenne att struktur og formulere problemet matematisk.
- beskrive matematiske modellar i fysikk og naturvitskap.

Ferdigheter:

- meistre grunnleggjande matematiske felt som kalkulus og lineær algebra
- programmere, tolke data og ha overordna kunnskap om korleis datamaskina fungerer.
- identifisere eigna analytiske og/eller numeriske løysingsmetodar og tolke løysingane.
- bruke statistiske og numeriske metodar.
- bruke eit vidt spekter av metodar og teknikkar for analyse og problemløysing innanfor matematikk, numeriske metodar og modellering.

Generell kompetanse:

- samarbeide, også på tvers av faggrenser, med andre fagspesialistar.
- formulere seg godt, på ein vitskapleg måte, både skriftleg og munnleg.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg er det krav om realfag (REALFA).

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Krav til bachelorgraden i matematikk for industri og teknologi er ei spesialisering på til saman 100 studiepoeng som består av følgjande emne: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT131 Differensiallikningar I, STAT110 Grunnkurs i statistikk, INF100 Grunnkurs i programmering, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT160 Reknealgoritmar I og PHYS111 Mekanikk I (som i enkelte tilfelle kan erstattast med eit anna naturvitskapleg kurs).

I tillegg er det krav om eit prosjektskrivekurs MAT264/MAT292, eller eit tilsvarande prosjektarbeidkurs av eit omfang på 10 studiepoeng.

Tilrådde valemne

Studentane står fritt når det gjeld val av andre emne, men ein bør velje støttefag med tanke på kva som trengst på arbeidsmarknaden, eller med tanke på fagleg retning på det vidare studiet. Valemne bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Det er tilrådd at studentane tar kontakt med studierettleiar allereie tidleg i studiet.

Tilrådde valemne for bachelorprogrammet med tanke på master i anvend og utrekningsorientert matematikk eller medisinsk biologi er MAT213 Funksjonsteori, MAT252 Kontinuumsmekanikk, MAT260 Reknealgoritmar 2 og minst eit av MAT211 Reell analyse, MAT230 Ikkje-lineære differensiallikningar eller MAT234 Partielle differensiallikningar.

Avhengig av valemner vil bachelorprogrammet kunne kvalifisere for opptak til masterprogram i statistikk, petroleumsteknologi, energi, matematikk (algebra/algebraisk geometri, matematisk analyse, topologi og skoleretta matematikk) eller nanovitskap. Nærare informasjon er å finne under dei einskilde masterprogramma.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd studieplan for bachelorgrad i matematikk for industri og teknologi:

6	vår	MAT264	Val	Val
5	høst	STAT110	Val	Val
4	vår	PHYS111	Val	Val
3	høst	MAT160	MAT212	Val
2	vår	MAT112	MAT121	MAT131
1	høst	Ex.phil.	MAT111	INF100

Delstudium i utlandet

Valfridommen i slutten av programmet kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finst i dag mange alternativ for studentar som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i matematikk for industri og teknologi er det valt ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passar best for studentane våre. På den måten er det mogleg å få tilbod om eit tilrettelagd utanlandsopphald som blir integrert i graden.

Vurderingsformer

Vurderingsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet kan være muntlig eller skriftlig eksamen. De fleste emner har også innleveringer av oppgaver gjennom semesteret. Vurderingsformen for hvert emne er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for videre studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må studenten oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Kunnskapane studenten tileignar deg på studiet kan verte anvend i heilt ulike fagfelt. Dette gjer stor fleksibilitet med tanke på jobbmoglegheiter. Bachelorprogrammet kan byggast ut med eit masterstudium i Anvend og utrekningsorientert matematikk eller andre masterprogram.

Anvendte matematikar jobbar med blant anna teknologiutvikling, risikoanalyse, ressursforvaltning, forskning, undervising og leiing. Nokre veljar ein forskingskarriere innan universitet, høgskule eller forskingsinstitutt. Andre aktuelle arbeidsplassar er til dømes Statens kartverk, Det Norske Veritas og Statistisk sentralbyrå

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 1 på teksten du vil skal vises her.

Trenden med eit aukande fokus på kvantitativ informasjon vil i framtida gi stor moglegheit innan nye fagfelt som forvaltning og samfunnsplanlegging. Nettstaden <http://www.uib.no/math/utdanning/karriereportalen> gjer informasjon og eksempel på kva for arbeid ein kan få med ei utdanning innan matematikk.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret ved Matematisk institutt har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Eventuelle spørsmål kan sendes til studierettleiar: Studierettleiar@math.uib.no, Tlf 55 58 28 34.

STUDIEPLAN FOR BAMN-MAT BACHELORPROGRAM I MATEMATIKK, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i matematikk gjev ein generell bakgrunn i matematikk. Studiet gir trening i abstrakt tenking, og i å analysere problem av matematisk art, kor løysningsmetoden ikkje nødvendigvis er kjend. Under studiet vil studentane utvikle ei evne til å sjølv setja seg inn i nye område og i å formidle matematikk.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelor i matematikk kan studentane:

Kunnskapar:

- tileigna seg og anvende kunnskap i grunnleggjande matematisk teori som kalkulus, lineær algebra, algebra, reell analyse og elementær topologi.
- bruke og greia ut om eit vidt spekter av metodar og teknikkar for analyse og løysing av matematiske problem.
- gjere reie for teori og korleis denne kan brukast til utvikling av nye metodar og teknikkar.
- oppsummere abstrakte delar av faget.

Ferdigheiter:

- meistre grunnleggjande matematiske felt som matematisk analyse og algebra.
- bruka metodar frå fleire greiner av matematikk.
- gå inn i kompliserte problemstillingar, kjenne att struktur og formulere eit problem matematisk, finne fram til eigna løysingsmetodar og tolke løysingane.
- løyse problem med ulike matematiske teknikkar.
- argumentere matematisk presist og presentere prov og klare resonnement.

Generell kompetanse:

- formulere seg på ein vitenskapleg måte, både skriftleg og munnleg.
- bedømme om eit matematisk argument er korrekt.
- arbeide sjølvstendig og i gruppe.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og REALFA: Matematikk R1 eller (S1+S2) **OG** fordjuping i eitt realfag (R1+R2) eller FYS(1+2) eller KJE(1+2) eller BIO(1+2) eller INFO(1+2) eller GEO(1+2) eller TEK(1+2).

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Bachelorprogrammet i matematikk inneheld 90 studiepoeng med fagleg spesialisering som består av følgjande emne: [MAT111](#) Grunnkurs i matematikk I, [MAT112](#) Grunnkurs i matematikk II, [MAT121](#) Lineær algebra, [MAT211](#) Reell analyse, [MAT212](#) Funksjonar av fleire variable, [MAT220](#) Algebra, [MAT292](#) Prosjektarbeid i matematikk og minst eit av emna [MAT213](#) komplekse funksjonar, [MAT224](#) Kommutativ algebra, [MAT242](#) Topologi og/eller [MAT243](#) Mangfaldigheit. Det niande kurset kan veljast fritt innan emne med MAT, STAT eller INF-kode.

I tillegg kjem eit breiddekrav som seier at minst 10 studiepoeng av dei 80 valfrie studiepoenga må veljast blant emne som ikkje har MNF, MAT eller STAT i emnekoden.

Dei siste studiepoenga kan veljast frå andre fag, eller dei kan brukast til vidare spesialisering i matematikk.

Tilrådde valemne

Valemne bør veljast med tanke på vidare studiar. Spesielt tilrås det å velje fag slik at opptakskrava til alle mastergrader innanfor matematikk er oppfylt.

Som val i 1. semester tilrås innføringsemne i statistikk, informatikk eller andre realfag. Det er og mogleg å velje [MAT221](#) Diskret matematikk. Ein kan gjerne ta fleire emne innan same fagområdet i løpet av dei neste semestra. For å bli lærar trengst i tillegg undervisningskompetanse i eit anna fag enn matematikk, med minst 60 studiepoeng i dette faget.

I andre semester er [MAT131](#) differensiallikningar tilrådd.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge av emne er gitt i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt krav til forkunnskap eller tilrådde forkunnskapar på emna.

6	vår	MAT292	MAT243*	Val
5	høst	MAT224*	MAT242*	Val
4	vår	MAT220	MAT213*	Val
3	høst	MAT211	MAT212	Val
2	vår	MAT112	MAT121	Val
1	høst	Ex.phil.	MAT111	Val

* berre eitt av desse fire kursa trengs for å oppnå bachelorgrad i matematikk.

Delstudium i utlandet

Valfridommen i programmet kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finst i dag mange alternativ for studentar som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i matematikk er det valt ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passar best for studentane våre.

Vurderingsformer

Vurderingsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet kan være munnleg eller skriftlig eksamen. De fleste emnar har også innleveringer av oppgåver gjennom semesteret. Vurderingsformen for kvart emne er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må studenten oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskaraktar på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Ei naturleg fortsetjing på bachelorstudiet er å fullføre ein mastergrad i matematikk, med dei jobbmoglegheitene det gjev. Ein bachelorkandidat i matematikk vil ha utvikla ei evne til å kunne analysere og løyse matematiske problemstillingar som måtte dukke opp på ein arbeidsplass. Dette gjer kandidaten til dømes eigna til å arbeide i utviklingsavdelinga hjå ei bedrift innan kommunikasjon, finans og teknologi. Som bachelor må det reknas med meir spesialisering vidare internt på arbeidsplassen, men kandidaten vil stille med eit betre teoretisk fundament enn mange av kollegaene. Skuleverket har bruk for lærarar med matematikk-kompetanse på alle nivå. For å bli lærar, trengs det i tillegg praktisk-pedagogisk utdanning.

Programansvarleg

Programstyret ved Matematisk institutt har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Eventuelle spørsmål kan sendes til studierettleiar på programmet: Studierettleiar@math.uib.no, Tlf 55 58 28 34.

STUDIEPLAN FOR BATF-MIRE BACHELORPROGRAM I MILJØ- OG RESSURSFAG, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Oppstart haust

Mål og innhald

Bachelorprogrammet i miljø- og ressursfag er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet inneholder 30 studiepoeng på førstesemesterstudium, 90 studiepoeng med fordjuping innanfor et fag eller en godkjent fagkombinasjon (1 ½ års studium), og 60 studiepoeng frå andre fag. Studentane veler emnekombinasjonane sine blant de tilbod som til en kvar tid blir gitt, og/eller emnar som er godkjent som likeverdige.

Programmet kombinerer miljø- og ressursemnar både frå naturvitskapane og frå faga økonomi, historie, geografi og psykologi, og involverer fem fakultet. Gjennom stor grad av fridom til å velje gir moglegheit for kombinasjon av emnar som gir grunnlag for opptak til masterstudiar i fleire fag.

Tilnærming til mange samfunnsorienterte problemområder krev brei kompetanse basert på kunnskap frå fagdisipliner som finnes ved fleire fakultet ved Universitetet i Bergen. Programmet er basert på ei slik erkjenning. Både sjølve samfunnet og dei utfordringar samfunnet møter, er i stadig endring. Dette setter krav til bred kompetanse for å auke evna til tilpassing og fleksibilitet både hos enkeltpersoner, i yrkesutøvinga og for samfunnet generelt.

Studieprogrammet skal fylle følgjende behov:

- Styrke studentens tverrfaglige bakgrunn.
- Betre eigenkompetanse for vidare val.
- Auke anvendegheita av kandidatanes kompetanse for næringsliv og for offentlig forvaltning.
- Betre samfunnets tilgang på faktisk tverrfaglig kompetanse på høgt nivå.
- Framheve betydinga av tverrfakultær tilnærming til samfunnsaktuelle problemstillingar.
- Tilby en bachelorgrad som kan være grunnlag for fleire ulike mastergrader.

Læringsutbytte

Etter å ha fullført bachelorstudiet i Miljø- og ressursstudiar skal kandidaten kunne:

- Gjøre greie for
- Grunnleggjande rammer og prosesser som styrer og driver utviklinga i natur- og samfunnsøkonomiske system.
- Ulike aspektar av den globale miljøutviklinga.
- Samanhengar mellom menneskelige aktiviteter og globale miljøendringar.
- Sentrale problemstillingar og paradigmer i miljø- og ressursforvaltninga.
- Det teoretiske grunnlaget for planlegging og forvaltning av miljø og ressursar.
- Anvende det tverrfaglige teorigrunnlaget om natur-, samfunns- og forvaltningssystem til å foreta:
- Heile vurderingar og analyser av problemstillingar knyta til bruk og forvaltning av miljø- og ressursar.
- Kritiske vurderingar og analyser av forvaltningspraksis, planarbeid og løysningsmodeller i forbindelse med miljø- og ressurssspørsmål.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Krav til bachelorgraden i miljø- og ressursfag er en spesialisering på tilsamen 90 studiepoeng. Emna i bærekraftig utvikling (MNF 115), kjemi (KJEM 100), Miljøforvaltning og planlegging (GEO 281), samt økonomi (ECON 100) er obligatoriske. Studenten skal vidare vele to emnar (tverrfag 1 og 2, kvart 10 stp) for å auke tverrfakultær bakgrunn blant fleire val: Miljø- og ressursøkonomi (ECON 216), Miljøetikk (FIL236) og Miljø, klima og menneskets historie (MNF110). I tillegg skal det veles 30 stp (spes. val 1, 2 og 3) innan spesifiserte miljø- og ressursemnar frå en valt fordjuping. Eksemplar på fordjupingar er biologi, geografi eller samfunnsøkonomi. Valfridomen er altså stor og vil kunne gi kombinasjonar som tilfredsstillar krav til opptak på ulike masterstudium. Semester for valfrie emnar tilpassas tilgjengelegheit og egne ynskjer. Studentar som skal gå vidare på realfagsstudiar må fylle deira opptakskrav (for eksempel matematikk), mens studentar frå andre fakultet vil få dispensasjon frå kravet. Delstudium i utlandet anbefalas i 5. og 6. semester.

Rekkefølgje for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 1 på teksten du vil skal vises her.

Tilrådd studieplan (naturvitenskapelig retning):

Grunnlag for opptak til master i biologi:

6.V	MOL100	FIL236	Val
5.H	GEO281	PHYS101	STAT101/110
4.V	BIO103	BIO104	Val
3.H	MAT101/MAT111	BIO100	BIO102
2.V	Ex. Phil	MNF110	BIO101
1.H	ECON116	KJEM100	MNF115

Tilrådd studieplan (naturvitenskapelig retning):

Grunnlag for opptak til master i kjemi:

6.V	KJEM250	FIL236	KJEM299
5.H	GEO281	KJEM210	STAT101/110
4.V	MNF110	KJEM140	KJEM122
3.H	MAT101/MAT111	KJEM120	KJEM131
2.V	Ex. Phil	KJEM110	KJEM130
1.H	ECON116	KJEM100	MNF115

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 1 på teksten du vil skal vises her.

Tilrådd studieplan (samfunnsvitskapeleg retning):

Grunnlag for opptak til master i samfunnsøkonomi:

6. V	ECON290	Val	Val
5. H	Val	GEO281	ECON240
4. V	Ex.Phil	MNF110	FIL236
3. H	ECON230	ECON210	Val
2. V	ECON110	ECON1407 ECON141	ECON130
1. H	MNF115	ECON116	KJEM100

Tilrådd studieplan (samfunnsvitskapeleg retning):

Grunnlag for opptak til master i geografi:

6. V	GEO282/221/ 213/231	GEO214	GEO291/292
5. H	Val	Val	Val
4. V	MNF110	FIL236	Ex. Phil
3. H	GEO113/GEO131	GEO110	GEO281
2. V	GEO124 (15)		GEO111
1. H	KJEM100	ECON116	MNF115

Delstudium i utlandet

Det finnes i dag mange alternativ for de som ynskjer å ta et semester eller to av utdanninga sin i et anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i miljø- og ressursfag veler vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversiteter for å finne det fagtilbodet som er best for våre studentar. På den måten får du tilbod om et tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

Vurderingsformer

Obligatorisk undervisning og informasjon om evalueringsformer står beskrive under kvart enkelt emne.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Programmet vektlegger økt samfunnsorientering, erkjenning av betydinga av fleirfaglig og tverrfaglig orientering til problemløysning, og fører til breiare kompetanse og økt anvendbarhet for næringsliv og forvaltning.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studie@bio.uib.no, Tlf 55 58 44 00

STUDIEPLAN FOR BAMN-MOL BACHELORPROGRAM I MOLEKYLÆRBIOLOGI, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Mål

Målet med studieprogrammet er å gje studentane ei brei og basal forståing av molekylærbiologiske metodar og tenkemåtar basert på kjemisk analyse slik at dei kan bruka kunnskapen til undervisning i molekylærbiologi, byrje å arbeide i eit laboratorium eller til vidare studiar i molekylærbiologi eller tilgrensande fag som biologi, kjemi eller biomedisin.

Innhald

Studiet gjev ei oversikt i moderne molekylærbiologi og tek opp tema som metabolisme, molekylær cellebiologi, eksperimentell molekylærbiologi, genstruktur- og funksjon og anvendt bioinformatikk.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i molekylærbiologi skal kandidaten kunne:

Kunnskapar

- klargjere strukturell mikroskopisk og makroskopisk organiseringar av biologiske system
- kjenne molekylærbiologisk terminologi
- forstå sentrale metabolske prosessar og korleis genetisk informasjon vert omsett i cella
- gje ei oversikt av viktige molekylærbiologiske og biokjemiske metodar og dei fysikalske prinsippa for desse
- kunne forstå samanhengen mellom genotype og fenotype
- ha forståing av verdien til bioinformatisk analyse og til ei viss grad kunne utføre slik analyse
- ha fordjupa seg i nokre sentrale molekylærbiologiske arbeidsområde

Ferdigheiter

- forklare generelle kjemiske omgrep og samanhengane mellom desse i ein biologisk kontekst
- utføre eksperimentelt molekylærbiologisk arbeid
- bruke bibliotek og vitenskaplege databasar til å hente inn relevant informasjon
- skrive eit essay om eit molekylærbiologisk tema

Generell kompetanse

- gjere greie for molekylærbiologifaget sin eigenart og utvikling
- ha ei forståing for biologisk evolusjon
- ha kjennskap til molekylærbiologiske modellorganismar
- formidle molekylærbiologiske tema opp til bachelorgradsnivå

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og REALFA: Matematikk R1 eller (S1+S2) OG fordjuping i eitt realfag (R1+R2) eller FYS(1+2) eller KJE(1+2) eller BIO(1+2) eller INFO(1+2) eller GEO(1+2) eller TEK(1+2).

Vi tilrår at du har kunnskapar som svarar til Kjemi 1+2 og/eller Biologi 1+2 og Matematikk R1.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil., MAT101/MAT111, MOL100, MOL200, MOL201, MOL221, MOL222, MOL203, MOL204, KJEM110, KJEM130, eitt valemne i kjemi og eitt valemne i statistikk eller matematikk.

Spesialiseringa i bachelorprogrammet i molekylærbiologi er på til saman 110 studiepoeng som består av følgjande emne: MOL100, MOL200, MOL201, MOL221, MOL222, MOL203, MOL204, KJEM110, KJEM130, eitt valemne i kjemi og eitt valemne i statistikk eller matematikk.

Tilrådde valemne

Følgjande emne er tilrådde valemne i studieprogrammet: MOL231 og MOL270. Andre relevante valemne: KJEM131, KJEM120, KJEM122, KJEM140, KJEM202, KJEM210, KJEM260, BIO100, BIO101, BIO216, BIO271, INF109, PHYS101, MAT102, MAT121, STAT101 og STAT110. Andre emne i kjemi, matematikk, statistikk, informatikk, fysikk og biologi med meir kan òg vere relevante. Studentane står fritt til å gjere andre val av emne.

Rekkefølge for emne i studiet

Studieveg 1: For studentar som ikkje har 3KJ eller tilsvarande

6 V	Val	Val	Val
5 H	Val	MOL204	MOL203
4 V	MOL222	MOL221	MOL201
3 H	Val	Val MAT121/ STAT101/ STAT110	MOL200
2 V	KJEM110	KJEM130	MOL100
1 H	Ex. phil.	MAT111/ MAT101	KJEM100

Studieveg 2: For studentar som har 3KJ eller tilsvarande

6 V	Val	Val	Val
5 H	Val	MOL204	MOL203
4 V	MOL221	MOL221	MOL201
3 H	Val	Val MAT121/ STAT101/ STAT110	MOL200
2 V	KJEM130	KJEM Val	MOL100
1 H	Ex. phil.	MAT111/MAT101	KJEM110

Delstudium i utlandet

Studieprogrammet har lagt til rette for at studentane kan ta delar av studiet ved lærestader i utlandet.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gjev grunnlag for masterstudiar innan relevante fagområde. For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Med utdanning innan molekylærbiologi kan du arbeide innan forskning og undervising på universitet og statlege høøgskular, universitetssjukehus og andre større sjukehus. Molekylærbiologar jobbar òg innan til dømes matforskning, petroleumindustri, marin forskning, rettsgenetikk. Miljøforskning, medisinsk, farmasøytisk og bioteknologisk industri og forskning er òg aktuelle arbeidsfelt.

Med ein bachelorgrad i molekylærbiologi har du eit godt grunnlag for å gå vidare på masterstudium i molekylærbiologi eller andre tilknytte fagområder. Dersom du avsluttar studiane etter fullført bachelorgrad, er det breidda i realfagsbakgrunnen som er ditt største konkurransefortrinn.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Molekylærbiologisk institutt har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

STUDIEPLAN FOR BAMN-NANO BACHELORPROGRAM I NANOTEKNOLOGI, HAUST 2015

Namn på grad

Bachelor i naturvitskap.

Omfang og studiepoeng

Bachelorprogrammet i nanoteknologi har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.

Fulltid/deltid

Fulltid.

Undervisningsspråk

Norsk.

Studiestart - semester

Oppstart haust.

Mål og innhald

Mål

Studiet har som mål å gi teoretisk forståing og praktisk kompetanse innan den naturfaglege basisen for nanoteknologi. Vidare skal studiet gi innføring i det særmerkte for nanovitskap og nanoteknologi, gjennom døme og arbeid på moderne laboratorium. Studenten vil også møte etiske og samfunnsmessige problemstillingar knytt til teknologi.

Innhald

Teknologiske nyvinningar har gjort det råd å måle og systematisk endre strukturar og prosessar som skjer på ein skala frå 0,1 til 100 nanometer. Dette opnar for heilt spesielle eigenskapar som ofte er styrt av kvantemekanikken sine lover. Medan nanovitskapen er oppteken av korleis ein kan oppnå ønskte eigenskapar gjennom manipulasjon på nanometer-skala, handlar nanoteknologi om praktisk utnytting av material, strukturar og komponentar basert på nanovitskap.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelorgrad i nanoteknologi skal kandidaten kunne:

Kunnskapar

- Gjere greie for sentrale kvalitative og kvantitative modellar i fysikk, kjemi og molekylærbiologi.
- Gi døme på nanoteknologiske produkt og prosessar, og forklare korleis ønskte og uønskte eigenskapar blir bestemt av struktur og prosessar på nanoskala.
- Følgje etablerte protokollar for framstilling og karakterisering av nanostrukturerte material i tråd med gjeldande reglar for sikker laboratoriepraksis.

Ferdigheiter

- Drøfte nanovitskapelege fenomen og eigenskap-struktursamanheng ved hjelp av forklaringsmodellar frå dei grunnleggjande naturvitskapane samt matematikk.
- Bruke moderne vitskapelege analyseinstrument innan nanoteknologi.

Generell kompetanse

- Presentere eigne forskingsresultat både munnleg og skriftleg.
- Kommunisere på tvers av dei naturvitskapelege disiplinane fysikk, kjemi og molekylærbiologi.
- Ha innsikt i etiske og samfunnsmessige aspekt ved nanoteknologi og nanoteknologisk forskning.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorstudiet i nanoteknologi er eit krevjande studium på eit høgt fagleg nivå. Vi tilrår ein brei realfagleg bakgrunn tilsvarende Fysikk 1, Kjemi 1 + 2 og Matematikk R1 + R2 frå vidaregåande skule.

Innføringsemne

Studiet tek til med innføringsemnet ex.phil, samt grunnemne i matematikk og kjemi. Anbefalte forkunnskapar til matematikkemnet er matematikk R2 frå VGS eller tilsvarende. Kjemiemnet byggjer på forkunnskapar tilsvarende Kjemi 1 + 2 frå VGS. Kjemiemnet introduserer ulike energi-omgrep og brukar dei til å forklare oppbygging, eigenskapar og reaksjonar til kjemiske stoff frå eit fysikalsk perspektiv. Det er laboratoriekurs i dette emnet.

Obligatoriske emne

Desse emna er obligatoriske i studieprogrammet: Ex.phil, KJEM110, KJEM120, MAT111, MAT112, MOL100, MOL200, NANO100, NANO161, NANO244, PHYS111 og PHYS112. Eitt av emna [KJEM122, KJEM131 eller PHYS114] og eitt av emna [INF109 eller STAT110].

Spesialisering

Spesialiseringa i bachelorprogrammet i nanoteknologi er på til saman 130 studiepoeng som består av desse emna:

KJEM110, KJEM120, MAT111, MAT112, MOL100, MOL200, NANO100, NANO161, NANO244, PHYS111 og PHYS112. Eitt av emna [KJEM122, KJEM131 eller PHYS114] og eitt av emna [INF109 eller STAT110].

Tilrådd studieplan:

6.V	Val	Val	Val
5.H	NANO244	Laboratoriekurs/Val	MOL200
4.V	NANO161	Laboratoriekurs/Val	MOL100
3.H	KJEM120	PHYS112	KJEM221
2.V	NANO100	MAT112	PHYS111
1.H	Ex.phil	KJEM110	MAT111

Tilrådte valemne

Fire valemne på til saman 40 stp bør veljast i forhold til planlagt masterstudium.

Desse emna er tilrådte valemne i studieprogrammet:

KJEM130, KJEM221/PHYS201, KJEM140, MAT121, MOL202, PHYS115 (haust 15), PHYS118 (fra vår 16).

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge for emna finn du under overskrifta «Spesialisering».

Delstudium i utlandet

Det er lagt opp til at du kan ta 6. semester i studiet utanlands. Bachelorprogrammet i nanoteknologi har tilrettelagde utvekslingsavtaler med Det interdisiplinære nanosenteret (iNano) ved Universitetet i Århus, Danmark og med Teknisk Universitet i Graz, Østerrike.

Undervisningsmetodar

Undervisninga skjer i hovudsak i form av førelesningar, laboratoriearbeid og seminar. Undervisningsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vurderingsformer

Vurderinga skjer i hovudsak i form av skriftleg og nokre gonger munnleg eksamen. Vurderingsformer for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Karakterskala

Ved UiB er det to typar karakterskalaer, bestått/ikkje bestått og bokstavkarakterar på skalaen A-F. Karakterskala for kvart emne som inngår i bachelorprogrammet er omtalt i emnebeskrivinga.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål på norsk med vitnemålstillegg (Diploma supplement) på engelsk vert utstedt når krava til graden er oppfylte.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan relevant fagområde.

For å vere kvalifisert for opptak til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskarakter på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Med utdanning innan nanoteknologi/nanovitskap vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar: Forsking, teknologisk industri, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvaltning. Med ein bachelorgrad i nanoteknologi har du eit godt grunnlag for å gå vidare på masterstudium i nanovitskap. Dersom du avsluttar studiane etter fullført bachelorgrad, er det breidda i realfagsbakgrunnen som er ditt største konkurransefortrinn.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet ved Kjemisk institutt har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:

Studierettleiar@nano.uib.no. Tlf 55 58 34 46.

STUDIEPLAN FOR BAMN-PTEK

BACHELORPROGRAM I

PETROLEUM- OG

PROSESSTEKNOLOGI, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Oppstart haust

Mål og innhald

Programmet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geologi for å gi eit solid fagleg fundament for arbeid i olje- og gassindustrien. I starten av studiet blir det lagt stor vekt på å gi deg eit godt grunnlag i dei basisfaga som er nødvendige for å gi ei djupare forståing for dei fysiske og kjemiske prosessane som er knytte til olje- og gassutvinning. Fagfeltet petroleumsteknologi er særleg retta mot reservoarskildring og modellering av strøyming i porøse media i undergrunnen, mens fagfeltet prosessteknologi konsentrerer seg om transport og vidareforedling av olja og gassen etter at råvarene har kome til overflata.

Studieprogrammet skal utnytte forskning og ekspertise i fysikk, matematikk, kjemi, og geologi til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse innanfor petroleum- og prosessteknologi, og danne grunnlag for vidare spesialisering (mastergrad).

Læringsutbyte

Ein kandidat med bachelorgrad i petroleum- og prosessteknologi skal kunne:

- forklare matematiske omgrep og anvende matematiske teknikkar innan til dømes derivasjon og integrasjon, komplekse tall, enkle differensiallikningar og lineær algebra
- forklare generelle kjemiske omgrep og samanhengar mellom desse og kunne utføre enkelt eksperimentalt arbeid i kjemi, greie ut om termodynamikkens lover, elektrokjemi og reaksjonskinetikk og anvende desse til analyse og drøfting av komplekse problemstillingar i faget
- greie ut om mekanikkens grunnleggande omgrep og være i stand til å bruke desse på fysiske problemstillingar
- forklare og anvende terminologien i geologi, og anvende dette til å skildre og analysere dei geologiske prosessane som har betydning for danning og akkumulering av petroleum
- forklare eigenskapane ved porøse media og dei grunnleggande petrofysiske omgrepa
- bruke likningar som beskriv fleirfasestrøm generelt i reservoaret og i nærbrønnområdet, trykktesting, materialbalanse og beskriver petroleum fluideigenskapar og metodar for auka oljeutvinning
- beskrive prinsippa i fluidmekanikk og varmeoverføring, og forklare korleis dei blir bruka til kvantitativ behandling knytt til prosjektering/design av prosessteknisk utstyr
- formidle idear, problem og løysningar både til spesialistar og ikkje-spesialistar ved hjelp av ulike teknikkar som omfattar kvalitativ og kvantitativ informasjon

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (REALFA).

Obligatoriske emne

I byrjinga av studiet blir det lagt stor vekt på å gi deg eit godt grunnlag i nokre viktige «verktøyfag» innanfor matematikk, geologi, generell og fysikalsk kjemi og mekanikk. Det gir deg eit godt fundament til spesialiseringsemna seinare i bachelorprogrammet, og ein eventuell mastergrad.

Bachelorprogrammet i petroleum- og prosesssteknologi vil da sjå slik ut:

Krav til bachelorgraden i Petroleum- og prosesssteknologi er ei spesialisering på til saman 120 studiepoeng, i tillegg til 20 studiepoeng innføringsemne og 40 valfrie studiepoeng. Spesialiseringa består av:

PTEK100, MAT131, KJEM110, KJEM210, PHYS111, PHYS112, GEOV101, PTEK202, PTEK211 og PTEK212 + eit av emna MAT102 eller MAT112 og eit av emna PTEK203 eller GEOV260.

Første semester tar du innføringsemna Ex.phil. og MAT111 + PTEK100. Har du en svak matematikkbakgrunn frå vidaregåande skule bør du vurdere å ta MAT101 i første semester, og utsetja MAT111 til eit seinare semester. Tar du både MAT101 og MAT111 gir dei til saman 15 studiepoeng.

6.V	PTEK203/GEOV260	Val	Val
5.H	PTEK202	KJEM210	Val
4.V	PHYS111	PTEK212	Val
3.H	PHYS112	KJEM110	PTEK211
2.V	MAT131	MAT102/MAT112	GEOV101
1.H	Ex.Phil	MAT111	PTEK100

Tilrådde valemne

MAT121, MAT160, MAT212, MAT252, MAT254, KJEM130, KJEM202, KJEM203, KJEM220, GEOV103, GEOV104, GEOV107, GEOV111, GEOV112, GEOV113, GEOV276, STAT101, STAT200, INF109, PHYS113, PHYS114, PTEK205, PTEK213, PTEK214, PTEK218, PTEK226, PTEK231, PTEK251 og MNF170. Elles bør valemne velgast i forhold til et eventuell masterstudium. Ved å ta emna GEOV104 og GEOV107 kan du kvalifisera deg til å ta eit masterprogram i geologi.

Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd rekkefølge ser du i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp). Ofte bygger emna vidare på kunnskap frå andre emne og det er da oppgitt Krav til forkunnskap eller Tilrådde forkunnskapar på emna.

Delstudium i utlandet

Dersom du ønskjer eit utanlandsopphald under bachelorstudiet, kan du ta kontakt med studierettleiar eller fagleg rettleiar. Det finst i dag konkrete avtaler med University of Alberta (Canada) og University of Western Australia. Det er også mogleg å få eit opphald ved UNIS, der det er tilbod om fleire emne innanfor arktisk geofysikk, geologi og teknologi. Dersom du tek valemna dine på UNIS, vil du få ein del kunnskap om korleis det er å drive oljeverksemd i kalde område. Universitetet i Bergen har dessutan mange andre utvekslingsavtalar. Det passer best å ta utanlandsopphald i det 5. eller 6. semesteret.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må du oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskaraktar på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Petroleumsrelatert industri vil i åra framover trengje ein ny type kompetanse som reflekterer både samfunnsutviklinga og dei problemkompleksa som industrien strevar med. Det vil bli lagt stadig større vekt på å utvikle ein tverrfagleg, interaktiv og ikkje minst internasjonal profil.

Forskningsbasert og tverrfagleg utdanning er det som trengst for å gi den rette faglege bakgrunnen for å løyse dei utfordringane som petroleumsnæringa kjem til å støyte på. Alderssamansetjinga innanfor den internasjonal petroleumsindustrien er også eit teikn på at det er sterkt behov for nyrekruttering. Utdanninga kvalifiserer deg til eit vidt spekter av stillingar i oljeselskap og serviceselskap i oljenæringa, innanfor både leiting og produksjon av olje og gass, og innanfor vidareforedlinga av petroleumsprodukta i prosessindustrien. I tillegg til olje- og gassindustrien finst det også jobbar innan kjemisk, metallurgisk og mekanisk prosessindustri. Dessutan vil det vere eit behov for kvalifisert personell hjå styresmaktene til å styre og evaluere oljeaktiviteten.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerleg evaluert av programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet. Kontakt instituttet.

Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studieveileder.ppt@ift.uib.no, Tlf 55 58 28 64.

STUDIEPLAN FOR BAMN-STATS BACHELORPROGRAM I STATISTIKK, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Statistikk handlar om prinsippa og metodane for å samla inn og analysere kvantitativ informasjon. Metodane gjer det mogeleg å treffa gode avgjersle under uvisse fordi ein kan seie noko om sannsynet for kva framtida bring. Statistiske metodar kan nyttast overalt kor det finst data, og til å modellera komplekse problemstillingar om alt frå epidemiar til kva slags finansielle effektar ei framtidig hending vil ha.

Tal er meir enn berre tal, og gjennom studiet vil studenten bli i stand til å samle inn, tolke og analysere kva som ligg bak tala. Til dømes, stig den globale temperaturen? Kva er effekten av ein ny vaksine? Aukar kraftlinjer sjansen for kreft? Sidan ein viktig del av statistikk handlar om tolkingar av data, og fordi statistikkens metodar er basert på matematikk, er det ein føremon med god forståing av matematiske metodar.

Læringsutbyte

Etter fullført bachelor i statistikk skal studentane kunne:

Kunnskapar:

- tileigne seg og anvende kunnskap i grunnleggjande matematisk og statistisk teori som kalkulus, lineær algebra og statistiske metodar.
- stille opp generelle modellar for analyse av data med usikkerheit ved hjelp av omgrep frå sannsynsteori.
- gjere reie for det teoretiske grunnlaget for sentrale statistiske analysemetoder.

Ferdigheiter:

- bruke eit vidt spekter av metodar for analyse og modellbygging innan statistikk.
- meistre klassiske matematiske felt som kalkulus og lineær algebra.
- meistre grunnleggjande programmering.
- gjennomføre deskriptive analyser av kvantitative data.

Generell kompetanse:

- samarbeide, gjerne på tvers av faggrenser.
- formulere seg godt både skriftleg og munnleg.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg er det krav om realfag (REALFA).

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Krav til bachelorgraden i statistikk er ei spesialisering på til saman 100 studiepoeng, bygd opp av følgjande emne: STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar, STAT210 Statistisk inferens, STAT220 Stokastiske prosesser, MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT131 Differensiallikningar I, INF100 Grunnkurs i programmering. I tillegg er det krav om eit prosjektskrivingskurs, STAT292, MAT264 eller eit tilsvarande prosjektarbeidskurs av 10 studiepoengs omfang.

Tilrådde valemne

Studentane står fritt når det gjeld val av andre emne, men ein bør velje støttefag med tanke på kva som trengst på arbeidsmarknaden, eller med tanke på fagleg retning på det vidare studiet. Valemne bør veljast i forhold til planlagd masterstudium. Nærare informasjon er å finne under dei einskilde masterprogramma. Inntil 10 studiepoeng på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

Rekkefølge for emne i studiet

6	vår	STAT292	Val	Val
5	høst	Val	Val	Val
4	vår	MAT131	Val	STAT210
3	høst	INF100	Val	STAT220
2	vår	MAT112	MAT121	STAT111
1	høst	Ex.phil.	MAT111	STAT110

Delstudium i utlandet

Valfridomen i slutten av programmet kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finst i dag mange alternativ for studentar som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i statistikk er det valt ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passar best for studentane våre. På den måten er det mogleg å få tilbod om eit tilrettelagd utanlandsopphald som vert integrert i graden.

Vurderingsformer

Vurderingsform for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet kan være munnleg eller skriftlig eksamen. De fleste emnar har også innleveringer av oppgåver gjennom semesteret. Vurderingsformen for kvart emne er omtalt i emnebeskrivinga.

Grunnlag for vidare studium

Bachelorstudiet gir grunnlag for masterstudiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søke til eit masterprogram må studenten oppfylle opptakskravet om C eller betre som gjennomsnittskaraktar på emna i spesialiseringa i bachelorgraden.

Relevans for arbeidsliv

Statistikk bidreg med heilt naudsynde verkty for ei rekkje ulike bransjar. Innan industrien, helsevesenet, finans og forsikring er behovet for statistikarar og forsikringsmatematikarar store.

Bachelorprogrammet i statistikk leier naturleg til ein mastergrad i statistikk, som finansteori og forsikringsmatematikk, matematisk statistikk eller dataanalyse. Det gir også mogelegheiter til masterstudier i nærliggjande fag. Statistikk er ettertrakta og tidlaus kompetanse som gir mange mogelegheiter. Med ein mastergrad i statistikk vil ein vere svært attraktiv på arbeidsmarknaden, og dei fleste av våre kandidatar har fått jobb innan industri, finans eller forsikring, som til dømes aktuar i forsikringsselskap. Nokre veljer ein forskingskarriere innanfor universitet, høgskule eller medisinske forskingssentra

For å bli faglærer i matematikk på vidaregåande skule krevst det i tillegg eit års studium i Praktisk-pedagogisk utdanning etter bachelor eller master.

Evaluering

Bachelorprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Programstyret ved Matematisk institutt har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Eventuelle spørsmål kan sendes til studierettleiar på programmet: Studierettleiar@math.uib.no, Tlf 55 58 28 34.

STUDIEPLAN FOR MAMN-AKTUA INTEGRERT MASTER I AKTUARFAG, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Studiet gir ei grundig innføring i teori og teknikkar innan forsikringsmatematikk og finasteori. Gjennom dette programmet blir kandidaten utdanna til aktuaryrket som handlar om å modellere den finansielle effekten av komplekse framtidige hendingar, samt å analysere risikoar. Profesjonsstudiet følgjer eit tilrettelagd studieprogram med felles innførings- og spesialiseringsemne, som gir den naudsynte grunnopplæringa i statistikk og matematikk gjennom dei obligatoriske emna.

Analyse og tolking av store mengder data, samt forståing av kva som ligg bak tala er sentralt på studiet. Som aktuar analyserer ein risiko, modellerar finansielle effektar av framtidige hendingar, og kan dermed vurdere kva som vil vere ei god avgjersle fordi ein kan seie noko om sannsynet for kva framtida bring.

Læringsutbyte

Etter fullført profesjonsstudium i aktuarfag skal studentane kunne:

Kunnskapar:

- tileigne seg og anvende kunnskap i grunnleggjande matematisk og statistisk teori som kalkulus, lineær algebra og statistiske metodar.
- Stille opp generelle modellar for analyse av data med usikkerheit ved hjelp av omgrep frå sannsynsteori.

Ferdigheiter:

- Analysere praktiske problemstillingar i finans og forsikring på basis av eit solid grunnlag i matematikk og statistikk.
- Gjennomføre berekningar som vert kravd i arbeid som aktuar ved verksemd i livsforsikring og skadeforsikring, herunder fastsettelse av forsikringspremier og kapitalreserver.
- Behandle sannsynsmodellar i finans.
- Finne relevant metodelitteratur for gitte statistiske problemstillingar og tilpasse teorien frå litteraturen til situasjonar med andre forutsetningar.
- Beherske grunnleggande økonomiske modellar.

Generell kompetanse:

- Formulere seg godt, på ein vitenskapleg måte, både skriftleg og munnleg.
- Arbeide sjølvstendig og i gruppe.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg er det krav om realfag (REALFA).

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

Krav til profesjonsstudiet i aktuarfag er ei spesialisering på til saman 170 studiepoeng, bygd opp av følgjande emne: STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar, STAT210 Statistisk inferens, STAT220 Stokastiske prosesser, STAT201 Generaliserte lineære modeller, STAT230 Livsforsikringsmatematikk, STAT231 Skadeforsikringsmatematikk og risikoteori, STAT240 Finanst teori, MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT131 Differensiallikningar I, INF100 Grunnkurs i programmering, ECON130 Makroøkonomi I, MAT212 Funksjoner av fleire variable og MAT160 Regnealgoritmer I. I tillegg er det krav om eit prosjektskrivekurs, STAT292, MAT264 eller eit tilsvarende prosjektarbeidskurs av eit omfang på 10 studiepoeng.

Det femte og siste året skriv ein masteroppgåva som er eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid med rettleiing. Masteroppgåva skal normalt ha eit omfang på 60 sp, men det kan også gjevast oppgåver på 30 sp. Spesialpensum blir da auka med 30 sp. Masteroppgåva vert avslutta med ein munnleg eksamen.

For å kunne gå i gong med masteroppgåva må snittkarakteren på spesialiseringsemna normalt vere C eller betre.

Gjennomført profesjonsutdanning vil gi formell godkjenning som aktuar i Norge.

For internasjonal aktuargodkjenning vert det kravd eit emne i bedriftsøkonomi (t.d. ØBO002 ved HiB) og eit seminar i profesjonsetikk arrangert av Den Norske Aktuarforening. Krava til internasjonal aktuargodkjenning for tida er under revidering i Den Norske Aktuarforening. Programstyret vil halde studentane oppdaterte på eventuelle nye krav til godkjenninga.

9.H og 10V.	Masteroppgåve	Masteroppgåve	Masteroppgåve
8.V	STAT230/STAT240	Val	Val
7.H	STAT231	Val	Val
6.V	STAT230/STAT240	STAT292	Val/MAT213
5.H	MAT160	STAT201/STAT231	Val/ECON340
4.V	MAT131	ECON130	STAT210
3.H	STAT220	MAT212	INF100
2.V	MAT121	MAT112	STAT111
1.H	Ex.Phil	MAT111	STAT110

Tilrådde valemne

Følgande emne vert tilrådd: STAT202, STAT211, STAT221, STAT250, STAT310 [eventuelt STATRISK, STATOVLEV, STATLAB]. Alternative emne som også vert tilrådd: ECON261, ECON361, MAT211, MAT215, ØBO002.

Rekkefølgje for emne i studiet

Tilrådd rekkefølgje av emne er gitt i utdanningsplanen (og i punktet Studieløp).

Delstudium i utlandet

Valfridomen i slutten av programmet kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finst i dag mange alternativ for studentar som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa, til dømes har University of Hong Kong eit aktuarstudie.

Relevans for arbeidsliv

Gjennomført profesjonsutdanning vil gi formell aktuarkompetanse og ein vil bli attraktiv i eit globalt arbeidsmarked. Aktuar er ein anvendeleg kompetanse som aldri går ut på dato.

Aktuarar arbeider innan alle felt kor det er naudsynt å kunne analysere sannsynet for usikre framtidige hendingar og deira finansielle følgjer. I praksis betyr det at kandidaten kan velje blant mange ulike bransjar fordi kunnskapen er så anvendeleg. Kompetansen er svært etterspurt og aktuarar arbeider blant anna innan livsforsikring og skadeforsikring, pensjon, reassuranse, konsulentselskap, risikostyring, kapitalforvaltning, bank/finans, offentleg forvaltning, undervising og forskning.

For å bli faglærer i matematikk på vidaregåande skule krevst det i tillegg eit års studium i Praktisk-pedagogisk utdanning etter master.

Evaluering

Programmet vert kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Evaluering for enkeltemne som inngår i bachelorprogrammet, er omtalt i emnebeskrivinga.

Programansvarleg

Profesjonsstudium

I det femårige profesjonsstudiet inngår emne innanfor statistikk og matematikk, som gir grunnleggande kunnskapar om sannsynsrekning, statistiske analysemetodar og generell matematikk. I tillegg kjem emne i forsikringsmatematikk, finans og økonomi. Profesjonsstudiet i aktuarfag gir ei sterkare spesialisering i forsikringsmatematikk og økonomiske fag enn det alternative bachelor- og masterprogrammet i statistikk, og det gir deg formell aktuarkompetanse.

Forskning

Faggruppa i statistikk ved UiB forskar på problemstillingar innanfor biostatistikk og medisinsk statistikk, utrekningsorientert statistikk, statistisk metode, og finans og forsikringsmatematikk. Gruppa er eitt av dei største fagmiljøa i Noreg innanfor statistikk.

Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Eventuelle spørsmål kan sendes til studierettleiar på programmet: Studierettleiar@math.uib.no Tlf 55 58 28 34.

STUDIEPLAN FOR MAMN-FISK

PROFESJONSSTUDIUM I

FISKEHELSE, HAUST 2015

Mål og innhald

Fiskehelsestudiet har ei naturvitskapleg basis og profil. Studentane lærer gjennom forskingsbasert undervisning om akvatiske organismars biologi, om patogen og om innverknad av miljøfaktorar, dvs. om forhold som kan medføre utvikling av sjukdom og skade. Studentane lærer framtidretta og hensiktsmessige metodar for diagnostikk, samt gis ei grundig innsikt i førebygging og behandling av sjukdom og skader hos akvatiske organismar.

Utdanninga innan fiskehelse dekker eit bredt spekter som omfattar virke innan havbruksnæringa, fiskehelsetenesta, forvaltning, samt utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utdanninga gjer særleg innsikt i akvatiske organismars biologi og interaksjonar mellom disse, patogener, og ytre miljøfaktorar. Vidare, famnar utdanninga den primære fiskehelsetenesta og gjer innsikt i organisering og lovverk knytte til oppdrett og sjukdom. Studiet bidrar til å skjerpe studentanes etiske refleksjonar og bevisstheit om dyrehald og dyreforsøk, fremmer respekt og forståing for biologiske forhold og gir innsikt i globale miljø- og helseperspektiv. Gjennom faglig fordjuping utviklar studentane sjølvstendig kritisk, vitskapelig tenking og bevisst tilnærming, tolking og framstilling av forskingsresultat.

Programmet tilfredsstillar de krav som settast til autorisasjon som fiskehelsebiolog, og det stilles derfor strenge krav til studiets innhald og de fleste element i studieplanen er derfor obligatorisk. Studentar som har oppnådd master i fiskehelse får den lovbeskytta tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Mattilsynet. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidatatar som har fått tildelt tittelen har same rettar som veterinærar når det gjeld å behandle sjukdom i havbruksnæringa. Tittelen gjer avgrensa reseptrett.

Læringsutbyte

Fiskehelsestudiet har ei naturvitskapleg basis og profil. Studentane lærer gjennom forskingsbasert undervisning om akvatiske organismars biologi, om patogen og om innverknad av miljøfaktorar, dvs. om forhold som kan medføre utvikling av sjukdom og skade. Studentane lærer framtidretta og hensiktsmessige metodar for diagnostikk, samt gis ei grundig innsikt i førebygging og behandling av sjukdom og skader hos akvatiske organismar.

Utdanninga innan fiskehelse dekker eit bredt spekter som omfattar virke innan havbruksnæringa, fiskehelsetenesta, forvaltning, samt utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utdanninga gjer særleg innsikt i akvatiske organismars biologi og interaksjonar mellom disse, patogener, og ytre miljøfaktorar. Vidare, famnar utdanninga den primære fiskehelsetenesta og gjer innsikt i organisering og lovverk knytte til oppdrett og sjukdom. Studiet bidrar til å skjerpe studentanes etiske refleksjonar og bevisstheit om dyrehald og dyreforsøk, fremmer respekt og forståing for biologiske forhold og gir innsikt i globale miljø- og helseperspektiv. Gjennom faglig fordjuping utviklar studentane sjølvstendig kritisk, vitskapelig tenking og bevisst tilnærming, tolking og framstilling av forskingsresultat.

Programmet tilfredsstillar de krav som settast til autorisasjon som fiskehelsebiolog, og det stilles derfor strenge krav til studiets innhald og de fleste element i studieplanen er derfor obligatorisk. Studentar som har oppnådd master i fiskehelse får den lovbeskytta tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Mattilsynet. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidatatar som har fått tildelt

tittelen har same rettar som veterinærer når det gjeld å behandle sjukdom i havbruksnæringen. Tittelen gjer avgrensa reseptrett.

Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha følgjande totale læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskap:

- Kjenner til og kan beskrive fisken sin anatomi, fysiologi og ernæring.
- har solid kunnskap om sjukdomsframkallande organismar på oppdrettsartar og villfisk, og korleis immunsystemet hos fisk fungerer.
- kjenner til forhold knytt til marine økosystem som påverkar sjukdomsutvikling og sjukdomspreiing.
- forstår og kan forklare forhold som kan medføre sjukdom og skade i oppdrett.
- kan drøfte relevante og hensiktsmessige metodar innan diagnostikk.
- kjenner ulike prinsipp og strategiar for vaksinasjon.
- kan gjere greie for lover og forskrifter knytt til oppdrett og sjukdom.

Ferdigheter:

- kan stille riktige diagnosar og behandle sjukdommar hos fisk.
- kan foreslå og overvake gjennomføringa av sjukdomsbehandling hos akvatiske organismar.
- bruker moderne arbeidsmetodikk og analysemetodar i fiskehelsearbeidet.
- kan planlegge og gjennomføre vitenskaplege undersøkingar basert på innsamla data frå felt og laboratorium
- kan formulere ei problemstilling og analysere og skriftleg rapportere det innsamla materialet frå undersøkinga.
- kan gje råd om førebyggjande og avbøtande tiltak.
- kan lese og forstå vitenskaplege arbeid relevant for fiskehelse og sjukdomsbekjemping.
- kan arbeide innanfor en profesjonsetisk ramme ut frå gjeldande lovverk og etiske retningslinjer.
- Kan praktisk anvende lover og reglar i den daglege yrkesutøvinga.
- kan foreta etisk veloverveide avgjerder om dyrehold og dyreforsøk.

Generell kompetanse:

- kan arbeide etter anerkjende vitenskaplege prinsipp, med forståing og respekt for openheit, presisjon, etterrettelighet og betydninga av å skilje mellom kunnskap og meiningar.
- kan arbeide både sjølvstendig og i team, og i nær kontakt med næringsaktørar.
- kan diskutere faget i samfunnsdebatten basert på tilgjengelege fakta og uavhengig av ulike særinteresser.

Opptakskrav

Matematikk R1 eller (S1 + S2) + Matematikk (R1+R2) eller Fysikk (1+2) eller Kjemi (1+2) eller Biologi (1+2) eller Informasjonsteknologi (1+2) eller Geofag (1+2) eller Teknologi og forskningslære (1+2)

Obligatoriske emne

Mastergradsprogrammet i fiskehelse er eit integrert 5-årig profesjonsstudium og skal innehalde 300 studiepoeng som både støtter opp om og gir fordjuping i fagfeltet, inklusive eit sjølvstendig vitenskapelig arbeid (masteroppgåve) som utarbeidast under rettleiing.

Mastergraden i fiskehelse omfattar

- Eit sjølvstendig vitenskapelig arbeid (masteroppgåve) på 60 eller 30 SP og
- Emne på til saman 240 eller 270 SP

Første del av studiet gir grunnleggande kunnskap frå relevante område innan allmenn kjemi, biologi, mikrobiologi, biokjemi/molekylærbiologi, matematikk, og dessutan fiskebiologi og kunnskap om det marine økosystemet. Vidare gis det faglig spesialisering innan havbruksbiologi med innføring i emne som havbruksbiologi, ernæring hos fisk, og fiskefysiologi. spesialiseringa held fram med ein praksisperiode i havbruksnæringa, lovverk og forvaltning, etikk og velferd hos akvatiske organismar samt bakteriologi.

Siste 2 år av studiet gir fagleg fordjuping i alle aspekt knytte til helse og sjukdom (virus, bakteriar, sopp og parasitter) hos akvatiske organismar med vekt på førebyggande tiltak, diagnostikk og behandling.

I tillegg skal studenten skrive eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på enten 30 eller 60 studiepoeng.

Anbefalt studieplan:

10. V Oppgåve

9. H Oppgåve/Val* Oppgåve/Semesteroppgåve (15 SP)* Oppgåve/Val*

8. V BIO271 BIO274 BIO375 (5SP)+BIO376 (5 SP)

7. H BIO273 BIO270 BIO381

6. V BIO272 BIO204 BIO205

5. H BIO291 BIO203 BIO206

4. V BIO207 BIO103 MOL100

3. H BIO213 BIO102 BIO 280

2. V Ex.phil BIO101 KJEM 130/KJEM 110

1. H BIO100 MAT101/MAT111 KJEM110/KJEM100

*Masteroppgåva er på 30 eller 60 SP. For 60 SP oppgåve, tar studentane ikkje valemne og Semesteroppgåve. For 30 SP. oppgåve, tar studentane Semesteroppgåve, samt valfrie emne på 15 SP.

Delstudium i utlandet

Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utenfor Europa. På masterprogram i fiskehelse vel vi i tillegg ut særskilde samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbudet som er best for våre studenter. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

Relevans for arbeidsliv

Gjennomført masterprogram i fiskehelse gir den lovbeskyttede tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Statens dyrehelsetilsyn. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidater som har fått tildelt tittelen har samme rettigheter som veterinærer når det gjeld å behandle sykdom i havbruksnæringen. Utdanningen kvalifiserer for arbeid i havbruksnæringen, fiskehelsetjenesten, forvaltning og institusjoner innen utdanning og forskning.

Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studie@bio.uib.no, tlf: 55 58 44 00

STUDIEPLAN FOR MAMN-LÆRE LEKTORPROGRAM I NATURVITENSKAP OG MATEMATIKK, HAUST 2015

Undervisningsspråk

Norsk og engelsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Lektorprogrammet i naturvitskap og matematikk er ei femårig integrert lærarutdanning (300 studiepoeng). Utdanninga fører fram til graden master i <fag> med integrert praktisk-pedagogisk utdanning. (<fag> enten matematikk, fysikk, kjemi, biologi eller geovitenskap)

Den integrerte lektorutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

Studiet skal gi vitskapelege funderte kunnskapar og evner i det faget studenten tek mastergrad i. Det skal gi ei god innføring i vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og trening i sjølvstendig arbeide med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring.

Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevars læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.

I lektorutdanninga med master i naturvitskap eller matematikk vel studenten to fag; eit masterfag (fag 1) og eit sidefag (fag 2). Dette gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i to fag i vidaregåande skule. Utdanninga avsluttast med ei masteroppgåve i matematikk, fysikk, kjemi, geovitenskap eller biologi avhengig av val av masterfag. Masteroppgåva kan ha ein reint fagleg profil, ein reint fagdidaktisk profil eller ha element av begge typar. Eit unntak er geovitenskap der ein kun kan velje fagdidaktisk profil.

Læringsutbyte

Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskapar

- har avansert kunnskap i dei valde faga og spesialisert innsikt i eit profesjonsrelevant fagområde
- har inngåande kunnskap om vitskaplege problemstillingar, forskningsteoriar og -metodar i faglege, fagdidaktiske og pedagogiske spørsmål
- har inngåande kunnskap om relevant forskingslitteratur og gjeldande lov- og planverk, og kan anvende denne på nye område som er relevante for profesjonsutøvinga.
- har kunnskap om utvikling av skolen som organisasjon og faga som skole-, kultur-, og forskingsfag og brei forståing for skolen sitt mandat, verdigrunnlaget i opplæringa og i opplæringsløpet
- har kunnskap om ungdomskultur og ungdom si utvikling og læring i ulike sosiale og fleirkulturelle kontekstar
- har kunnskap om ungdom i vanskelege situasjonar og om rettane deira i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv
- har kunnskap om samiske tilhøve

Dugleikar

- kan orientere seg i faglitteratur, analysere og ha ei kritisk haldning til informasjonskjelder og eksisterande teoriar i fagområda
- kan bruke faglitteratur og andre relevante informasjonskjelder til å strukturere og formulere faglege resonnement på ulike område
- kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa og profesjonsrelevant forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer
- kan nytte forskings- og erfaringsbasert kunnskap til å identifisere og arbeide systematisk med grunnleggande ferdigheiter og planlegge og leie undervisning på ulike læringsarenaer som fører til gode faglege og sosiale læringsprosessar
- kan på eit sjølvstendig og fagleg grunnlag bruke varierte arbeidsmetodar og relevante metodar frå forskning og fagleg utviklingsarbeid til å differensiere
- kan tilpasse opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk, og skape motiverande og inkluderande læringsmiljø
- kan ha ei kritisk tilnærming til digitale verktøy og nytte dei i undervisning, planlegging og kommunikasjon og rettleie unge i den digitale kvardagen
- kan vurdere og dokumentere elevar si læring og kompetanse, gi læringsfremjande tilbakemeldingar og bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og eiga fagleg utvikling
- kan arbeide sjølvstendig med relativt omfattande og krevjande faglege oppgåver.
- kan demonstrere fenomen i naturen samt praktisk bruk av matematikk, og leggje til rette for elevers læring gjennom praktisk observasjon og eksperimentering.
- kan fremme elevers kompetanse til å sjå korleis prinsipp og tenkjemåtar i faget kan nyttast i møte med fagrelaterte utfordringar i samfunnet og ved deltaking i demokratiske prosesser.
- kan gjennomføre og leggje til rette for faglege dialogar med elevane, individuelt og i grupper, om observasjonar og fenomen i naturen og om fagets omgrep og teoriar gjennom bruk av konkretiseringar og ulike forenklingnivå.
- kan fremme miljømedvit, naturglede og respekt for naturens tålegrensar, og tanker om bærekraftig utvikling.

Generell kompetanse

- kan bidra til innovasjonsprosessar og nytenking, gjennomføre profesjonsretta fagleg utviklingsarbeid og legge til rette for at ein kan involvere lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv i opplæringa
- kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytte til profesjonsutøvinga på eit høgt fagleg nivå
- kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglege, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål og problemstillingar
- kan på sjølvstendig grunnlag vidareutvikle eigen kompetanse og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i skolen og blant kollegaer
- kan byggje relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skoleverket

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

I tillegg må du oppfylle krav om realfag (LÆREAL).

Politiattest (jfr. forskrift ved opptak til høgare utdanning, kapittel 6).

Tilrådde forkunnskapar

Studentar som vel matematikk og/eller fysikk bør ha R2 for å kunne gjennomføre studiet på normert tid.

Studentar som vel kjemi som et av sine to fag bør tilsvarende ha Kjemi 2. Full fordjuping i kjemi er og ein fordel med tanke på å ta biologi eller geofag.

Innføringsemne

Ex.phil

Obligatoriske emne

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk.

Studenten vel masterfag (fag 1) og sidefag (fag 2) allereie ved studiestart. Kva emne i fag og fagdidaktikk som er obligatoriske avhenger av desse vala.

Alle studentar må gjennomføre et obligatorisk HMS-kurs før første lange praksisperiode.

Det inngår 100 dagar praksisopplæring som fordelar seg omlag slik:

1. semester: 7 dagar

3. semester: 7 dagar

5. semester: 7 dagar

7. semester: 49 dagar

8. semester: 30 dagar

Alle deler av praksisopplæringa er knytt til emne i pedagogikk og fagdidaktikk som inngår i programmet. For nærare informasjon, sjå emneskildring for det einskilde emne.

Studiet avsluttast med ei 30 studiepoengs masteroppgåve. Dette kan vere ei oppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. Det kan også veljast ei fagdidaktisk oppgåve. I så tilfelle tilrådest det at studenten tar 10 studiepoeng emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

For å kunne gå i gang med masteroppgåva, må snittkarakterane på spesialiseringsemna normalt vere C eller betre.

Fellesemne:

30 sp pedagogikk

- NATDID210
- MNF201
- MAT101/MAT111
- Ex.phil
- Eit valfritt emne (10 sp)

Masterfag:

Emna som er utheva er spesialiseringsemne. Vel eit av dei

- **Matematikk: MAT111, MAT112, MAT121, MAT131, MAT212/MAT221, STAT110
MATDID210, MATDID220**

Minimum fem MAT-emne valt mtp masteroppgåva. Det er ikkje krav til at alle emna skal ha MAT-kode. Andre emne kan avtalast med rettleiar/institutt.

Moglege sidefag: Fysikk, kjemi, biologi, naturfag

- **Fysikk: MAT111, MAT112, MAT121, MAT131, MAT212, STAT110 (eit av matematikkemna inngår i spesialiseringa)PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114 og minst to av emna
PHYS118/PHYS119/PHYS109.
PHYSDID220**

Minimum fem PHYS-emne valt mtp masteroppgåva. Det er ikkje krav til at alle emna skal ha PHYS-kode. Andre emne kan avtalast med rettleiar/institutt.

Sidefag: Matematikk

- **Kjemi: KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM210, KJEM250,
KJEMDID220**

Minimum fire KJEM-emne valt mtp masteroppgåva. Det er ikkje krav til at alle emna skal ha KJEM-kode. Andre emne kan avtalast med rettleiar/institutt.

Moglege sidefag: Matematikk, biologi

- **Biologi: BIO100, BIO101, BIO102, BIO103, BIO104, MOL100, BIODID220**

Minimum fem BIO-emne valt mtp master oppgåva (eit av dei inngår i spesialiseringa) Det er ikkje krav til at alle emna skal ha BIO-kode. Andre emne kan avtalast med rettleiar/institutt.

Moglege sidefag: Matematikk, kjemi

- **Geofag: GEOV101, GEOV102, GEOV103, GEOV111, GEOV110, GEOV225/GEOV252,
GEOVDID220**

Minimum fire geofagemner valt mtp master oppgåva Det er ikkje krav til at alle emna skal ha GEOV/GEOF-kode. Andre emne kan avtalast med rettleiar/institutt.

Mogelege sidefag: Kjemi

Sidefag:

- **Matematikk:** MAT111, MAT112, MAT121, STAT110 og to valfrie MAT-/STAT-emne
MATDID210 og MATDID220
- **Fysikk:** PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114 og minst to av emne PHYS109/PHYS118/PHYS119
PHYSDID220
- **Kjemi:** KJEM110, KJEM120, KJEM130, Minst eitt av KJEM131/KJEM122, Inntil to av emna KJEM100, KJEM202, KJEM210, KJEM250, MOL100, MOL200
KJEMDID220, NATDID211 viss kjemi tas saman med biologi eller geofag
- **Biologi:** BIO100, BIO101, BIO102, BIO103, BIO104, MOL100
BIODID22, NATDID211 viss biologi tas saman med kjemi
- **Geofag:** GEOV101, GEOV102, GEOV103, GEOV111, GEOV110, GEOV225/GEOV252
GEOVDID220, NATDID211
- **Naturfag:** Til saman 70 studiepoeng i naturfag, der følgjande inngår: PHYS101, PHYS102
KJEM110 og eitt av emna KJEM100, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, To av emne
BIO100, BIO101, BIO102

Samt Naturfagdidaktikk

Krav til progresjon i studiet

Det stilles både karakter- og progresjonskrav i studiet. Sjå utfyllande reglar for studiet for nærmare informasjon.

Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.

Undervisningsmetodar

Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som fagets metodar. Studenten skal gjennom studiet få møte ulike undervisningsmetodar, t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserede oppgåve, problembasert læring, skriveoppgåver, rettleiing og praktisk bruk av digitale verkty. I tillegg vil det i enkelte emnar inngå laboratoriearbeid, ekskursjonar og rapportskriving. For nærmare informasjon, sjå dei einskilte emneplanane.

Læring gjennom rettleidd praksis i skulen står sentralt i studiet. Studenten vil få observere undervisning og planleggje og gjennomføre undervisning åleine og i samarbeid med medstudentar. Det vert i denne samanhengen lagt vekt på erfaringsutvikling gjennom refleksjon, samtale og oppgåveskriving.

Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevars læring og utvikling.

I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølv organisere eigne kollokviegrupper.

Relevans for arbeidsliv

Lektorprogrammet i naturvitenskap og matematikk kvalifiserer for tilsetjing på trinn 8-13 i den norske skolen. Lektorutdanninga gir grunnlag for undervisning i to fag og kvalifiserer for opptak til doktorgradsstudier

Evaluering

Masterprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no.


Programansvarleg

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet ved Lærerutdanningsutvalget har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet. Programstyret for lektorutdanning har eit overordna koordineranse ansvar.

Administrativt ansvarleg

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet ved Matematisk institutt har det administrative ansvaret for studieprogrammet.

EMNE VED DET MATEMATISK-
NATURVITSKAPLEGE FAKULTET
2015/2016



Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

INNHALD

Studieprogram ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet 2015/2016	3
Studieplan for BAMN-HAV Bachelorprogram i berekraftig havbruk, haust 2015	5
Studieplan for BAMN-BINF Bachelorprogram i informatikk: bioinformatikk, haust 2015.....	9
Studieplan for BAMN-BIO Bachelorprogram i biologi, haust 2015	13
Studieplan for BAMN-DTEK Bachelorprogram i informatikk: datateknologi, haust 2015	17
Studieplan for BAMN-DSIK Bachelorprogram i informatikk: datatryggleik, haust 2015	21
Studieplan for BAMN-DVIT Bachelorprogram i informatikk: datavitenskap, haust 2015.....	25
Studieplan for BAMN-PHYS Bachelorprogram i fysikk, haust 2015	29
Studieplan for BAMN-GEOV Bachelorprogram i geovitenskap, haust 2015	32
Studieplan for BATF-IMØ Bachelorprogram i informatikk-matematikk-økonomi, haust 2015	37
Studieplan for BAMN-KJEM Bachelorprogram i kjemi, haust 2015.....	41
Studieplan for BAMN-MATEK Bachelorprogram i matematikk for industri og teknologi, haust 2015	44
Studieplan for BAMN-MAT Bachelorprogram i matematikk, haust 2015	48
Studieplan for BATF-MIRE Bachelorprogram i miljø- og ressursfag, haust 2015	51
Studieplan for BAMN-MOL Bachelorprogram i molekylærbiologi, haust 2015	56
Studieplan for BAMN-NANO Bachelorprogram i nanoteknologi, haust 2015	60
Studieplan for BAMN-PTEK Bachelorprogram i petroleum- og prosesssteknologi, haust 2015	64
Studieplan for BAMN-STATS Bachelorprogram i statistikk, haust 2015.....	67
Studieplan for MAMN-AKTUA Integrert master i aktuarfag, haust 2015	70
Studieplan for MAMN-FISK Profesjonsstudium i fiskehelse, haust 2015	74
Studieplan for MAMN-LÆRE Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk, haust 2015	77
Emne ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet 2015/2016	83
Biologi Emne	85
Energi emne.....	186
Farmasi emne	191
Fysikk emnar	205
Emnar i Geovitenskap	260
Emnar innanfor informatikk og data	356
Kjemi Emnar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Emnar for Lærarutdanninga	474
Matematikk emnar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Emnar i meteorologi og oseanografi	573
Emnar i Molekylærbiologi	616
Emnar i Nanovitenskap	645
Emnar i Petroleum- og prosesssteknologi	654
Statistikk emnar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Emnar i matematiske og naturvitenskapelige fag (MNF)	700

BIOLOGI EMNE

BIO100 / Innføring i evolusjon og økologi.....	87
BIO101 / Organismebiologi 1	89
BIO102 / Organismebiologi 2	90
BIO103 / Cellebiologi og genetikk.....	92
BIO104 / Komparativ fysiologi.....	94
BIO198 / Yrkespraksis i biologi.....	96
BIO199 / Forskningspraksis i biologi.....	98
BIO201 / Økologi.....	100
BIO210 / Evolusjonsbiologi.....	102
BIO216 / Toksikologi.....	103
BIO220 / Generell parasittologi.....	104
BIO233 / Insekters diversitet og biologi.....	106
BIO241 / Generell adferdsøkologi.....	108
BIO250 / Palaeøkologi	109
BIO260 / Kulturlandskapa i Norden.....	110
BIO297 / Feltkursundervisning	111
BIO298 / Yrkespraksis i biologi II	113
BIO299 / Research Project in Biology	114
BIO203 / Innføring i havbruk.....	115
BIO204A / Etikk og velferd hos akvatiske organismer	117
BIO205 / Praksisperiode, lovverk og forvaltning i akvakultur	118
BIO206 / Ernæring hos fisk.....	120
BIO207 / Næringsmiddelmikrobiologi med spesiell relevans til sjømat	122
BIO207A / Næringsmiddelmikrobiologi med spesiell relevans til sjømat	124
BIO212 / Marin samfunnsøkologi - Organismar og habitater	127
BIO213 / Marin økologi.....	128
BIO215 / Mikrobiologi.....	129
BIO218 / Eksperimentell mikrobiologi	132
BIO270 / Fiskesjukdommar - parasittar.....	136
BIO271 / Fiskesjukdommar - virologi.....	137
BIO272 / Fiskesjukdommar - bakteriar, sopp og ikkje-infeksiøse sjukdommar	138
BIO273 / Fiskesjukdommar - fiskeimmunologi	140
BIO274 / Fiskesjukdommar - farmakologi	142
BIO280 / Fiskebiologi I - Systematikk og anatomi	143
BIO291 / Fiskebiologi II - Fysiologi	144
BIO300 / Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett	145
BIO301 / Aktuelle tema i biodiversitet, evolusjon og økologi	147
BIO302 / Biologisk dataanalyse II	148

BIO303 / Ordinasjon og gradientanalyse.....	149
BIO306 / Næringsmiddelkjemi og analyse.....	150
BIO307 / Næringsmiddel toksikologi.....	152
BIO307A / Næringsmiddel toksikologi.....	153
BIO308 / Tidlig livshistorie hos fisk.....	154
BIO309A / Marin flora.....	156
BIO309B / Marin fauna.....	157
BIO310 / Marine metodar.....	158
BIO311 / Systematikk og biologi til algar.....	159
BIO315 / Utvalte mikrobiologiske emne.....	160
BIO316 / Utvalgte emne i miljøtoksikologi.....	161
BIO330 / Floristikk.....	162
BIO331 / Fiskeriforvaltning.....	163
BIO332 / Fylogenetiske metodar.....	164
BIO333 / Akustiske metodar i fiskeri- og marinbiologi.....	166
BIO334 / Bestandsovervåking.....	168
BIO335 / Populasjongenetiske metodar.....	169
BIO336 / Ansvarlig fangst.....	170
BIO337 / Fiskeatferd.....	171
BIO339 / Fiskerimodeller.....	173
BIO340 / Utvalde emne i fiskeribiologi.....	174
BIO341 / Biodiversitet.....	175
BIO343 / Høyfjellsøkologi.....	176
BIO347 / Global Change Ecology.....	178
BIO354 / Vertebratar i palaeoøkologi.....	179
BIO375 / Fiskesjukdommar - vannkvalitet.....	181
BIO376 / Innføringskurs i praktisk fiskehelsearbeid.....	182
BIO381 / Fiskehistopatologi.....	183
BIO382 / Akvatisk matproduksjon.....	184
BIO399 / Masteroppgåve i biologi.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
BIO399K / Masteroppgåve i biologi.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
FIFO399 / Masteroppgåve i fiskeribiologi og forvaltning.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
FISK399 / Masteroppgåve i fiskehelse.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
HAV399 / Masteroppgåve i havbruksbiologi.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
MAR399 / Masteroppgåve i marinbiologi.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
NU399 / Masteroppgåve i ernæring.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

BIO100 / Innføring i evolusjon og økologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir en grunnleggende innføring i hvordan evolusjonsprosessen kan utnyttes til å oppnå biologisk innsikt: Hvordan adaptasjon foregår i evolusjonære enheter, genetiske algoritmer, evolusjon av liv og makroevolusjon, populasjonsgenetikk, human evolusjon.

Kurset inneholder også grunnleggende populasjonsdynamikk, utviklingen av biologi som fagfelt og avslutter med anvendelsesområder for evolusjonære prinsipper.

Det matematiske innholdet i kurset vil være knyttet til populasjonsdynamikk, populasjonsgenetikk, atferd, og naturlig seleksjon.

Fagleg overlapp

10 sp overlapp med BIO110.

Undervisningspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

4 deksamener. Obligatorisk oppmøte første forelesning.

Undervisningssemester

Høst (Fargekode: grønn).

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

- 1) å gi studentene et grunnlag i biologisk tenkning, med vekt på evolusjon og adaptasjon
- 2) å gi et grunnlag for en enhetlig forståelse av de biologiske disiplinene som undervises senere i bachelorgraden
- 3) å vise at dagens biologiske verdensbilde gradvis har kommet til gjennom naturvitenskapelig forskning
- 4) å gi en grunnleggende innføring i anvendelse av matematikk i biologi
- 5) å gi studentene en grunnlagsforståelse av evolusjon og human biologi
- 6) å trene studentene i kritisk evaluering av tekster
- 7) å gi studentene erfaringer i skriftlig framstilling, samarbeid og mappeevaluering.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

BIO100 er et innføringsemne i biologi, og krever ingen forkunnskaper i biologi.

Det er en fordel om studentene har Biologi 1+2, eller tilsvarende fra videregående skole.

Vurderingssemester

Det er eksamen kvart semester. Obligatoriske aktiviteter må vere bestått for å avlegge eksamen.

Vurderingsformer

I semester med undervisning:

Fire del-eksamener gjennom semesteret. Den siste deksamenen må vere bestått for å bestå emnet.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

I semester uten undervisning:

Skriftlig eksamen (100%) eksamen vil være en kombinasjon av kortsvarsoppgaver og drøftingsoppgaver. Obligatorisk undervisningsaktivitet må være bestått for å melde seg til eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

BIO101 / Organismebiologi 1

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Mål for emne er å gi en oversikt over livets opprinnelse, systematikk og evolusjon. Studenten vil bli presentert for generelle bygningstrekk hos sentrale organismegrupper via forelesninger og laboratorium øvelser. Klassiske dissekerings- og mikroskoperingsteknikker vil bli brukt til å demonstrere morfologiske strukturer og biosystematiske detaljer hos utvalgte planter og dyr. Mikrobielle detekteringsmetoder vil bli brukt til å karakterisere og identifisere utvalgte prokaryote organismer.

Emnet inkluderer et omfattende laboratoriekurs.

For studenter som skal fortsette med emnet BIO102 vil det være obligatorisk å delta på feltkurs som hører til BIO102 i slutten av vårsemesteret.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Deltakelse på laboratoriekurs og godkjent labjournal. Obligatorisk aktivitet er gyldig i seks semester.

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: grønn).

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten:

- ha en grunnleggende forståelse av hvordan organismene har utviklet seg over tid gjennom jordens historie.
- kunne rekonstruere hvordan enklere livsformer har utviklet seg til mer komplekse og flercellulære former.
- ha en oversikt på inndelingen av hovedgrupper i livets tre (domener, rekker og fyla).
- ha kjennskap til diversitet i de ulike hovedgruppers morfologi og kjennetegn
- kurset skal gi kunnskap om hovedgruppers unike kjennetegn
- anvende denne kunnskapen til å forstå de enkelte gruppers biosystematiske plassering, evolusjonsforløp og slektskap
- ha kjennskap til enkelte basale metoder som brukes for å identifisere og klassifisere sentrale organismegrupper.

Tilrådde forkunnskapar

BIO100 (BIO110)

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftlig avsluttende eksamen 4 timer, labjournal må være godkjent for å få gå opp til avsluttende eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

BIO102 / Organismebiologi 2

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnets mål er å utvikle studentens kunnskap i populasjonsøkologi, samfunnsøkologi, økosystemer, og bevaringsøkologi for prokaryote organismer, planter, sopp, og dyr. Gjennom en kombinasjon av arbeid i felt og forelesninger vil studentene bli trent på identifisering av arter, samt å utvikle en forståelse av hvordan artene er tilpasset miljøet de lever i, hvilke krav de stiller til miljøet, og hvordan artene påvirker og er avhengig av hverandre. I tillegg vil noen av de spesielle utfordringer man har ved bevaring av biologisk mangfold i Norden bli diskutert (truede arter og naturtyper, svartelister, etc.). Videre vil emnet inneholde en innføring i vitenskapelige metoder i felt brukt til å studere de nevnte aspektene.

Emnet vil i tillegg til forelesninger inneholde en stor andel praktisk undervisning i felt. En del av feltkurset vil fokusere på identifisering av arter, hvilke krav artene har til miljøet, og betydningen av mikroorganismer i havet og i jorda, mens en annen del av feltkurset vil fokusere på å lage et relevant vitenskapelig prosjekt som gjennomføres på feltkurset. Første feltkurs i emnet vil være i slutten av vårsemesteret, og dette er obligatorisk for å følge emnet BIO102 i påfølgende høstsemester.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Deltakelse på feltkurs og godkjent feltjournal. Feltkursene vil være i ukene 25, 34 og 35 (mandag til fredag alle uker). Kontakt bio.studie@bio.uib.no for mer informasjon om oppmelding.

Undervisningssemester

- Kommunisere med prosessteknologer om design av energikonverterings utstyr.
- Beskrive den grunnleggjande fysikk og kjemi involvert i brenselceller og batterier
- Beskrive energi konvertering ved kjernefysiske prosessar, fusjon og fisjon
- Analysere globalt turbiners virkning, inkludert effektivitet, tap og energitettleiken i drivfluidet
- Forklare samfunnsmessige aspekt ved energi konvertering, til dømes overføring, forbruk og generell økonomi

Krav til forkunnskapar

MAT111 Grunnkurs i matematikk og PHYS113 Mekanikk 2 og termodynamikk eller KJEM210 Termodynamikk eller tilsvarende.

Tilrådde forkunnskapar

Gode kunnskapar i fysikk, geofysikk, kjemi eller matematikk er ein føremon.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftleg, 4 timar.

Hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

FARMASI EMNE

FARM110 / Kjemi og energi	192
FARM130 / Organisk kjemi	194
FARM131 / Organisk syntese og analyse.....	195
FARM211 / Farmasøytisk fysikalsk kjemi	197
FARM236 / Lækjemiddelkjemi.....	199
FARM238 / Farmakognosi, inklusive botanikk.....	201
FARM250 / Analytisk kjemi	203

FARM110 / Kjemi og energi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset passar for studentar som anten har ein god bakgrunn i kjemi frå vidaregåande skule (Kjemi 2 (3KJ), ev. beherskar Kjemi 1 (2KJ)-pensumet fullt ut) eller som har fylgt undervisninga i KJEM100. Kjemi er studiet av oppbygginga, eigenskapar og reaksjonar til stoff, og dette emnet introduserer kjemien sine tre aspekt ut frå eit fysikalsk perspektiv, kombinert med mange eksempel henta frå daglegliv, industri og naturen. Av tema som inngår kan nemnast: Tilstandslikningar, energiomgrep (entalpi, fri energi), entropi, Nernst likning, elektrokjemi, eigenskapar til løysningar, aggregattilstandar, reaksjonskinetikk og kjernekjemi. Det inngår ein avgrensa laboratoriedel som illustrerer deler av det teoretiske pensumet og gir øving i eksperimentelt arbeid.

Fagleg overlapp

K101: 10SP. KJEM110:10SP.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs m/journal og innleveringsoppgåver. Godkjend HMS-kurs. Dette kan takast same semester i forkant av FARM110-undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: gul). Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

Emnet er reservert for studentar på studieprogramma Integrert masterprogram i farmasi og Masterprogram i farmasi for reseptarer.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM110 skal studenten kunne:

- greie ut om grunnleggande omgrep innan delar av kjemien der energi er sentralt.
- beskrive oppbygging, eigenskapar og reaksjonar til stoff ut frå eit fysikalsk perspektiv.
- forklare struktur og bindingsforhold i atom og molekyl.
- gjere utrekningar ved hjelp av fysikalsk-kjemiske lover og likningar.
- gjennomføre eksperiment i eit laboratorium etter ein skriftleg prosedyre.
- rapportere skriftleg formål og utføring av eit laboratorieforsøk og vurdere resultatata frå forsøket i ein laboratoriejournal.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT101, KJEM100

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Mappeevaluering basert på laboratoriekurs (bestått/ikkje bestått), obligatorisk innleveringsoppgåve (bestått/ikkje bestått), midtsemestervurdering (2t) (30%) og skriftleg slutteksamen (4t) (70%).

Utfyllande eksamensregler:

1. Laboratoriekurset og innleveringsoppgåve er gyldige i 6 påfølgande semester.
2. Midtsemestervurdering og slutteksamen har berre gyldigheit i same semester som dei gjennomførast.
3. I semester med undervisning:

a) Studentar utan godkjend laboratoriekurs og innleveringsoppgåve frå tidlegare semester må gjennomføre mappeevaluering.

b) Studentar med godkjend laboratoriekurs og innleveringsoppgåve frå tidlegare semester kan

Enten

i. Etter skriftleg melding til instituttet innan fristen for eksamensoppmelding, delta i mappeevalueringa, og må då gjennomføre alle delane av mappeevalueringa, bortsett frå laboratoriekurset, i inneverande semester.

Eller

ii. Bare avlegge avsluttande eksamen. Resultatet frå denne eksamen utgjer karaktergrunnlaget.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar.

Oppgåver, journalar og andre obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM130 / Organisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet omfattar ein generell oversikt over dei grunnleggande stoffklasser, deira konstitusjon, eigenskapar, viktigaste framstillingsmåtar og reaksjonar. Utanom innføring i grunnomgrepa i organisk kjemi vil viktige anvendelser av organisk kjemi bli diskutert.

Fagleg overlapp

K103: 10stp. KJEM130: 10 stp.

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: rød).

Krav til studierett

Emnet er reservert for studentar på studieprogramma Integrert masterprogram i farmasi og Masterprogram i farmasi for reseptarer.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM130 skal studenten kunne:

- beskrive og tolke grunnleggjande organisk nomenklatur,
- beskrive eigenskapar, viktigaste framstillingsmåtar og reaksjonar til funksjonelle grupper,
- skissere og forstå sentrale reaksjonsmekanismer innan organisk kjemi,
- beskrive og forstå sentrale omgrep innan isomeri,
- eksemplifisere bruk av organisk kjemi i andre fagfelt.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM100 eller FARM110/ KJEM110 (FARM110/KJEM110 kan takast samtidig).

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t). Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Modellsett.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM131 / Organisk syntese og analyse

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset vil omfatte syntese av organiske sambindingar med bruk av mikro- og halvmikroutstyr. Syntesane skal vise korleis organiske reaksjonar dannar basis for industriell verksemd så som organisk fin kjemi og farmasøytisk kjemi, innan tilgrensa fagområde som biologi, geologi, og medisin. Kurset vil gje ei enkel innføring i analytisk organisk kjemi ved bruk av kvalitative analyser og instrumentelle metodar med vekt på spektroskopi. Prinsipp for nokre metodar for stukturanalyse av organiske sambindingar vil bli gjennomgått. Omfattande laboratorie-arbeid med moderne syntetiske reaksjonar og analytiske metodar vil illustrere kva organisk kjemi betyr for samfunnet. Det blir fokusert på metodar innan "grøn kjem", dvs. korleis ei kan gjera kjemisk syntese på ei miljøvenleg måte.

Fagleg overlapp

K103: 5stp. K234: 5stp. K234A: 5stp. KJEM131: 10stp.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs m/journal (del av mappeevalueringa).

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Haust (fargekode:raud). Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

Emnet er reservert for studentar på studieprogramma Integrert masterprogram i farmasi og Masterprogram i farmasi for reseptarer.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM131 skal studenten kunne:

- analysere og utarbeide flytskjema for organiske syntese- og analyseprosedyrar.
- analysere eit utval kjemiske reaksjonar som er nytta i samband med syntese av viktige organiske sambindingar.
- skrive reaksjonsskjema og mekanismar for eit utval viktige reaksjonar nytta i organisk syntese.
- kjenne til forskjellige apparat og glasutstyr som vert nytta i organisk syntese laboratorium og kunne nytta desse i grunnleggjande eksperimentelt syntetisk arbeid.
- skrive syntesetabell, berekne utbytte og samanfatte eksperimentelle resultat i laboratorierapport.
- arbeid i samsvar med dei grunnleggjande reglane for helse, miljø og sikkerheit (HMS) for organisk kjemilaboratorium

Krav til forkunnskapar

KJEM100/KJEM110/FARM110.

Tilrådde forkunnskapar

KJEM130/FARM130. Kurset KJEM131/FARM131 er basert på at studentane har kunnskapar i organisk kjemi som tilsvarar nivå frå KJEM130/FARM130.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Mappeevaluering basert på laboratoriejournal (60%), og skriftleg eksamen (3t) (40%).

Utfyllande eksamensreglar:

1. Gjennomført laboratoriekurs og journal gjev rett til å gå opp til eksamen i påfølgande 6 semester.
2. Laboratoriejournalen må alltid leggjast fram til vurdering som ein del av mappa.
3. I semester med undervisning, kan
 - a. Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester gå opp til teorieksamen, som då inngår i mappa saman med vurdering av journalen.
 - b. For studentar utan godkjent laboratoriekurs frå tidlegare semester, må både laboratoriekurs og skriftleg eksamen gjennomførast.
4. I semester utan undervisning, kan
 - a. Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester gå opp til teorieksamen, som då inngår i mappa saman med vurdering av journalen.
 - b. Studentar utan godkjent laboratoriekurs kan ikkje avleggja eksamen.
Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Oppgåver, journalar og andre obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM211 / Farmasøytisk fysikalsk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet inneheld ei grundig framstilling av termodynamikkens lover, samt utvalde emne innan farmasøytisk teknologi, makromolekyl og kolloidkjemi. Emnet byggjer vidare på termodynamiske og kinetiske grunnomgrep introdusert i FARM110. Emnet omhandlar m.a. kjemisk likevekt, faselikevekte, fasediagram (overgangar mellom gass, væske og faste stoff), eigenskapar av væskeblandingar og løysingar av stoff i væsker. Sentrale omgrep og fenomen vil bli undersøkt i laboratoriedelen.

Fagleg overlapp

K104: 10stp, K104A: 10stp, KJEM210: 10stp, FARM210: 10stp.

Undervisningspråk

Engelsk (English).

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førellesningar og laboratorieundervisning.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs m/rapportar og lab.-førebuing. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må du ta kurset same semester i forkant av undervisninga.

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få dei godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet. Dei obligatoriske aktivitetane er ikkje ein del av vurderingsgrunnlaget.

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i ti påfølgjande semester.

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: blå). Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket.

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor.

Krav til studierett

Emnet er reservert for studentar på studieprogramma Integrert masterprogram i farmasi og Masterprogram i farmasi for reseptarar.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM211 skal studenten kunne:

- anvende grunnleggjande termodynamiske prinsipp til studiet av kjemisk/fysiske prosessar og likevekte som:
- energi/arbeid/varme relasjonar
- faselikevekte og faseovergangar
- kolligative eigenskapar
- forstå grunnomgrep i farmasøytisk teknologi, makromolekyler og kolloidkjemi. Kurset vil også gje grunnleggjande kunnskapar om formulering.

Krav til forkunnskapar

FARM110/KJEM110.

Tilrådde forkunnskapar

MAT101.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Tel 100 % av sluttkarakteren. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i ti påfølgjande semester.

Lovleg hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel lommekalkulator i tråd med retningslinjene til fakultetet.

Hjelpemiddel til eksamen

Enkel kalkulator i tråd med retningslinjene til fakultetet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM236 / Lækjemiddelkjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Kurset omfattar dei viktigaste lækjemidla og lækjemiddelgruppene sin kjemi: tredimensjonale konfigurasjon, syntese, metabolisme og stabilitet. Vidare blir samanhengen mellom tredimensjonal struktur av lækjemidlet og biologisk aktivitet vektlagt. Kurset skal vidare tene som grunnlag for farmakologi og galenisk farmasi.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førelesingar/ 4 timar pr veke

Førelesingar/ 13 veker

Førelesingar/ 52 timar totalt

Kollokvium/ 2 timar pr veke

Kollokvium / 12 veker

Kollokvium / 24 timar totalt

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til studieprogramma Integrrert masterprogram i farmasi eller Masterprogram i farmasi for reseptarar eller ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter å ha fullført emnet FARM236 vil studenten ut frå strukturformelen til ei sambinding kunne:

- gjere greie for sannsynleg bruk (lækjemiddelgruppe)
- gjere greie for verknadsmekanisme
- diskutere moglege bindingsinteraksjonar med biologiske makromolekyl
- drøfte eigenskapar som stabilitet og vassløysingsevne
- drøfte absorpsjon, distribusjon, metabolisme, eliminasjon og toksisitet

Krav til forkunnskapar

FARM130/KJEM130 eller tilsvarande

Tilrådde forkunnskapar

FARM150 eller tilsvarande

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t). Dersom det er få deltakarar kan det bli munnleg eksamen.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i tråd med retningslinjene til fakultetet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM238 / Farmakognosi, inklusive botanikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset inneheld ei kort innføring i plantesystematikk. Sentrale gift- og medisiplantar samt naturlegemiddel vert omtala. Viktige stoffklassar (sekundære metabolittar) i og frå naturen vert framheva, og det vert lagt vekt på klassifisering, nomenklatur, struktur, biosyntese, førekomstar, analyse og farmasøytiske perspektiv. Praktiske øvingar demonstrerer ulike teknikkar innanfor naturstoffkjemi.

Fagleg overlapp

KJEM238:10 stp, KJEM332:10 stp, K332:9stp

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Forelesing: 4 timar per veke

Laboratoriekurs

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse: <http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til studieprogramma Integrrert masterprogram i farmasi eller Masterprogram i farmasi for reseptarar.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM238 skal studenten kunne:

- gje ei oversikt over feltet naturstoffkjemi.
- identifisere ulike typar naturstoff, deira førekomstar, struktur, biosyntese og eigenskapar.
- drøfte bruk av naturstoff som utgangspunkt for legemiddel.
- utføre sjølvstendige undersøkingar av plantemateriale og naturstoff.

Krav til forkunnskapar

FARM130/KJEM130 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Dersom det er få deltakarar kan det verta munnleg eksamen.

Lovlege hjelpemiddel på eksamen er: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og molekylbyggjesett.

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FARM250 / Analytisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gjev ei innføring i kvantitativ analyse av uorganiske og organiske sambindingar i dei vanlegaste prøvematriser, som luft, vatn, fast stoff og biologisk materiale. Forskjellige trinn i analysegangen vil bli omhandla, som prøvetaking, prøveopparbeiding, våtkjemisk og instrumentell analyse, kvalitetssikring, og vurdering og rapportering av analyseresultat. I laboratoriekurset skal studentane bestemme konsentrasjonar av analyttar i reelle prøver.

Fagleg overlapp

K241: 10stp. KJEM250: 10 stp.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs. Karakteren i godkjenning av analyseresultater på lab og føring av labjornaler er gyldig i 6 påfølgande semester.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: rød).

Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

Emnet er reservert for studentar på studieprogramma Integrert masterprogram i farmasi og Masterprogram i farmasi for reseptarer.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne FARM250 skal studenten kunne:

- forklare prinsippa bak dei vanlegaste metodane i kvantitativ kjemisk analyse.
- peike på anvendelser for de vanlegaste metodane i kvantitativ kjemisk analyse.
- berekne analyseresultat basert på dei mest brukte kvantifiseringsprinsippa.
- anvende grunnleggjande statistiske metodar til å vurdere eit analyseresultat.
- forklare vanlege årsaker til analysefeil og tiltak som kan brukast for å motverke dei.
- anvende skrivne prosedyrar til å utføre nøyaktige kvantitative bestemmingar på laboratoriet.

Krav til forkunnskapar

KJEM/FARM110, KJEM/FARM131 eller tilsvarende

Tilrådde forkunnskapar

KJEM120, KJEM210, MAT101/MAT111, STAT101/STAT110 eller tilsvarende

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t).

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

FYSIKK EMNE

PHYS101 / Grunnkurs i mekanikk og varmelære	207
PHYS102 / Grunnkurs i elektrisitetstlære, optikk og moderne fysikk	208
PHYS109 / Innføring i astrofysikk	210
PHYS111 / Mekanikk 1	211
PHYS112 / Elektromagnetisme og optikk	213
PHYS113 / Mekanikk 2 og termodynamikk	214
PHYS114 / Grunnleggjande målevitenskap og eksperimentalfysikk	216
PHYS115 / Kvantefysikk og statistisk mekanikk	217
PHYS116 / Signal- og systemanalyse	218
PHYS118 / Moderne fysikk I	219
PHYS210 / Grunnlagsproblem i fysikk	220
PHYS231 / Strålingsfysikk	221
PHYS251 / Det nære verdensrommet	222
PHYS252 / Eksperimentelle metodar i romfysikk	223
PHYS271 / Akustikk	224
PHYS291 / Databehandling i fysikk	225
PHYS117 / Prosjektoppgåve i fysikk	226
PHYS201 / Kvantemekanikk	227
PHYS205 / Elektromagnetisme	228
PHYS206 / Statistisk fysikk og termodynamikk	229
PHYS208 / Faststoffysikk	230
PHYS212 / Fysikk i medisinsk diagnostikk	231
PHYS213 / Medisinsk fysikk i stråleterapi	232
PHYS222 / Analog integrert kretsteknologi	233
PHYS223 / Digital integrert kretsteknologi	234
PHYS225 / Måleteknologi	235
PHYS232 / Eksperimentelle metodar i kjerne -og partikkelfysikk	237
PHYS241 / Kjerne- og partikkelfysikk	238
PHYS261 / Atomfysikk og fysikalsk optikk	239
PHYS263 / Laboratoriekurs i optikk	240
PHYS264 / Miljøoptikk og transport av lys og partikler	241
PHYS272 / Akustiske transdusere	242
PHYS301 / Generell relativitetsteori	243
PHYS303 / Relativistisk kvantemekanikk og feltteori	244
PHYS321 / Datamaskinassistert konstruksjon og produksjon av elektronikk	245
PHYS325 / Signal- og kommunikasjonsteori	246

PHYS327 / Laboratoriekurs i instrumentering og prosessregulering.....	247
PHYS328 / Utvalde emne innan måleteknologi	249
PHYS333 / Relativistisk tungionefysikk	250
PHYS335 / Tungionefysikk ved middels og høge energier	251
PHYS341 / Utvalde emne i eksperimentell partikkelfysikk	252
PHYS342 / Kvantefeltteori.....	253
PHYS343 / Kvar- og leptonfysikk.....	254
PHYS352 / Utvalde emne i ionosfærefysikk	255
PHYS372 / Utvalde emne i ikkelineær akustikk	256
PHYS373 / Akustiske målesystem	257
PHYS374 / Teoretisk akustikk	258
PHYS391 / Datasystem for eksperimentalfysikk.....	259
PHYS399 / Masteroppgåve i fysikk	Feil! Bokmerke er ikke definert.
PHYS399K / Masteroppgåve i fysikk	Feil! Bokmerke er ikke definert.

PHYS101 / Grunnkurs i mekanikk og varmelære

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i dei grunnleggjande omgrepa i mekanikk og varmelære: Rørsle, kraft, energi og effekt, rotasjon, temperatur og varme, hovudsetninga i varmelæra, svingingar, bølger og lyd med døme på bruk i andre fag.

Emnet er først og fremst meint som eit brukarkurs for andre fagområde enn fysikk, geofysikk og matematikk. Det vert lagt vekt på å få ei oversikt og forståing av fysikkomgrepa utan for mykje bruk av matematisk formalisme i framstillinga av stoffet.

Fagleg overlapp

PHYS111: 3stp, PHYS113: 2stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS101 skal studenten kunne

- forklare sentrale fenomen, omgrep og forklaringsmodellar i mekanikk og varmelære
- bruke grunnleggjande lover og samanhengar til å løyse enkle oppgåver i mekanikk og varmelære
- teikne skisser som systematiserer problemet i slike oppgåver

Tilrådde forkunnskapar

Fysikk1 (2FY) og MAT101. MAT101 kan lesast parallelt.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegseksamen, 2 timer, kan gjelde inntil 20% av endeleg karakter.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og 5 A4-sider med studentane sine egne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstørringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Deleksamen gjeld 1 semester. I semester utan undervisning tel avsluttende eksamen 100% av endeleg karakter.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS102 / Grunnkurs i elektrisitetslære, optikk og moderne fysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei innføring i elektrisitetslære, magnetisme, optikk og moderne fysikk: Elektrisk ladning og elektrisk felt, straum, spenning og motstand, magnetfelt, elektromagnetiske bølger, lyset sin natur og optiske instrument, atom, kjernar og elementærpartiklar, radioaktivitet og stråling med eksempel på bruk i andre fag.

Emnet er først og fremst meint som eit brukarkurs for andre fagområde enn fysikk, geofysikk og matematikk. Det vert lagt vekt på å få ei oversikt og forståing av fysikkomgrepa utan for mykje bruk av matematisk formalisme i framstillinga av stoffet.

Fagleg overlapp

PHYS112: 3stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS102 skal studenten kunne

- forklare sentrale omgrep, lover og forklaringsmodellar innan elektrisitetslære, optikk og utvalde tema i moderne fysikk
- bruke grunnleggjande lover og samanhengar til å løyse enkle oppgåver i elektrisitetslære, optikk og moderne fysikk
- teikne skisser som systematiserer problemstillingen i slike oppgåver.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS 101.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegseksamen, 2 timer, kan gjelde inntil 20% av endeleg karakter. Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og 5 A4-sider med studentane sine egne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstørringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Gyldighet av deleksamen er 1 semester. I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS109 / Innføring i astrofysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i generell astrofysikk med spesiell vekt på dei fysiske prosessar som ligg til grunn. Eksempel på tema som vert behandla er: Astrofysiske observasjonar, oppbygginga og utstrålinga til sola, planetane og deira atmosfære, månar samt planetære energibudsjett, stjernene sitt liv frå stjernefødsel til supernovaeksplonasjonar, Melkevegen, interstellær materie, galaksar og galaksehopar, kosmologi.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Forelesningar 4 timar per veke

Oppgavegjennomgåing i plenum 1 time per veke

Rekneverkstad 2 timar per veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjend prosjektoppgåve (Gyldig i fire semester)

Undervisningssemester

Haust (gul)

Krav til studierett

Emnet er opent for alle studentar med ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskapelege fakultet

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne forklare og gjere utrekningar basert på dei fysiske lovene som styrer utviklinga av stjerner, galaksar og andre strukturar i universet og kva som påverkar det planetære energibudsjettet. Studentane skal kunne gjere greie for dei viktigaste observasjonsteknikkane som vert nytta og kva informasjon diverse målte parameter kan gi oss om eigenskapane til og strålinga frå sola og forskjellige andre himmellekamar.

Tilrådde forkunnskapar

MAT111, som ein kan lese parallelt, og Fysikk 2 eller PHYS101 og PHYS102

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og 5 A4-sider med studentane sine eigne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstørringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Karakterskala

Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F

PHYS111 / Mekanikk 1

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i kinematikk og dynamikk i fleire dimensjonar, energi og felt med spesiell vekt på gravitasjonsfelt, vekselverknad mellom objekt, stive lekamar, rotasjon, statikk, elastisitetlære, og fluidmekanikk. Emnet skal gi studentane ei grundig forståing av mekanikken sine grunnleggjande lover, omgrep og tenkjemåte og gjere studentane i stand til å nytte disse på fysiske problemstillingar. I laboratorieøvingar vert enkle eksperiment gjennomført for å belyse sentrale delar av pensum.

Fagleg overlapp

PHYS101: 3stp

Undervisningspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøving, 10 timer. Gyldighet av obligatoriske laboratorieøvinger for emnet er 6 semester, inkludert semesteret øvelsene utføres.

Undervisningssemester

Haust 2014 (fargekode: rød).

Frå og med våren 2015 vil emnet undervises i vårsemesteret med blå fargekode.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS111 skal studentane kunne:

- forklare sentrale omgrep, lover og forklaringsmodellar innan kinematikk, dynamikk, statikk, elastisitetlære og fluidmekanikk.
- bruke grunnleggjande lover og samanhengar til å løyse oppgåver innan kinematikk, dynamikk, statikk, elastisitetlære og fluidmekanikk.
- teikne skisser som systematiserer problemstillingen i slike oppgåver.
- samanfatte laboratoriearbeid i ein skriftleg rapport.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Fysikk 2 (3FY), MAT131

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Laboratorieøvinger må være bestått for å få gå opp til eksamen.

Tillatte hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar, matematisk formelsamling og 5 A4-sider med studentane sine egne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstøringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS112 / Elektromagnetisme og optikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i elektromagnetisme og optikk med spesiell vekt på følgjande tema: Elektriske felt og elektriske straumar, magnetfelt og induksjon, grunnleggjande elektriske kretsar, Maxwell sine likningar og elektromagnetiske bølger, geometrisk optikk, fysikalsk optikk, interferens og diffraksjon.

Fagleg overlapp

PHYS102: 3stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Haust (fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS112 skal studenten kunne

- forklare sentrale omgrep, lover og forklaringsmodellar innan elektrisitetlære, elektromagnetisme og optikk
- bruke grunnleggjande lover og samanhengar til å løyse oppgåver innan elektrisitetlære, elektromagnetisme og optikk
- teikne skisser som systematiserer problemstillingen i slike oppgåver.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS111 og MAT212. MAT212 kan lesast parallelt.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegeksamen eller annen midtveisaktivitet kan gjelde inntil 25% av endelig karakter. Tillatte hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar, matematisk formelsamling og 5 A4-sider med studentane sine eigne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstøringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS113 / Mekanikk 2 og termodynamikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet tek for seg klassisk mekanikk og grunnleggjande termodynamikk: svingingar, mekaniske bølger, gravitasjon, grunnleggjande celestmekanikk, spesiell relativitetsteori, termodynamiske prosesser og variablar, hovudsetningane i termodynamikken og varmetransport. Emnet dannar grunnlag for vidare studium i mellom anna fysikk, geofysikk, og industrielle prosesser.

Fagleg overlapp

PHYS101: 2stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Haut (fargekode: rød)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS113 skal studentane kunne

- bruke lovene frå klassisk mekanikk på fysiske problemstillingar
- gjere greie for Newton si gravitasjonslov og rørsla til planetane i solsystemet
- forklare prinsippa bak den spesielle relativitetsteorien og kunne løyse enkle kinematiske problem basert på denne,
- greie ut om dei grunnleggjande termodynamiske omgrepa temperatur, varme, indre energi og entropi,
- forklare hovudsetningane i termodynamikken
- bruke første og annen lov i termodynamikken til å rekne ut den teoretiske verknadsgraden til varmekraftmaskiner

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS111 og MAT212. MAT212 kan lesast parallelt.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegseksamen eller anna midtveisaktivitet kan gjelde inntil 25% av endeleg karakter. Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar, matematisk formelsamling og 5 A4-sider med studentane sine eigne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstøringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Gyldighet av deleksamen er 1 semester. I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS114 / Grunnleggjande målevitskap og eksperimentalfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir en innføring i moderne måleteknikk og datainnsamling, generell bruk av måleinstrument, behandling og vurdering av måledata. Laboratorieoppgåvene demonstrerer måleproblemstillingar frå ulike deler av fysikken. Nokre av oppgåvene måler størrelsar som er av betydning i miljøsamanheng.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøvelser. Gyldighet av obligatoriske laboratorieøvinger for emnet er 6 semester.

Undervisningssemester

Vår (fargekode: blå)

Frå og med våren 2016 har emnet fargekode gul.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS114 skal studenten kunne:

- Bruke standard laboratorieinstrument (som multimeter, tellar og oscilloskop) i forskjellige måleoppsett.
- Programmere og bruke et PC-basert datainnsamlingssystem for å gjennomføre enkle målinger.
- Vurdere innsamla måledata og dei fysiske størrelsane ein har kome fram til ved overslag og formlar for måleuvisse.
- Presentere problemstilling og måleresultat i ein oversiktleg laboratoriejournal.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT111 PHYS102 eller PHYS111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Mappeevaluering av laboratoriejournalar og muntleg avsluttande eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS115 / Kvantefysikk og statistisk mekanikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei brei innføring i moderne fysikk: spesiell relativitetsteori, kvantisering, Schrödingerlikninga, atomfysikk, klassiske og kvantemekaniske statistiske system, faststoff-fysikk, kjernefysikk og partikkelfysikk. Emnet førebur til vidare studiar i atom- og subatomær fysikk.

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Haust (fargekode: gul). Undervises siste gong hausten 2015.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS115 skal studenten kunne

- bruke spesiell relativitetsteori på utvalde problem,
- løyse Schrödingerlikninga for enkle potensial i 1, 2, og 3 dimensjonar og tolke løysinga,
- gjere greie for bindinga i atom og forklare oppbygginga av det periodiske system,
- gjere greie for elektronstruktur i metall og halvleiarar,
- bruke statistisk fysikk på enkle problem, gjere greie for fundamentale prinsipp i kjerne og partikkelfysikk

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS110, PHYS112, PHYS113

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegseksamen og/eller innleverte arbeid kan gjelde inntil 25% av endeleg karakter.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar, matematisk formelsamling og 5 A4-sider med studentane sine eigne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som forstørringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Gyldighet av deleksamen er 1 semester. I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS116 / Signal- og systemanalyse

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Studenten lærer kva digital signalbehandling er. Emnet tek opp tidsdiskrete system og analyser av desse i tid (differanselikningar), frekvens (Fouriertransformasjonar) og z-plan

(Z-transformasjonar). Spesifikt analyser ein ulike typar filter (lavpass, bandpass), FIR-filter (bruker berre framoverkopling), IIR-filter (bruker også tilbakekopling) og generelt stabilitetskriterium. Læreri ke laboratorieoppgåver der ein brukar simuleringsprogrammet Matlab til å implementere ulike digitale algoritmar, viser praktisk bruk av digital signalbehandling, som på musikk og tale. Det er ein fordel å kunne litt om programmering, men det er mulig å ta kurset og lære enkel programmering i Matlab undervegs.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøvingar. Gyldighet av obligatoriske laboratorieøvinger for emnet er 6 semester.

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført PHYS116 skal studenten kunne

- gjere greie for korleis ein digitaliserar signal og relaterte problem med nedfolding og kvantisering.
- lage enkle algoritmar som implementerer ulike filtertypar, springande middel, lavpass, bandpass og bruke desse på praktiske problemstillingar som lyd- og bildebehandling.
- forklare forskjellen på FIR og IIR filter og beherske teoretiske analysemetodar som z-plan, frekvensplan og tidsplan brukt på desse filtera

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS112, PHYS114, INF100 eller INF109. Disse to kan også taes parallelt med PHYS116.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Eksamen kan bli skriftleg, 4 timer, avhengig av antall oppmelde studenter. Midtvegeksamen og/eller innleverte arbeid kan gjelde inntil 25% av endeleg karakter.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS118 / Moderne fysikk I

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i Einsteins spesielle relativitetsteori, ei innføring i fenomenar som leia til den klassiske fysikken sitt samanbrot og utviklingen av kvanfefysikken. Vidare gis ei innføring i grunnleggjande kvantemekanikk, Schrödingers likning og løysing av denne for enkle modellproblem og for hydrogenatomet. Til slutt innføres omgrepet spin, Pauliprinsippet og oppbygginga av det periodiske system.

Undervisningspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjend obligatorisk oppgåve. (Gyldig i 6 semester)

Undervisningssemester

Vår. Undervises første gong våren 2016 (fargekode: rød).

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev.opptakskrav.

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS118 skal studenten kunne

- bruke spesiell relativitetsteori på utvalde problem.
- gjere greie for sammenbruddet til klassisk fysikk og utviklingen av kvantefysikken
- gjere greie for sentrale omgrep i elementær kvantefysikk som Schrödingerlikninga, partikkel-bølgedualisme og Heisenbergs
- uvissesrelasjon, tunnelering og fortolkning av bølgefunksjonen.
- kunne bruke Schrödingerlikninga til å løyse enkle problem, bundne og ikkje-bundne tilstander og hydrogenatomet.
- gjere greie for atomenes oppbygging og det periodiske system

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS111, PHYS112, PHYS113

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftlig eksamen, 4 timer. Lovlege hjelpemiddel: Matematisk formelsamling, godkjend lommekalkulator og 5 A4-sider med studentane sine eigne notat. Notatane kan vere hand- eller maskinskrivne, men må kunne lesast utan hjelpemiddel som

forstørringsglas. Studentane har sjølv ansvar for å sjekke at deira kalkulator er godkjend i fakultetets eksamensreglement.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS210 / Grunnlagsproblem i fysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset tek opp sentrale grunnlagsproblem i moderne fysikk, mellom anna i kvantemekanikken. Teoretiske størrelsar, status, sannsynsogrepet, måleproblemet og status til observatøren i kvantemekanikken, kausalitet og determinisme-indeterminisme er emne som blir tatt opp og sett inn i ein historisk og vitskapsteoretisk samanheng. Aktivt studium av den historiske utviklinga til omgrepa i fysikken utgjer ein del av studentaktiviteten i kurset. Aktuelle emne i tilknytning til kaosteori, fraktalgeometri og kompleksitet blir tatt opp, delvis i form av obligatoriske øvingar og skriftlege oppgåver.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Seminar, øvelser og skriftlige arbeider

Undervisningssemester

Vår. Undervises siste gong våren 2016.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS210 skal studenten kunne

- gjere greie for idégrunnlaget og idéhistoria til fysikken
- gjere greie for betydinga av vitskapsteoretiske problemstillingar
- gi ei oversikt over tolkingsproblema i kvantefysikken
- gi ei oversikt over fysikken sin plass i 'vitenskapskulturen',
- greie ut om uvissesanalysen utifrå kompleksitetsteoriar og kaosteori

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS112, PHYS113, PHYS115

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Muntlig eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS231 / Strålingsfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i strålingsfysikk, nærare bestemt grunnlaget for radioaktivitet og stråling, svekking- og absorpsjonsprosessar, målemetodar og instrumentering, dosimetri, verknader på biologiske vesen, medisinske og tekniske bruksområde, risiko ved bruk av stråling og omtale av strålemiljøet.

Fagleg overlapp

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS231 skal studenten kunne

- forklare sentrale omgrep, lover og enkelte modellar i kjernefysikk
- greie ut om det naturlige og kulturelt bestemte strålingsmiljøet
- greie ut om dosimetrisk målemetodar og instrumentering
- bruke grunnleggjande lover til å løyse enkle problem i strålingsfysikk
- vurdere dosar, dosegrenser og påkjenningar ved bruk av radioaktiv stråling

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS102 eller PHYS110

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Muntleg eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS251 / Det nære verdensrommet

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei brei innføring i fysiske prosessar og forhold i det jordnære rommet, som m.a. har innverknad på romværet: Strukturen til sola, solaktivitet og stråling frå sola, solvinden, atmosfæren til jorda, ionosfæren og kva den betyr for radiokommunikasjon, jorda sitt magnetfelt og strålingsfelt, bevegelsen av lada partiklar i jorda si magnetosfære, partikkelnedbør, nordlys og kosmisk stråling. Det vil bli lagt vekt på å vise korleis jorda sitt magnetfelt påverkar vårt nære verdsrom, og omvendt.

Undervisningsspråk

Engelsk, Norsk dersom kun norskpråklige studenter.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS2521skal studentane kunne

- Beskrive dei viktigaste regionane i det nære verdsrommet
- Greie ut om dei viktigaste parametrane i dei ulike regionane
- Beskrive dei viktigaste prosessane som skjer mellom dei forskjellige regionane i det nære verdsrommet

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS112, PHYS113, PHYS115

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Muntleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS252 / Eksperimentelle metoder i romfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet behandlar eksperimentelle metoder i romfysikk, mellom anna instrumentberarar, satellittmekanikk, strålingsdetektorar, måling av magnetfelt, radiometodar og optiske målingar. Ekskursjon til Andøya rakettskytefelt eller Svalbard. Emnet dannar eit grunnlag for instrumentering og tolking av målingar i fagfeltet.

I dette emnet er det svært få plasser tilgjengelig. Ved større søkertall vil derfor studenter på master i romfysikk prioriteres.

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Prosjektoppgave og ekskursjon

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS252 skal studentane kunne

- gjere greie for grunnleggjande prinsipp bak instrument til måling av magnetfelt, lys, røntgenstråling og lada partiklar
- forklare utvalde radiobølgeeksperiment i utforsking av ionosfæren
- hente og systematisere sanntidsmålingar frå relevante romsondar og bakkeobservatorium under eit nordlysbrot
- gi ei førebels tolking av dei innsamla målingane
- samanfatte resultatet i ein skriftleg rapport.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS251

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Muntleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS271 / Akustikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir innføring i grunnleggande metodar i akustikk som ein viktig basis for grunnleggande forskning innan akustikk og ultralyd så vel som for teknologiske industrielle anvendingar. Emnet omhandlar vibrerande lekamar; ståande bølger i strengar, membranar og stavar; forplantning av lydbølger; lydkjelder og lydfelt; transmisjon og refleksjon; lydabsorpsjon; akustiske resonatorar og bølgeleiarar; hørsle; romakustikk; akustiske transdusarar; og undervannsakustikk. Emnet gir ei generell innføring i akustikk/ultralyd, med vektlegging på fysiske prinsipp. Det dannar grunnlag for vidaregåande studium i eksperimentell og teoretisk akustikk/ultralyd, innan ei rekke ulike bruksområde (eksempelvis marin akustikk, medisinsk ultralyd, petroleumsakustikk, piezoelektriske transdusarar, audioakustikk, osv.) . Emnet kan vere av interesse for studentar i tilgrensande fag, som optikk og industriell instrumentering.

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne PHYS271 skal studenten kunne

- forklare sentrale omgrep, lover og forklaringsmodellar innan akustikk,
- gjere greie for grunnleggande fysiske prinsipp bak generering og forplantning av akustiske bølger i gass og væske,
- bruke grunnleggjande lover og samanhengar til å løyse relativt enkle problem innan akustikk.
- forklare sentrale grunnleggande metodar og problemstillingar som er aktuelle i praktiske anvendelsar av akustikk og ultralyd

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS112, PHYS113, PHYS115 eller PHYS116

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Muntleg eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PHYS291 / Databehandling i fysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir en innføring i informasjonsteknologi og bruken av tilgjengelige IT-ressurser ved instituttet med eksemplar henta frå aktuelle forskningsprosjekter. LINUX blir brukt som arbeidsmiljø der man får øving i programmering (C++) og bruk av programpakker (ROOT), samt får prøvd ut enkle prinsipp for nettverkstilgang.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

- gjere greie for kjemisk samansetnad og fysiske eigenskapar til petroleum, petroleumprodukt og fornybare drivstoff.
- kjenne kriterium for kvalitet på petroleumprodukt og fornybare drivstoff.
- gje ei oversikt over det kjemiske grunnlaget for sentrale foredlingsprosessar.
- gjere greie for ressursituasjonen for petroleum og alternative fornybare ressursar.
- innhente informasjon og sjølvsendig vurdere problemstillingar omkring prosesser for utvinning og bruk av petroleum og petroleumprodukt frå ulike kjelder og ulike typar fornybare drivstoff.

Krav til forkunnskapar

KJEM110

Tilrådde forkunnskapar

KJEM130

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Dersom 4 eller færre oppmeldte kan det bli munnleg eksamen.

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel på skriftleg eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM210 / Kjemisk termodynamikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet inneheld ei grundig beskriving av termodynamikkens lover, samt utvalte emne innan elektrokjemi og reaksjonskinetikk. Emnet bygger vidare på termodynamiske og kinetiske grunnomgrep introdusert i KJEM110. Emnet omhandlar bl.a. kjemisk likevekt, faselikevekte, fasediagram (overgangar mellom gass, væske og faste stoff), eigenskapar av væskeblandingar og løysingar av stoff i væsker. Sentrale omgrep og fenomen vil bli undersøkt i laboratoriedelen.

Fagleg overlapp

K104: 10stp, K104A: 10stp, FARM210: 10stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs m/rapport og lab.-førebuing. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i ti påfølgande semester. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:
<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Hautst (Fargekode: blå). Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:
<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM210 skal studenten kunne:

- anvende grunnleggjande termodynamiske prinsipp til studiet av kjemisk/fysiske prosessar og likevekte som:
 - o energi/arbeid/varme relasjonar
 - o faselikevekte og faseovergangar
 - o kolligative eigenskapar
 - o kjemiske og elektrokjemiske likevekte
- bruke reaksjonskinetiske prinsipp til å berekne reaksjonsratar.

Krav til forkunnskapar

KJEM110

Tilrådde forkunnskapar

MAT101

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i ti påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM214 / Overflate- og kolloidkjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset tar sikte på å gi grunnleggande kunnskap i overflate- og kolloidkjemi utifrå eit fysikalsk-kjemisk perspektiv. Sentrale tema er grenseflatefenomen som overflatespenning, grenseflatespenning, adsorpsjon, kapillaritet, fukt, kontaktvinkel samt elektrostatiske eigenskapar til grenseflater. Kolloidale system, mekanisme for kolloidal stabilitet og vekselverknad mellom kolloidale partiklar blir gjennomgått. Vidare omhandlar kurset struktur og eigenskapar til sjølv-assosierande amfifile molekylar, kalla surfaktantar.

Fagleg overlapp

K214: 10 stp, K214A: 10 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM214 skal studenten kunne:

- definere og forklare overflate- og grenseflatefenomen.
- greia ut om ulike kolloidale system og forklare kolloidal stabilitet.
- greia ut om struktur og eigenskapar hos sjølv-assosierande system.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM210, eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

Ingen

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t).

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM217 / Biofysikalsk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Lære biomolekylstruktur og korleis fysikalsk/kjemiske prinsipp kan brukast, er sentralt i emnet. Emnet vil vere obligatorisk for mastergrads- og doktorgradsstudentar med oppgåve i biomolekylær/biouorganisk kjemi.

Fagleg overlapp

K217: 10stp. K217A: 10stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Semesteroppgåve med munnleg presentasjon. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Undervisningssemester

Uregelmessig. Vår. Emnet går ikkje vår 2013.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM217 skal studenten kunne:

greie ut om biomolekylstruktur og korleis fysikalsk/kjemiske prinsipp blir brukt på slike biomolekylære system.

Krav til forkunnskapar

KJEM210, KJEM251, eller tilsvarende

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Dersom fleire enn 4 oppmeldte kan det bli skriftleg eksamen (4t).

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM220 / Molekylmodellering

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gjev ei oversikt over ulike molekyl-baserte berekningsmodellar som er aktuelle for å undersøke eit vidt spekter av kjemiske eigenskapar. Studentane vert først introdusert til modellar basert på klassisk fysikk: molekylmekanikk og molekylodynamikk. Dette er metodar som har atomet som minste eining og som er velegna til studium av store molekyl. Deretter vert det fokusert på modellar som har elektronet som minste eining, og som dermed må ta i bruk kvantemekanikk. Studentane får ei enkel innføring i molekylorbitalbaserte metodar (Hückel, Hartree-Fock og DFT) og nyttar desse til å beskrive og diskutere kjemisk binding, struktur og reaktivitet. Studentane vil bruke eksisterande programvare til å gjere egne berekningar av molekylære eigenskapar.

Fagleg overlapp

K220: 10 stp

Undervisningspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Øvingsoppgåver. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 6 påfølgande semester.

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM220 skal studenten kunne:

- formulere grunnlaget for og dei viktigaste approksimasjonane i sentrale molekylære berekningsmodellar.
- velje berekningsmetode i ulike kjemiske problemstillingar.
- nytte moderne fagspesifikk programvare på gjevne problemstillingar.
- vurdere berekningsresultat kritisk.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, MAT101/MAT111 eller tilsvarande

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM120, KJEM130, MAT101

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Dersom 4 eller færre oppmeldte kan det bli munnleg eksamen.

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 6 påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM225 / Planlegging av eksperiment og analyse av fleirvariable data

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i sentrale fleirvariable metodar anvendt på spektroskopiske, kromatografiske og andre typar fleirvariable data frå farmasi, medisinsk diagnose og plantemedisin, havbruk og petroleum. Sentrale områder er forsøksplanlegging for å oppnå maksimal informasjon frå få forsøk, mønstergjenkjenning for å studere komplekse kjemiske og biologiske system, regresjon for å kunne prediktere kvalitet frå råvarer og prosessvariablar og kalibrering for å frambringe raske og presise automatiserte analyser basert på moderne kjemisk instrumentering. Dataprogram med grafisk grensesnitt nyttast for analyse og visualisering av fleirvariable data.

Fagleg overlapp

K225: 10 stp. PTEK226: 5 stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Dataøvingar m/journal. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Undervisningssemester

Haut

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM225 skal studenten kunne:

- setje opp og analysere resultatata frå ein eksperimentell design.
- gjere greie for antakelser og basisformlar i multipl lineær regresjon, og gjere ein regresjonsanalyse.
- forklare og bruke metodar for optimering av ein respons.
- bruke latente variablar til tolking, klassifikasjon og prediksjon, og kunne vise til teorien bak dette.
- gjere ei sjølvstendig dataanalyse med kjemometrisk programvare.

Krav til forkunnskapar

MAT101/MAT111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM230 / Analytisk organisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset skal gje ei innføring i korleis ein kan analysere organiske sambindingar ved hjelp av moderne kromatografiske og spektroskopiske metodar. Kurset dekkjar både kromatografiske separasjonsteknikkar og spektroskopiske metodar for oppklåring av strukturer av organiske sambindingar. Av spektroskopiske metodar går ein inn på infraraud- (IR), ultrafiolett- (UV) og kjernemagnetisk resonans-(NMR) spektroskopi, og massespektrometri (MS). Kromatografidelen omhandlar teknikkar basert på adsorbsjon-, fordeling-, ionebyttning- og eksklusjonsprinsipp. Vidare vert prøveopparbeiding, kvantitativ analyse og kombinerte metodar med kromatografisk separasjon og spektroskopisk deteksjon behandla. Aktuelle problemstillingar henta frå industri (farmasøytisk-, matvare-, etc.) og kontrollarbeid (miljø-, doping-, etc.) vert presentert.

Fagleg overlapp

K234: 10 stp. K234A: 10stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs m/journal. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Haupt. Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket> Masterstudentar har fyrsteprioritet på emnet.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM230 skal studenten kunne:

- velje strategiar for å separere ulike organiske sambindingar ved hjelp av moderne kromatografiske metodar.
- tolke spektroskopiske data frå IR, UV, NMR og MS enkeltvis og kombinert for å avklare strukturen til enkle organiske sambindingar
- gjere enkle kromatografiske separasjonar og spektroskopiske analyser på instituttet si instrumentering.
- foreta strukturoppklaring basert på teoretiske data innhenta ved hjelp av organiske analysemetodar.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM130, KJEM131, eller tilsvarande

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM231 / Vidaregåande organisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet omfattar organiske reaksjonar og mekanismer utover det som har blitt gjennomgått i KJEM130 eller tilsvarende kurs. Reaksjonane blir diskuterte og systematiserte ut frå eigenskapane til dei funksjonelle gruppene, med bindingstilhøve og konformasjonelle forhold som utgangspunkt. Det blir serleg lagt vekt på stereokjemiske aspekt ved reaksjonane. Vidare blir det diskutert korleis dei kjemiske reaksjonane kan nyttast til å lage organiske sambindingar med fleire funksjonelle grupper; dette blir illustrert med døme frå kjemisk og farmasøytisk industri. Det vil også bli gitt eit oversyn over viktige stoff som finst i naturen eller som blir brukte til ulike formål i samfunnet. Relevante miljøproblem knytt til grupper av organiske sambindingar vil også bli omtala.

Fagleg overlapp

K231: 10stp

Undervisningspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Innlevering av minst fem oppgåvesett. Minst to av desse må vera innleverte før midtsemesterprøva. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i eitt påfølgjande semester.

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM231 skal studenten kunne:

- gi korrekte namn til substituerte organiske sambindingar som inneheld fleire funksjonelle grupper og stereosentra.
- bruka relevant kjemisk terminologi på ein korrekt måte.
- nytta kunnskapar om elektronfordeling og bindingstilhøve til å forutseia korleis organiske sambindingar som høyrer til dei viktigaste stoffklassane, vil reagera.
- bruka kunnskapar om kjemisk reaktivitet til å utarbeida forslag til syntesar av meir kompliserte molekyl.
- drøfta korleis sambindingar med ein eller fleire sure C-H-einingar reagerer.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM130, KJEM131 eller tilsvarende

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Midtsemesterprøve (10%), prosjektoppgåve (25%) og skriftleg avsluttande eksamen (4t) (65%).

Utfyllande eksamensreglar: 1. Midtsemesterprøve er gyldig i eitt påfølgjande semester og prosjektoppgåve er gyldig i fire påfølgjande semester. 2. I semester med undervisning: a) Studentar med godkjend prosjektoppgåve frå tidlegare må delta på nytt i obligatoriske aktivitetar (innlevering av minst fem oppgåvesett) og ta midtsemesterprøve på nytt for å kunne avlegge skriftleg avsluttande eksamen. Midtsemesterprøve (10%), prosjektoppgåve frå tidlegare (25%) og skriftleg avsluttande eksamen (65%) utgjer karaktergrunnlaget. b) Studentar utan godkjend prosjektoppgåve frå tidlegare må delta i obligatoriske aktivitetar (innlevering av minst fem oppgåvesett) og delta i heile mappeevalueringa (Midtsemesterprøve (10%), prosjektoppgåve (25%) og skriftleg avsluttande eksamen (4t) (65%)). 3. I semester utan undervisning: a) Studentar med godkjend godkjent obligatoriske aktivitetar frå semesteret før, godkjent midtsemesterprøve frå semesteret før og godkjent prosjektoppgåve frå tidlegare, kan berre gå opp til skriftleg avsluttande eksamen. Midtsemesterprøve frå tidlegare (10%), prosjektoppgåve frå tidlegare (25%) og skriftleg avsluttande eksamen (65%) utgjer karaktergrunnlaget. b) Studentar utan godkjende obligatoriske aktivitetar, midtsemesterprøve og prosjektoppgåve frå tidlegare semester, kan ikkje ta skriftleg avsluttande eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Molekylbyggesett. Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM232 / Eksperimentell organisk syntese

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Gjennom eksperimentelt arbeid vil studenten lære forskjellige laboratorieteknikkar samt fleire sentrale syntetiske reaksjonar frå organisk og metallorganisk kjemi. Relevante analytiske teknikkar vil bli diskuterte og brukte. Studenten skal lære seg å arbeide på ein trygg, sikker og nøyaktig måte, i samsvar med god HMS-praksis.

Fagleg overlapp

K231: 5stp, K242: 5 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs med laboratoriejournal og rapportar, opplæring i instrumentbruk, munnlege presentasjonar og mindre skriftlege oppgåver.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Haut. Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Masterstudentar har fyrsteprioritet på emnet.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM232 skal studenten:

- kunne analysere og utarbeide flytskjema for avanserte fleirtrinns prosessar og syntesar.
- kjenne til eit utval av viktige kjemiske reaksjonar og fleirtrinn syntesar og prosessar som er nytta i samband med syntese av viktige organiske sambindingar.
- kunne skrive reaksjonsskjema og mekanismar for organisk syntese reaksjonar.
- kunne utføre eksperimentelt arbeid i organisk syntese laboratorium og kjenne til dei forskjellige apparata og glasutstyr som vert nytta.
- skrive syntesetabell, berekne utbytte og nokre grønnkjemi parametere, skrive konsis laboratoriejournal og nytte denne for skrivning av laboratorierapport og for å presentere resultatata munnleg.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM130, KJEM131, eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

KJEM 231 (kan takast parallelt) og KJEM230.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Karakterer for kurset blir gjeve på følgjande grunnlag:

- Laboratoriearbeid etter kriterium som er gjevne på førehand (25%)
- Laboratoriejournalar, rapportar, andre skriftlege oppgåver og munnlege presentasjonar (35 %)
- Skriftleg eksamen (3 t) (40%) som må oppnå karakteren E eller betre for bestått kurs.

Utfyllande eksamensreglar:

1. I undervisningssemester må alle obligatoriske deler utførast. Avsluttande eksamen kan ein fyrst ta når alle obligatoriske delar er bestått.

2. I semester utan undervisning:

- Studentar som har gjennomført kurset og har fått godkjent alle obligatoriske delar, kan også gå opp til avsluttande eksamen året etter.
- Studentar utan godkjende obligatoriske delar frå året før kan ikkje ta eksamen. Oppgåver, journalar og andre obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM238 / Naturstoffkjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset inneheld ei kort innføring i plantesystematikk. Sentrale gift- og medisinplantar samt naturlegemiddel vert omtala. Viktige stoffklassar (sekundære metabolittar) i og frå naturen vert framheva, og det vert lagt vekt på klassifisering, nomenklatur, struktur, biosyntese, førekomstar, analyse og farmasøytiske perspektiv. Praktiske øvingar demonstrerer ulike teknikkar innanfor naturstoffkjemi.

Fagleg overlapp

FARM238:10 stp, KJEM332:10 stp, K332:9stp

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Forelesing: 4 timar pr veke

Laboratoriekurs

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester. Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse: <http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller eventuelle opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM238 skal studenten kunne:

- gje ei oversikt over feltet naturstoffkjemi.
- identifisere ulike typar naturstoff, deira førekomstar, struktur, biosyntese og eigenskapar.
- drøfte bruk av naturstoff som utgangspunkt for legemiddel.
- utføre sjølvstendige undersøkingar av plantemateriale og naturstoff.

Krav til forkunnskapar

KJEM130/FARM130 eller tilsvarande

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Dersom det er få deltakarar kan det verta munnleg eksamen.

Tillatne hjelpemiddel: enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og molekylbyggjesett.

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM243 / Metallorganisk katalyse

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gjev studentane ei grundig forståing av forholdet mellom strukturar, kjemiske bindingar og kjemiske eigenskapar i metallorganisk kjemi. Dei vil også få omfattande kunnskap om kjemien til transisjonsmetallkompleks, spesielt retta mot katalyse. Første del av forelesingane vil dekke nokre generelle og innleiande konsept som nomenklatur, krystall- og ligand-felt, 18-elektroner regelen og denne regelen sine avgrensingar, ulike typar ligander, geometri\koordinering modus og dei grunnleggjande reaksjonane i metallorganisk kjemi. Den andre delen vil fokusere nærmare på detaljar i metallorganiske kjemi med vekt på bindingsteori, syntese og reaktivitet av s- og p-bundne ligander. Bruk av metallorganiske kompleks i organisk syntese og industriell katalyse vil bli dekkja gjennom forelesingane.

Fagleg overlapp

K 343: 10stp, K 343A: 10stp, KJEM343: 10stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Haut. Emnet går ikkje dersom studenttalet er lavt. Emnet inngår i undervisningsopptaket.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM243 skal studenten kunne:

- definere nomenklatur, elektronisk struktur, eigenskapar til transisjonsmetallkompleks
- identifisere dei grunnleggjande fundamentale reaksjonar i metallorganisk kjemi.
- greie ut om obligasjonene-til-metall kompleks.
- etablere struktur-reaktivitet/aktivitet forholdet og operativsystemet mekanismar i dei katalytiske prosessane.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM120, KJEM130, KJEM210. Kunnskapar frå KJEM220 er ein fordel.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Tillatne hjelpemiddel på eksamen: Ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM250 / Analytisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Kurset gjev ei innføring i kvantitativ analyse av uorganiske og organiske sambindingar i dei vanlegaste prøvematriser, som luft, vatn, fast stoff og biologisk materiale. Forskjellige trinn i analysegangen vil bli omhandla, som prøvetaking, prøveoppbeiding, våtkjemisk og instrumentell analyse, kvalitetssikring, og vurdering og rapportering av analyseresultat. I laboratoriekurset skal studentane bestemme konsentrasjonar av analyttar i reelle prøver.

Fagleg overlapp

K241: 10stp, FARM250: 10stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs. Karakteren i godkjenning av analyseresultater på lab og føring av labjornaler er gyldig i 6 påfølgande semester.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: raud). Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM250 skal studenten kunne:

- forklare prinsippa bak dei vanlegaste metodane i kvantitativ kjemisk analyse.
- peike på anvendelser for de vanlegaste metodane i kvantitativ kjemisk analyse.
- berekne analyseresultat basert på dei mest brukte kvantifiseringsprinsippa.
- anvende grunnleggjande statistiske metodar til å vurdere eit analyseresultat.
- forklare vanlege årsaker til analysefeil og tiltak som kan brukast for å motverke dei.
- anvende skrivne prosedyrar til å utføre nøyaktige kvantitative bestemningar på laboratoriet.

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM131, eller tilsvarende

Tilrådde forkunnskapar

KJEM120, KJEM210, MAT101/MAT111, STAT101/STAT110, eller tilsvarende

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t).

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar.

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar og obligatoriske aktivitetar må vere godkjende for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM260 / Radiokjemi og radioaktivitet

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gjev ei oversikt over basisprinsipp innan radioaktivitet og radiokjemi, med særskild vekt på kjemiske anvendingar. Studentane vert først introdusert til dei ulike typar atomkjernemodellar og likningar som vert nytta innan radioaktivitetsberekning. Deretter dei vanligaste typar stråling (alfa, beta og gamma), måling av desse og interaksjon mellom stråling og materien. Deretter blir fokuset retta mot produksjon av fleire typar radioaktive isotopar. Studentane får så lære om applikasjonar kor radioaktivitet og radiokjemi vert nytta. Særskild innan medisin, industri og andre greiner av kjemien. Til slutt vil miljø- og biologiske aspekt ved radioaktivitet verta belyst og diskutert. Undervisninga vil verta supplert med omvisingar og demonstrasjonar.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Vår.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev. opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM260 skal studenten kunne:

- Beskrive dei viktigaste radioaktive prosessane.
- Forklare ulike typar stråling og interaksjon med materien.
- Rekne med radiokjemiske størrelsar.
- Vurdere produksjonsprosess for radioaktive isotopar.
- Vurdere miljøaspekt ved radioaktivitet kritisk

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM120 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Mappeevaluering: Avsluttande skriftlig eksamen (4 t) (60%), og prosjektoppgåve (40%).

Utfyllande eksamensreglar:

1. Gjennomført prosjektoppgåve er gyldige i eitt påfølgande semester.
2. I semester med undervisning: Alle som tek emnet må gjennomføre heile mappeevalueringa.
3. I semester utan undervisning:
 - a. Studentar med godkjent prosjektoppgåve frå det føregåande semesteret tek berre avsluttande skriftleg eksamen. Skriftlig eksamen tel 60% og resultatet frå prosjektoppgåve frå semesteret før tel 40%.
 - b. Studentar utan godkjent prosjektoppgåve frå det føregåande semesteret kan ikkje avlegge avsluttande skriftleg eksamen.

Tillatne hjelpemiddel: nuklidekart og enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM306 / NMR-spektroskopi II

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i teorien for moderne puls NMR-spektroskopi i væsker, med vekt på produktoperatorteori for første ordens spinnsystem i ein- og to-dimensjonale homo- og heteronukleære pulseksperiment. Pulssekvensdiagram, fasesykling, gradientseleksjon og koherensoverføringsvegar/-skjema vert gjennomgåtte. Produktoperatorteorien gjer det mogleg å analysa og forklara ei rekkje viktige pulseksperiment som ein ikkje kan med den enkle vektormodellen. Pulssekvensane som vert gjennomgått, har studentane allereie praktisk kjennskap til frå KJEM251. For dei pulssekvensane som krev det, tek kurset også med ei grundigare handsaming av eit utvalg av følgjande tema: Til dømes andre ordens spinnsystem, relaksasjon, den nukleære Overhauser-effekten, kjemisk utveksling eller diffusjon. Høvelege simuleringprogram blir brukte til å illustrera dei teoretiske prinsippa og for å gjera det mogleg å bruka produktoperatorar i praksis.

Fagleg overlapp

K305: 10 stp, K305A: 10 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Undervisningssemester

Vår.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM306 skal studenten kunne:

- gjera greie for spinnsystem og enkle døme på bruk av teorien for desse.
- analysa NMR-pulssekvensar for system i væskefase ved hjelp av produktoperatorar, og samanlikna vektormodellen og produktoperatorteorien for desse pulssekvensane.
- forklara bruk av fasesykling og gradientseleksjon i NMR-pulssekvensar.
- visa korleis koherensoverføringsvegar/-skjema saman med pulssekvensdiagram oppsummerer utviklinga for førsteordens spinnsystem i løpet av enkle NMR-pulssekvensar.
- gjennomføra simuleringar av pulssekvensar som er i praktisk bruk, ved hjelp av utvald programvare.

Krav til forkunnskapar

KJEM251 eller tilsvarende

Tilrådde forkunnskapar

KJEM221, MAT121 eller tilsvarende. KJEM220 er også nyttig.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t). Dersom 4 eller færre oppmeldte kan det bli munnleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM319 / Eksperimentelle teknikkar i fysikalsk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

I KJEM319 vert eit utval av instrument som er sentrale innan fysikalsk kjemi (særleg innanfor overflate- og kolloidkjemi og tilstøytande nanokjemi) introdusert. Ein kortfatta teoretisk bakgrunn for prinsippa bak instrumenta vil bli gitt. Laboratorieøvingane der praktisk bruk av instrumenta blir grundig gjennomgått, utgjer hovudinnhaldet i kurset. Bruk av internetbaserte verktøy for innhenting av informasjon blir også behandla. Eit prosjekt der dei innlærte teknikkar skal brukast for å belyse problemstillinga inngår også i kurset.

Fagleg overlapp

K319: 3stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Forelesingar, laboratorieøvingar m/rapporter, prosjektoppgåve, bibliotek.

Undervisningssemester

Vår, undervises ved behov. Emnet inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM319 skal studenten kunne:

- identifisere problemstillingar som kan belyst ved hjelp av dei utvalde instrumenta.
- planleggje og utføre eksperiment på dei utvalde instrumenta på sjølvstendig grunnlag.
- presentere og tolke data frå dei utvalde instrumenta.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM210, KJEM214

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Godkjend alle obligatoriske deler. Bestått/Ikkje bestått

Utfyllande eksamensregler:

1. Alle deler av kurset er obligatoriske. Kurset bedømmast som bestått når obligatorisk undervisning har blitt følgt, og alle rapporter frå laboratorieøvingar samt prosjektoppgåve har blitt godkjend.
2. Studentar som har følgt obligatorisk undervisning kan utføre laboratorieøvingar og prosjektoppgåve i 6 påfølgande semester under føresetnad at undervisninga dekker dei metodar og teknikkar som skal nyttast. Dvs at eventuell ny instrumentering ikkje nødvendigvis kan nyttast av studenten.
3. Prosjektoppgåva utførast etter at alle laboratorieøvingane er godkjende.
4. I semester med undervisning kan studentar med godkjende deler frå tidlegare få fritak for desse i 6 påfølgande semester. Dette forutset at tidlegare moteke undervisning fortsatt er relevant for dei øvingar og prosjektoppgåve som gjenstår
5. I semester utan undervisning vil det for studentar som har følgt obligatorisk undervisning kunne vere anledning til å utføre laboratorieøvingar og prosjektoppgåve etter avtale med emneansvarlig.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert bestått/ikkje bestått nytta.

KJEM325 / Multikomponent analyse

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ein taksonomi av multikomponentsystem med ein oversikt over dei mest sentrale teknikkar for oppløysing/kvantifisering av blandingar analysert med multidetektorinstrument. Vidare omhandlast multivariate deteksjonsgrenser, generaliserte resolusjonsparametre, samt innverknad av støy, drift, baselineeffekter og forbehandling av data på resultatata frå dei forskjellige metodane. Øvingane utførast på datamaskin der ein nyttar metodane på kromatografiske/spektroskopiske data frå komplekse blandingar av industriell, miljømessig, medisinsk (inkludert plantemedisinsk) opphav.

Fagleg overlapp

K325: 10 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Kvar andre vår. Emnet går ikkje dersom studenttalet er lavt.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM325 skal studenten kunne:

- forklare prinsippa bak ulike metodar for kurveoppløysing av multikomponentsystem.
- vurdere fordelar og ulemper ved de forskjellige metodane.
- beskrive og forklare instrumentelle faktorar som påverkar datakvalitet og -struktur i multideteksjonssystem, og betydinga desse faktorane har for arbeidet med dataanalysen.
- programmere kurveoppløysingsmetodar i MATLAB.
- utføre ei sjølvstendig kurveoppløysing på ein datamaskin med sjølv laga eller eksisterande programvare.

Krav til forkunnskapar

KJEM225 eller tilsvarende

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM331 / Fotokjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Det teoretiske grunnlaget for fotokjemien vert drøfta basert på lysets eigenskapar og bindingsforholda hos molekylar. Vidare blir det gitt ei oversikt over dei viktigaste typane av fotokjemiske reaksjonar med vekt på reaksjonsmekanismer og syntetisk bruk. Reaksjonanes følsemd overfor steriske og konformasjonelle forhold blir vektlagt.

Fagleg overlapp

K331: 10 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Undervisningssemester

Vår. Undervisast etter behov. Emnet inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM331 skal studenten kunne:

- gjera greie for kva som skjer når organiske sambindingar blir eksiterte av lys.
- diskutera dei viktigaste fotokjemiske reaksjonane for organiske sambindingar.
- skissera hovudtrekka i reaksjonsmekanismane for dei viktigaste fotokjemiske reaksjonane.
- gjera greie for reaktorar og anna utstyr som blir brukte for å utføra fotokjemiske reaksjonar.
- bruka relevante omgrep og fagterminologi på ein presis måte.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM130. KJEM231 er ein fordel

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM333 / Organisk massespektrometri

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet oppsummerar metodar og teknikkar innan organisk massespektrometri. Ulike typar instrument og bruken av instrumenta blir samanlikna. Systematisering av fragmentering vil bli drøfta og tolking av spektra vil bli vektlagt. Strukturbestemming av kompliserte og polyfunksjonelle molekyl blir illustrert.

Fagleg overlapp

K333: 6stp, KJEM233: 110stp.

Undervisningsspråk

Engelsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen.

Undervisningssemester

Vår.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM333 skal studenten kunne:

- samanlikne metodar og teknikkar innan massespektrometri.
- identifisere og samanlikne fragmenteringsmekanismer.
- tolke spektra av mono- og polyfunksjonelle organiske sambindingar.
- trekkje konklusjonar om ukjente strukturar på basis av deira massespektra.

Krav til forkunnskapar

KJEM130 eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

KJEM 110, KJEM120, KJEM121/KJEM122, KJEM130, KJEM131 og KJEM210.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Tillatne hjelpemiddel: enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar og linjal.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM334 / Syntese og retrosyntese

Studiepoeng: 15.0

Mål og innhald

I kurset blir grunnlaget og prinsippa for retrosyntese grundig gjennomgått og anvendt til å utarbeide strategi i organisk syntese. Det blir gitt ein oversikt over dei viktigaste reaksjonane som nyttast i organisk syntese. Dei ulike former for selektivitet som observerast, blir diskutert med basis i reaksjonanes mekanismar. Stoffet belyst ved å studere eit utval av totalsynteser frå litteraturen.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Kvar student skal halde eitt innlegg over oppgitt emne.

Undervisningssemester

Uregelmessig (etter behov). Emnet egner seg spesielt godt for dei som arbeider med masteroppgåve eller doktoravhandling innan syntetisk organisk kjemi. Emnet inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM334 skal studenten kunne:

- bruka retrosyntetisk analyse til å utarbeida og samanlikna alternative syntesar av komplekse organiske molekyl.
- gjera greie for viktige klassiske og moderne reaksjonar som blir nytta i organisk syntese.
- diskutera korleis reaksjonsvilkåra påverkar utfallet av viktige reaksjonar med omsyn til regio- og stereoselektivitet.
- skissera klassiske totalsyntesar av nokre naturprodukt.
- gi eit oversyn over nye teknikkar som har blitt introduserte i organisk syntese dei seinare år.
- bruka relevante omgrep og fagterminologi på ein presis måte.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM 130, KJEM 231

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM336 / Industriell organisk kjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Hovudformålet med kurset er å gje studentane auka innsikt i kjemisk prosessindustri, med spesiell vekt på organisk kjemiske prosesser og produkt, korleis organiske produkt framstillast kommersielt i stor skala i dag, og kva for krav som stillast til kommersielle produkt og prosessar både frå myndigheiter og kundar.

Vidare belyst korleis ein designar og oppskalerar prosesser for framstilling av organiske finkjemikaliar, med spesiell fokus på prosessøkonomi, Helse-, Miljø- og Sikkerheitsmessige aspekt (HMS), samt kvalitet i produksjon og produkt.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjend rapport frå prosjektoppgåva.

Undervisningssemester

Uregelmessig (ved behov). Haust. Emnet går ikkje dersom studenttalet er lavt.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM336 skal studenten kunne:

- greie ut om kjemisk prosessindustri, spesielt industriell organisk kjemisk industri slik den blir praktisert innanfor organisk finkjemikalieproduksjon i dag.
- kjenne til korleis kjemiske prosessar blir skalert opp frå laboratorieskala via pilotskala til kommersiell stor-skalaproduksjon.
- vere i stand til å gjere innleiande investerings- og produksjonskalkylar for bestemte kjemiske prosessar.
- gjere lønnsmedberekningar av kjemiske prosessar og prosjekt

Krav til forkunnskapar

KJEM110, KJEM130, KJEM131 eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM130, KJEM131 eller tilsvarande

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kun semesteret emnet vert undervist og det påfølgende semesteret.

Vurderingsformer

Mappeevaluering basert på munnleg eksamen (50%) og prosjektoppgåve (50%).

Utfyllande eksamensregler:

1. Gjennomført prosjektoppgåve er gyldig i eitt påfølgande semester
2. I semester med undervisning:
 - a. Alle som tek emnet må gjennomføre mappeevaluering
3. I semester utan undervisning:
 - a. Studentar med godkjend prosjektoppgåve frå føregåande semester tek bare avsluttande munnleg eksamen. Denne, saman med prosjektoppgåva frå semesteret før, teller 50% kvar på sluttkarakteren
 - b. Studentar utan godkjend prosjektoppgåve frå føregåande semester kan ikkje avlegge eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

KJEM351 / NMR-spektroskopi I

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Kurset gjev ei enkel innføring i grunnleggande NMR-teori, ei grundig innføring i praktisk moderne puls/FT NMR-spektroskopi for væskefase. Oppsett og gjennomføring av ei rekke standard 1- og 2-dimensjonale eksperimenter blir gjennomgått i praktiske øvingar på eit moderne NMR-laboratorium. For dei 2-dimensjonale NMR-eksperimenta nyttar ein homonukleære og heteronukleære skalare koplingar eller homonukleære dipolare koplingar. Teorien for dei tilhøyrande pulssekvensane vil også bli gjennomgått.

Fagleg overlapp

K304: 10 stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratoriekurs. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Godkjend HMS-kurs. Dersom du ikkje har godkjend HMS-kurs ved Kjemisk institutt, UiB frå tidlegare, må kurset takast same semester i forkant av undervisninga. Meir om HMS-kurset på adresse:

<http://www.uib.no/kj/utdanning/obligatorisk-hms-kurs>

Undervisningssemester

Haut. Emnet har eit avgrensa tal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Masterstudentar har fyrsteprioritet på emnet.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne KJEM351 skal studenten kunne:

- definere og forklare sentrale omgrep og modellar som vert anvendt i grunnleggjande NMR-teori.
- analysere NMR-pulssekvensar ved bruk av grunnleggjande NMR-teori.
- gjennomføre grunnleggjande 1- og 2-dimensjonale proton og karbon eksperiment på eit standard NMR-spektrometer.
- tolke 1- og 2-dimensjonale NMR-spektre av enkle organiske sambindingar.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM230. Forkunnskapar i kvantemekanikk er nyttige.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4t). Dersom 4 eller færre oppmeldte kan det bli munnleg eksamen.

Obligatoriske aktivitetar er gyldige i seks påfølgande semester.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatoriske innleveringar må leverast innan fastsette fristar for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytt

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

EMNE FOR LÆRARUTDANINGA

NATDID210 / Læring i naturfaga	475
BIODID200 / Biologididaktikk	477
KJEMDID200 / Kjemididaktikk.....	478
MATDID201 / Matematikdidaktikk 1	479
MATDID202 / Matematikdidaktikk 2	481
NATDID201 / Naturfagdidaktikk I	483
NATDID202 / Naturfagdidaktikk II.....	484
PHYSIDID200 / Fysikdidaktikk	485
BIODID200-P / Biologididaktikk.....	486
DIDAIT1 / IT-didaktikk 1	488
GEOVDID200-P / Geofagdidaktikk.....	490
KJEMDID200-P / Kjemididaktikk	492
MATDID201-P / Matematikdidaktikk 1	494
MATDID202-P / Matematikdidaktikk 2	496
NATDID201-P / Naturfagsdidaktikk 1.....	498
NATDID202-P / Naturfagsdidaktikk 2.....	499
NATDID203-P / Naturfagsdidaktikk 3.....	501
PHYSIDID200-P / Fysikdidaktikk	502

NATDID210 / Læring i naturfaga

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Emnet handlar om sentrale utfordringar i læring av naturfag og strategiar for å møte desse. Emnet tek opp bruk av dialogbaserte arbeidsformer og diskuterer bruk av praktisk arbeid og vurdering for læring basert på læringssyn som legg vekt på erfaringar og språkbruk. Gjennom skulepraksis og obligatoriske arbeidskrav vil emnet utvikla studentane sine evner til å observera og diskutera undervisningspraksis i lys av læringsteori. Emnet diskuterer elevaktive arbeidsmåtar, kompetanseomgrepet, læreplanen i naturfag og formålet med opplæring i naturfaga med vekt på omgrepa fagleg argumentering, deltaking, allmenndanning og grunnleggjande dugleikar.

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Forelesing: 18 timer

Seminar: 10 timer

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Tre obligatoriske oppgåver (skriftlege og munnlege) knytt til dagane med skulepraksis

(Gyldig i tre semester; inneverande og to påfølgjande)

For å kunne ta eksamen i NATDID210 må normalt KOPRA102 være bestått.

Undervisningssemester

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Krav til studierett

Studierett knytt til Det matematisk-naturvitskapelege fakultet sitt lektorprogram i naturvitskap og matematikk.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Studentane skal kunne:

Kunnskapar

- gjera reie for kompetansenenking og sentrale funn ifrå kjente undersøkingar av læring og undervisning i naturfaga
- greie ut om elevar sine læringsprosessar basert på omgrep sentrale i læringsteoriar.
- gje døme på korleis forsøk og samtale kan fremma læring

Dugleikar

- identifisere faglege grunnidear og planlegge korte undervisningsøkter som fremmer kognitiv og språkleg aktivitet hos elevane
- undersøkje korleis ulike undervisningsmetodar verkar inn på elevane si deltaking og praktisering av grunnleggjande dugleikar
Fysikk 1+2 og Matematikk R1+R2 eller PHYS101 og MAT111 (kan også lesast parallelt)

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Slutteksamen, skriftleg, 5 timar. Må ha godkjent oppgåveinnlevering for å gå opp til slutteksamen. Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på midtvegs og avsluttande eksamen: kalkulator Casio FX-82ES PLUS

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF105 / Atmosfære- og havfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Grunnleggjande eigenskapar i meteorologi, oseanografi og kjemisk oseanografi blir gjennomgått. Vekselverknad mellom hav og atmosfære, som utgjer ein viktig del av klima, blir diskutert. Studentane vil rekne på sjøvatnet sine fysiske og kjemiske eigenskapar, havet sin sirkulasjon, blandingsprosessar, tidevatn og ulike bølgefenomen. For atmosfæren vert det lagt vekt på grunnleggande termodynamikk, skyfysikk og grunnprinsippa i stråling. Bakgrunn for turbulens i hav og atmosfære og beskriving av grenselaga mellom hav og atmosfære blir gitt. Geostrofisk kraftbalanse, termalvind, bølgelikning, vindstresskvervling og Ekman-lag blir presentert. Som ein del av emnet vil studentane delta i meteorologisk feltarbeid, utføre laboratorieeksperiment og bli introdusert til bruk av oseanografiske måleinstrument. I kurset skal studentane utarbeide vêrvarsel. Det vert gjeve introduksjon til programmering for løysing av enkle geofysiske problem og for visualisering av resultat.

Fagleg overlapp

GEOF120 5 ETCS, GEOF130 5 ETCS

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Delta i introduksjon til programmering, utarbeide vêrvarsel, delta i meteorologisk felteksperiment, delta i introduksjon til oseanografiske instrument og godkjend laboratorierapport

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust (gul fargekode)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev. opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studentane kunne:

- forstå og kommunisere fagterminologi og beskrive og kommunisere sentrale prosessar for klimaet på jorda
- berekne sjøvatnet sine underliggjande kjemiske og fysiske eigenskapar
- gjengi ei grei forklaring på forenkla modellar for sirkulasjonen i havet, f.eks. geostrofisk straum og Ekmantransport
- gi en grei forklaring på tidevasskrafta
- relatere grunnleggjande fysiske lover til vêrsystem og atmosfæren sin struktur
- løyse enkle problem innan dynamisk og fysisk meteorologi og oseanografi
- skilje mellom molekylære og turbulente blandingsprosessar
- gje en grei forklaring på ulike omgrep knytt til bølgeutbreiing, for eksempel dispersjon, demping, refraksjon og interferens
- skilje og klassifisere ulike typar av hav- og atmosfærebølgjer
- utføre meteorologiske observasjonar og enkle laboratorieeksperimentar
- samanfatte og analysere resultat frå laboratorieeksperimenta
- utarbeide vêrvarsel
- nytta programmeringsverktøy for analyse av data og generering av figurar

Tilrådde forkunnskapar

MAT111, GEOF100, MAT112, MAT121, MAT131, PHYS111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Slutteksamen, skriftleg, 5 timar. Må ha godkjend laboratorierapport for å gå opp til slutteksamen. Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen. Hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modeller angitt i fakultetets regler: Casio FX-82ES PLUS

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF110 / Innføring i atmosfærens og havets dynamikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gjev ei grunnleggjande innføring til dynamikken i atmosfæren og havet. Utgangspunktet for emnet er konservering av masse og rørslemengd og likningane som følgjer frå dette, uttrykt i både ikkje-roterande og roterande koordinatsystem. Fysisk tolking av likningane vert gjeven og forenkla uttrykk vert nytta for å forklare, forstå og rekna på, i hovudsak, storskala og fri rørsle i atmosfæren og i havet.

Undervisningspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår (Obs, planlagt i gul fargekode)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- utleie dei grunnleggjande likningane for rørsle i atmosfæren og havet
- nytta ulike versjonar av ikkje-roterande og roterande koordinatsystem for å rekna på rørsle i atmosfæren og havet
- utleie likningane for geostrofisk vind/straum og termalvind, og nytte ulike variasjonar av desse uttrykka på storskala og synoptiske system i atmosfæren og i havet
- berekne den grunnleggjande effekten av friksjon på rørsle i atmosfæren og i havet
- nytte fysiske prinsipp til å forklare den storskala, globale atmosfære- og havsirkulasjonen
- utleie og nytta dei grunnleggjande uttrykka for Ekman- og Sverdrupdynamikk i havet
- utleie og nytta uttrykk for grunnleggjande gravitasjon-, Rossby- og Kelvinbølgjer i atmosfære og hav

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT112, MAT131, MAT212, PHYS111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Midtvegeksamen, skriftleg, 2 timar; tel 20% av sluttkarakteren og er gyldig inneværande og påfølgande semester. Slutteksamen, skriftleg, 4 timar; tel 80% av sluttkarakteren og må vere bestått. Må ha deltatt på midtvegeksamen for å få gå opp til eksamen. Dersom færre enn 10 påmeldte, kan det bli munnleg eksamen.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Kalkulator Casio FX-82ES PLUS

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF213 / Atmosfærens og havets dynamikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet byggjer på GEOF110 (innføring i atmosfærens og havets dynamikk). Dei grunnleggjande likningane vil verta studert og skalert for ulike fenomen i geofysisk væskedynamikk. Verknaden av vår roterande jord vil verta introdusert i dei dynamiske likningane. Geostrofisk og vinddriven Ekmanstraum vil verta diskutert. I tillegg vil likningane for tyngdebølgjer og potensielle kvervlingsbølgjer verta studert og analysert. Barotrop ustabilitet, og baroklin ustabilitet, uttrykt ved hjelp av dei kvasi-geostrofiske likningane, vil også verta introdusert.

Fagleg overlapp

GEOF320, GEOF326, GEOF330: 10sp

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Regelmessig oppmøte på rekneøvingar med presentasjon av eigne løysingar.

Obligatorisk midtvegs eksamen, skriftleg.

Undervisningssemester

Haut

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studentane kunna

- forklara og diskutera dei grunnleggjande prinsippa til storskala sirkulasjon på ein roterande planet
- forstå grunnprinsippa knytt til bølgjer i atmosfæren og i havet
- skalera og forenkla dei grunnleggjande likningane med mål om å løysa viktige, dynamiske problem
- formulera og løysa problem ved hjelp av dei kvasigeostrofiske likningane
- nytta Ekman-teorien for å rekna på ulike typar vindpådrag
- utleia og nytta dispersjonsrelasjonar for tyngdebølgjer og potensiell kvervlingsbølgjer
- nytta bølgjeteori på overflate og interne bølgjer
- forstå prinsippa bak barotrop og baroklin ustabilitet

Tilrådde forkunnskapar

GEOF110 og MAT212

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftlig midtvegs eksamen, tel 20% av slutt karakteren og er gyldig i to semester. Skriftleg eksamen, 5 timer, tel 80% og må vere bestått.

Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen:

Enkel kalkulator: Casio FX-82ES PLUS

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF231 / Operasjonell oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei brei innføring i havovervaking og varsling, med vekt på modell- og observasjonssystem som er i praktisk bruk i dag. Emnet tar for seg lagring, tilgjengelegheit og distribusjon av data, og spesiell vekt vert lagt på vurdering av usikkerheit i målt og modellert informasjon. Undervisinga består av forelesingar, der studentane m.a. blir rettleia i bruk av in situ- og satellittobservasjonar og modelldata (t.d. tilgjengeleg på internett) og obligatoriske besøk til institusjonar og bedrifter som bidrar til utvikling og/eller driv operasjonelle oseanografitenester. Arbeidet med semesteroppgåva er ein vesentleg del av kurset og kan variere frå analyse av miljødata (in situ-, satellitt- og/eller modellbaserte) til uttesting av måleinstrument.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Bedriftsbesøk, semesteroppgåve

Undervisningssemester

Uregelmessig (vår)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- forklare kva operasjonell oseanografi går ut på
- beskrive metodar og måleinstrument som vert brukt i operasjonell oseanografi
- skissere teknikkar for bestemming av usikkerheita i måledata og modellerte data
- hente ut og presentere relevante data lagra i nettbaserte databasar
- bruke tileigna kunnskap og skrive ei semesteroppgåve som tar for seg dataanalyse, uttesting av måleinstrument, eller eit anna relevant tema

Krav til forkunnskapar

GEOF110 + GEOF105 eller GEOF120 og GEOF130 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Godkjend oppmøte og semesteroppgåve

Karakterskala

Bestått/Ikkje bestått

GEOF236 / Kjemisk oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gir ei innføring i kjemisk oseanografi og relevante metodar innan analyse og modellering.

Karbonsyklusen der både den naturlege og menneskepåverka delen av systemet blir gjennomgått. Sentrale tema er havet sin generelle sirkulasjon (den termohaline sirkulasjon) og produksjon, remineralisering og eksport av biologisk materiale. Radiometriske og stabilisotopiske fordelingar blir brukt til fastsetting av alder, blandingsfartar og adveksjon av kjemiske stoff. Gassutveksling mellom luft og hav, den biologiske karbonpumpa og nærings salt-syklusane (m.a. nitrogen, fosfor og silikat) er også sentrale tema.

Undervisningspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Rekneøvinger og laboratoriekurs

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- rekne ut opptak av karbon både naturleg og antropogent i eit atmosfære-havsystem ved hjelp av analytiske data og modell
- systematisere kjemisk-oseanografiske data for å identifisere kva prosessar som ligg bak fordeling av kjemiske stoff i havet
- bruke støkiometri for å rekne ut korleis den biologiske pumpa påverkar fordeling av kjemiske stoff i havet
- forstå kva prosessar som er viktige for gassutveksling mellom luft og hav
- samanfatte eksperimentelle data i ein kort laboratorierapport
- samanfatte tolking av modellresultat i ein kort rapport

Krav til forkunnskapar

GEOF130, GEOF105 eller tilsvarende.

Tilrådde forkunnskapar

KJEM110, KJEM120

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg 4 timar. Dersom færre enn 10 påmelde kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF210 / Dataanalyse i meteorologi og oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gjev ei grunnleggjande innføring i statistiske metodar for analyse av observerte og numerisk modellerte storleikar i oseanografi og meteorologi. Dette inkluderer deskriptiv statistikk, hypotesetesting og sannsynsfordeling. Emnet vil vidare omhandle frekvensanalyse og filtrering av tidsseriar, samt identifisering av romleg samvariasjon ved hjelp av metodar som lineær regresjon, korrelasjonsanalyse og empiriske ortogonale funksjonar. Teorien vil bli nytta på geofysiske problemstillingar.

Undervisningspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Forelesning 3 timar pr. veke.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Prosjektoppgåve

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår (fargekode: blå)

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor og master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

- Etter fullført emne skal studenten kunne:
- handtere og systematisere observasjons- og modelldata for statistisk analyse, og presentere resultat av analysen
- rekne ut og drøfte grunnleggjande statistiske eigenskapar
- utføre hypotesetesting
- finne korrelasjon og regresjon mellom tidsseriar
- identifisere frekvensfordelinga i ein tidsserie
- identifisere romlig struktur i data
- presenterer resultat av ein analyse i ein vitenskapleg rapport

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

GEOF105, eller GEOF120 og GEOF130 (og STAT110), eller tilsvarende.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Prosjektoppåva må vere bestått for å gå opp til eksamen. Slutteksamen, skriftleg 4 timar. Dersom færre enn 10 påmeldte, kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på eksamen: Ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF211 / Numerisk modellering

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset presenterer generelle eigenskapar ved numeriske metodar til løysing av dei partielle differensiallikningane vi møter i dynamisk meteorologi og oseanografi. Studentane praktiserer metodane på enkle problemstillingar. Ein numerisk modell blir presentert.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

5 godkjende praktiske oppgåver

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter å ha teke dette kurset skal du kunne

- greie ut om korleis ein numerisk modell er bygd opp
- gjere greie for korleis val av numerisk skjema og gitter påverkar modellen
- analysere feilkjelder som kan opptre i modellen.
- drøfte kva svakheiter og begrensingar numeriske modellar har
- bruke numeriske modellar som verktøy til å løyse dynamiske problem i meteorologi eller oseanografi
- Få røynsle med å nytte programmeringsspråk (Matlab eller Fortran) til å gjere numeriske berekningar.

Kurset er praktisk retta, der studentane løysar fem oppgåver ved hjelp av programmering, og drøfter dei ulike resultatane. Arbeidet med desse oppgåvene må vere godkjend før eksamen.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

GEOF110

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg, 4 timar. Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Enkel kalkulator Casio FX-82ES PLUS

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF212 / Fysisk klimatologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet fysisk klimatologi gir kunnskap både om dagens klima og om klimavariasjonar i fortid, notid og framtid. Det fokuserer på dei fysiske prinsippa som styrer det globale energibudsjettet, rollane til sirkulasjonen i atmosfæren og havet og vekselverknaden mellom dei ulike komponentane i klimasystemet. I kurset vil ein studere korleis endringar i overflatetype (is, snø, vegetasjon etc.), i atmosfæren si samansetjing (gass og partiklar), i skyer eller i astronomiske forhold kan føre til klimavariasjonar. I tillegg vil ulike metodar for å studere klimavariasjonar og moglege verknadar av menneskeleg aktivitet på det globale klimaet bli diskutert.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjende oppgåver

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne GEOF212 skal studenten kunne:

- definere og forklare sentrale begrep innanfor fysisk klimatologi
- forklare det globale energibudsjettet
- forklare dei grunnleggjande fysiske mekanismane bak storstilte klimavariasjonar
- gjere berekningar av jordas følsemd for variasjonar i eksterne pådrag slik som frå sol, vulkanar og variasjonar i drivhusgassar
- greie ut om dei viktigaste tilbakekoplingsmekanismane i klimasystemet
- forklare mekanismane bak interne klimavariasjonar
- greie ut om dei viktigaste elementa i globale klimamodellar og kjelder til usikkerhet

Krav til forkunnskapar

MAT111 og PHYS111 eller tilsvarende.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF110, GEOF120, GEOF130

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Semesteroppgåve midt i semesteret; tel 20% av sluttkarakteren, gyldig i inneværende og påfølgjande semester.

Skriftleg slutteksamen, 4 timar; tel 80% av sluttkarakteren og må vere bestått.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Ingen. Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF220 / Fysisk meteorologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Målet for kurset er at studentane skal få ei grunnleggjande forståing av fysiske prosessar knytt til solstråling, terrestrisk stråling, kondensasjon og nedbør, og korleis desse prosessane påverkar kvarandre i jord-atmosfære systemet vårt.

I strålingsdelen tek kurset føre seg kva for fysiske strålingsprosessar som skjer ved transport av solstråling og terrestrisk stråling i atmosfæren. Her blir både den spektrale og romlege fordelinga av strålinga diskutert. Dessutan blir det kvantifisert kva effekt jordoverflata har på strålinga. I kurset blir det også sett på kortbølgja og langbølgja stråling ved overflata, då særleg med fokus på variasjonar i strålinga både i rom og tid på lokal skala. I skyfysikken blir dei termodynamiske prinsippa og bruken av dei i atmosfæriske studiar repetert. Omgrepet atmosfærisk stabilitet og ein luftpakke sin tilstandsending og rørsle blir introdusert for å beskrive dei atmosfæriske prosessane som fører til kondensasjon. Aerosolar og deira rolle som kondensasjonskjerner blir introdusert. Utviklinga av hydrometeorar er beskriven, saman med relevante fysiske prosessar og utleiingane av dei viktigaste likningane. Det startar med kondensasjonen og vekst ved diffusjon på aerosolar og går vidare med mekanismar for vidare vekst, inkludert isfasen, kollisjon og koalesens. Til slutt blir relevante målemetodar og måleinstrument introdusert og diskutert, då særleg med omsyn på usikkerheiter.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 førelesingar á 2 timar pr. veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjende oppgåver

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor, master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- forklare dei ulike fysiske prosessane som skjer ved strålingstransport gjennom atmosfæren (spreiing, absorpsjon, emisjon) og kva rolle overflata spelar
- gi ei utgreiing av korleis kort- og langbølgja stråling ved jordoverflata kan variere både i rom og i tid
- nytte dei grunnleggjande termodynamiske lovene til utleiing av dei nødvendige likningane for å beskrive mikrofysikken ved kondensasjon og dropedanning
- beskrive utviklinga av hydrometeorar i atmosfæren, frå kondensasjonen på aerosolar til dei fell ut som regn og snø, og forklare dei ulike fysiske prosessane
- beskrive dei vanlegaste metodane og instrument for å måle nedbør og diskutere usikkerheitene i samband med slike målingar

Krav til forkunnskapar

MAT111, PHYS111, samt GEO120, eller GEO100+GEO105 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF230 / Fysisk-biologiske koplingar (NMP1)

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset gir ei innføring i korleis fysikken og kjemien i havet påverkar produksjon og fordeling av organismar på dei ulike nivåa i den marine næringskjeda, frå planteplankton til fisk og korleis fysiske og kjemiske faktorar påverkar energifordelinga i næringskjeda. Det blir lagt vekt på at biologiske, fysiske og kjemiske prosessar er integrerte komponentar i verkemåten for marine økosystem, og at prosessane knytt til ulike tids- og romskala er avgjerande for å forstå korleis havklimaet påverkar marine økosystem. Forståinga av dynamikken i marine økosystem baserer seg på grunnleggjande fysiske prinsipp som inneber at det krevst ein viss matematisk kunnskap for å følgje kurset. Særleg treng ein kunnskap i matematikk for å følgje dei tema som omhandlar verknadane av diffusjon og turbulens på fordeling og energioverføring på planktonnivå i næringskjeda.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 førelesingar á 2 timar pr. veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Labkurs og rekneøvelsar.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor og master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten ha ei grunnleggjande forståing av korleis dei marine økosystema påverkast av vekselverknaden mellom fysiske, kjemiske og biologiske prosessar, og vera i stand til å nytta vitskapleg terminologi for å diskutera desse. Meir spesifikt skal studenten vera i stand til å

- forklåra dei grunnleggjande prinsippa for energioverføring mellom trofiske nivå.
- skildra fysisk-kjemisk-biologisk påverknad på marine organismar og populasjonar.
- forklåra grunnleggjande modellar for rekruttering og argumentera for mangfald som del av rekrutteringsmekanismen.
- skildra korleis sentrale hydrodynamiske prosessar påverkar dei viktige marine økosystema og argumentera for spennvidda i organismane sin tilpassingsrespons.
- skildra korleis plankton kan påverka fysikken og termodynamikken i havet.
- nytta enkle turbulensmodellar for å rekna ut turbulensindusert kontaktrate mellom planktonorganismar.
- nytta enkle oppdriftsmodellar for å rekna ut den vertikale fordelinga av fiskeegg.
- utføra eit laboratorieforsøk med vertikale saltgradientar for å måla oppdrifta for levande plankton.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

GEOF130, GEOF105 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Artikkelpresentasjon og deltaking i diskusjon, tel 50 prosent av sluttarakter.

Munnleg eksamen, tel 50 prosent av sluttarakteren og må vere bestått.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF301 / Introduksjonskurs til mastergrad

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhold

Kurset gir ei innføring i metodikk som er relevant for gjennomføring av teoretiske og feltbaserte studiar, f. eks. litteratursøk, bruk av bibliotek, bruk av dataverktøy (Matlab, Latex, Fortran), vitenskapsteori og etikk, statistikk og tips til skriving av masteroppgåve. Emnet skal førebu studentane på overgangen frå lågaregradsstudiar til eiga deltaking i forskingsverksemd på mastergradsstudiet. Kurset skal gjere studentane kjende med fasilitetar og felles metodikk for oseanografar og meteorologar, letta gjennomføringa av masteroppgåva ved å gi ei innføring i korleis ei vitenskapleg undersøking innan desse felta planleggjast og gjennomførast, og gje studentane ei innføring i sentrale grunnlagsproblem samt forskings- og vitenskapsetiske spørsmål innan geofysikk, inkludert forholdet mellom vitenskap og samfunn.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Frammøte og oppgåver

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- utforme ein tidsplan for masterstudiet og skissere ein førebels struktur for masteroppgåva
- skrive ein vitkapleg rapport om eit konkret tema
- bruke ein Latex editor til å skrive og compilere enkle dokument inkludert tekst, figurar, tabellar og ei referanseliste for litteratur ved hjelp av TeX-oppsetningsspråket.
- identifisere grunnlagsproblem samt etiske og samfunnsmessige aspekt og problemstillingar ved sitt eige forskingsarbeid
- være i stand til å skrive og lese enkle programmer i Fortran og Matlab

Krav til forkunnskapar

Opptak til masterprogram i meteorologi og oseanografi eller Masterprogram i energi.

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorgrad i meteorologi og oseanografi.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Godkjend oppmøte og oppgåver

Karakterskala

Bestått/ikkje bestått

GEOF310 / Turbulens i atmosfærens og havets grenselag

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Kurset gjev ei innføring i turbulens og turbulente energifluksar i atmosfæren sitt grensesjikt og havet sitt blandingslag. Målet er å gje studentane eit grunnlag for vidare studiar innan feltet og tilstrekkeleg bakgrunn for å vurdere kor viktige turbulente prosessar -er for andre problemstillingar innan meteorologi, oseanografi eller klima. Emnet dekkjer homogen turbulenteori med spektrale metodar, definering og måling av turbulente fluksar og verknaden av sjikta i grenselag i atmosfæren og i havet. Budsjettlikningane for turbulent kinetisk energi og temperaturvariasjonar blir utleia og dei ulike ledda blir diskuterte. Det vil bli fokusert på sentrale eigenskapar ved ulike prosessar i blandingslaget i havet og i grenselaget til atmosfæren. Vekselverknadene mellom atmosfære-hav og atmosfære-hav-is vil, saman med turbulensen i grenselaget under is, også bli kort diskutert. Profilane til ulike sporstoff samt hastigheitlar og dei turbulente fluksane i atmosfæren og i havet vert skildra og diskutert for ulike pådrag. Det vil også bli gitt ein oversikt over vanlege metodar for bruk av ulike instrument og målingar.

Fagleg overlapp

GEOF311: 5 ECTS

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 førelesingar á 2+1 timar pr. veke

1 rekneøvingar á 1 timar pr. veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Presentasjon av to oppgåver er obligatorisk.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust

Studienivå (studiesyklus)

Master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- skildre og samanlikne dei sentrale eigenskapane til grenselaga i atmosfæren og i havet
- identifisere og skissere profilane til sporstoff og turbulente fluksar i grenselaget i atmosfæren og i havet under ulike forhold
- forklare og diskutere dei ulike uttrykka for turbulent kinetisk energi i budsjettlikningane
- skissere eit ideelt energispekter og diskutere dei ulike områda i spekteret

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

- forklare problemet med turbulent lukking og skissere dei ulike metodane for å løyse dette
- velja strategiar for instrumentering og prøvetaking for måling av turbulente straumar i atmosfæren og havet
- rekne ut og tolke nøkkelparameterar slik som fluksar og turbulent kinetisk energi frå eit datasett ved bruk av direkte og indirekte metodar

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Dersom fleire enn 15 påmeldte kan det bli skriftleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF311 / Turbulens i atmosfærens grenselag

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Kurset gjev ei innføring i turbulens og energifluksar i atmosfæren sitt grenselag. Målet er å gje studentane eit grunnlag for vidare studiar innan dette feltet, og tilstrekkeleg bakgrunn for å vurdere turbulente prosessar si tyding for andre problemstillingar innan meteorologi eller klima. Emnet dekkjer homogen turbulensteori med spektrale metodar, definering og måling av turbulente fluksar, og verknaden av sjikta i grenselag i atmosfæren. Ut frå dei grunnleggjande likningane for konservering og ved bruk av formålstenlege skaleringar og tilnærmingar, blir eit sett likningar for straum i grenselaget utvikla. Frå dette blir så prognostiske likningar for midlare storleikar og for kovariansar og variansar utleia. Basert på dette blir så budsjettlikningane for turbulent kinetisk energi utleia og dei ulike ledda blir diskuterte. Sentrale trekk ved ulike prosessar i atmosfæren sitt grenselag blir introdusert. Profilane, både av skalarar, som temperatur, fuktighet og ulike sporstoff, så vel som hastigheitar og dei turbulente fluksane i atmosfæren, blir skildra og diskutert for ulike pådrag. Problemet med turbulent lukking blir drøfta og dei mest kjende lokale og ikkje-lokale tilnærmingane blir introduserte. Det blir gitt ein kort oversikt over spesielle matematiske metodar, slik som FFT og Buckingham-Pi analyser i similaritets teorien. Det vil også bli gitt ei oversikt over ulike instrument og målemetodar, i tillegg til ei kort innføring i storskala kvervlingssimuleringar som ein reiskap i turbulens modellering.

Fagleg overlapp

GEOF310: 5 ECTS

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 førelesingar á 2+1 timar pr. veke

1 rekneøvingar á 1 timar pr. veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Presentasjon av to oppgåver er obligatorisk.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Haust

Studienivå (studiesyklus)

Master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- skildre og samanlikne dei sentrale eigenskapane til grenselaga i atmosfæren
- identifisere og skissere profilane til sporstoff og turbulente fluksar i grenselaget i atmosfæren under ulike pådrag
- skildre og diskutere dei ulike ledda i dei turbulente budsjettlikningane
- skissere eit idealisert energispekter og diskutere dei forskjellige delområda i spekeret
- forklare problemet med turbulent lukking og skissere ulike metodar for å løyse dette
- velja strategiar for instrumentering og prøvetaking for måling av turbulente fluksar i atmosfæren
- rekne ut og tolke viktige parametarar slik som fluksar og turbulent kinetisk energi frå eit datasett ved bruk av direkte og indirekte metodar

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF220 Fysisk meteorologi, eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Dersom fleire enn 15 påmeldte kan det bli skriftleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF321 / Modellar og metodar i numerisk vêrvarsling

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

GEOF321 gjev ei innføring i vêrvarsling basert på numeriske modellar, initialisering av modellane og ulike metodar for etterprossesering. Komponentane som utgjer numerisk vêrvarsling og klimaprediksjon blir forklart og ei rettleiing for tolking av modellane vert gjeven. Veikskapar grunna oppløysing i rom og tid, val av parameteriseringar, tilhøva i grenselaget og starttilhøva blir undersøkt. Det blir også gitt ei innføring i å analysere og spore varslingsfeil, prediktabilitet, dataassimilasjon og ensembleprognosar. Fysiske og dynamiske prosessar i atmosfæren knytt til ulike vêrsystem vert vurdert og nytta i samband med tolking av resultatata frå numeriske varslingsmodellar.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 førelesingar à 2 timar pr. veke

1 rekneøving à 2 timar pr. veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Regelmessig oppmøte på rekneøvingar med presentasjon av eigne løysingar.

Midtvegseksamen, skriftleg. Må ha deltatt på midtvegseksamen for å få gå opp til munnleg eksamen.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår. Kurset går kun dersom nok studentar melder seg.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- kjenne til oppbyggjning og avgrensingane til numeriske vêrvarslingsmodellar
- forstå omgrepa prediktabilitet, ensemblevarsling og dataassimilasjon
- kjenne til produkta som moderne vêrvarsel gjev
- vere i stand til å utarbeide enkelte vêrvarsel
- vurdere kor usikkert eit vêrvarsel er
- kopla usikkerheit i modellane med relevante prosessar i atmosfæren
- visualisera og analysera resultat frå ein numerisk vêrvarslingsmodell

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF211, GEOF220 samt GEOF311 eller GEOF310, eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Skriftleg midtvegseksamen tel 20 % av sluttkarakteren, må ha deltatt på midtvegseksamen for å få gå opp til munnleg eksamen.

Munnleg eksamen, 45 minutt, tel 80 %, må vere bestått.

Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF322 / Feltkurs i meteorologi

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

GEOF322 vil gje grunnleggande kunnskap om småskala prosessar i det atmosfæriske grenselaget, med fokus på lokal skala. Moderne meteorologiske instrument og måleteknikkar vert presenterte og gjennom praktiske øvingar vil studenten vere i stand til å utføre eksperiment og feltarbeid, inkludert kalibrering av instrument.

Kurset består av korte førelesingar innan ulike emne og dessutan ulike praktiske delprosjekt. I teoridelen blir effekten av overflateeigenskapar og vegetasjon på overføring av energi og bevegelsesmengde til grenselaget diskutert, med spesielt fokus på varmefluks i bakken og fordampingsprosessane. Ulike metodar til å bestemme fluksane av varme, fuktighet og bevegelsesmengde blir introdusert og dei vil dessutan seinare bli nytta av studentane på data som er innsamla i kurset. Studentane lærer om kvalitetskontroll og kalibrering av ulike meteorologiske instrument og dessutan prosedyrar for planlegging, førebuing og gjennomføring av felteksperiment. Dei deltek også i gjennomføringa av ein feltkampanje der målingar av ulike meteorologiske parametar i det atmosfæriske grenselaget blir utført. I denne delen av kurset har studentane ansvaret for å dokumentere aktiviteten, analysere resultatata og skrive ein sluttrapport.

Fagleg overlapp

Ingen.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjende oppgåver og rapport.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår. Kurset går kun dersom nok studentar melder seg.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- gjennomføre og vurdere kalibreringar utført i laboratoriet eller ved samanlikningar i felt
- definere, planlegge og utføre eksperiment og feltarbeid i meteorologi
- rapportere kva som skjer i ein feltkampanje og analysere og rapportere resultat frå kampanjen
- beskrive og diskutere korleis dei ulike prosessane påverkar energibalansen ved overflata
- forklare og diskutere korleis eigenskapar ved overflata og vegetasjon verkar inn på energibalansen ved overflata og på utvekslinga mellom overflata og atmosfæren
- beskrive og bruke ulike metodar til å berekne fluksar av varme, fukt og bevegelsesmengde i grenselaget
- utføre eit eksperiment vedrørande utveksling mellom overflata og lufta over og bestemme og tolke måleresultata ved kvantifisering av fluksane av følbare og latent varme og av rørslemengde

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF220 samt GEOF311 eller GEOF310, eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Godkjend deltaking og rapport

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert Bestått / Ikkje bestått nytta.

GEOF327 / Atmosfæren sin generelle sirkulasjon

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset vil gje studentane ein teoretisk bakgrunn for å forstå atmosfæren sin storskala sirkulasjon og energisyklus. Kurset inneheld ei beskriving av atmosfæren sin generelle sirkulasjon i form av angulært momentum budsjett, sonalt midla sirkulasjon og storskala energitransformasjonar. Teori for storskala atmosfæriske bølger på midlare breiddegrader og i tropane vil verte gjennomgått. Det vil også teoriar for utvalte storskalafenomen som monsun, ENSO og Hadley sirkulasjon.

Fagleg overlapp

GEOF320: 5sp, GEOF324: 5sp

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningssemester

Annankvar vår, partalsår. Kurset går berre dersom nok studentar melder seg.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne GEOF327 skal studenten kunne:

- forklare fenomen og forstå matematiske forklaringsmodellar for atmosfæren sin storstilte sirkulasjon
- beskrive dei fysiske mekanismane bak den storstilte atmosfæriske sirkulasjonen
- anvende dette rammeverket i analyse av observert storskalasirkulasjon
- anvende dette rammeverket i analyse av numeriske simuleringar med vær og klimamodellar

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF326(GEOF320), GEOF328

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF331 / Tidevannsdynamikk

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Emnet gjev ei oversikt og djupare forståing av ulike sider av tidevassteori. Kurset omfattar utleiing av tidevasskrefter og -potensiale,

harmonisk utleiing av tidevasspotensiale, likevektsteori og harmonisk analyse. Tidevassdynamikk i det opne hav, langs kystar og i

randhav vert også teken opp, i tillegg til blandingsprosessar og global tidevassdissipasjon.

Som ein del av emnet vil studentane lese og presentere nokre vitenskaplege artiklar som omhandlar utvalde delar frå tidevassforskninga.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Artikkelpresentasjon

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten vera i stand til å

- Drøfta dei underliggjande prinsippa for tidevasskraft og tidevassteori.
- Skildra og drøfte harmonisk utleiing av tidvatnspotensiale og drøfte vesentlige eigenskapar til tidvatn ut fra tidevasspotensialet.
- Gå gjennom og forklara dei underliggjande prinsippa for harmonisk analyse.
- Nyttja likeveksteori for å bestemma potensielle endringar i havoverflateheving for ulike samanstillingar av dei orbitale parametranne.
- Skildra og drøfte den geofysiske manifestasjonen av tidvatn i opne hav, i trange og opne bukter og i randhav.
- Drøfta rollen av tidevassblanding og energidissipasjon for opne hav og i randhav.
- Tolka, diskutera og presentera eit utval tema innan tidevassrelatert forskning.

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF110 samt GEOF130 eller GEOF105

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Artikkelpresentasjon og deltaking i diskusjon, tel 50 prosent av sluttarakter og er gyldig i to semester, det semestert den er avlagt og påføljande semester.

Munnleg eksamen, tel 50 prosent av sluttarakteren og må vera bestått. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: Ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF334 / Fjernmåling i mikrobølgjeområdet

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Kurset skal gje studentane ei oversikt over ulike fjernmålingsteknikkar i mikrobølgjeområdet blir brukte i oseanografi- og sjøisstudiar.

Studentane får ei detaljert innføring i korleis målingar av elektromagnetisk stråling i mikrobølgjeområdet, både passiv og aktiv, blir brukt til å bestemme tilstandar på havoverflata, som vind og bølger, strøm og strømstrukturar, havnivå, overflatetemperatur og -saltinnhald, sjøisdrift og utbreiing. Bakgrunnsteori og empiriske samanhengar for vekselverknadar mellom mikrobølgjestrålane og overflata blir diskutert og sett i samanheng med spektralområde og instrumenttypar.

Fagleg overlapp

GEOF333: 3sp

Undervisningspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningssemester

Vår, kurset går berre dersom nok studentar melder seg.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- diskutere ulike fjernmålingsteknikkar i mikrobølgeområdet som blir brukte i oseanografi- og sjøisstudier og vise styrkane og avgrensingane til teknikkane
- beskrive teori og empiriske samanhengar for interaksjon mellom mikrobølgestrålingen og hav- og sjøisoverflaten
- identifisere og grunngi kva for oseanografiske- og sjøisstørrelser ein måler i dei ulike spektralområda av mikrobølgeområdet
- angje på kva vis oseanografisk kunnskap er styrka takka være bruk av fjernmåling i mikrobølgeområdet.

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF310

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF336 / Vidaregåande kjemisk oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset tek for seg kva fordeling av kjemiske stoff i hav og atmosfære betyr for klima og miljø i eit tidlegare tids-, notids- og framtidsperspektiv. Kurset vil omhandle aktuelle vitenskaplege tema som t.d. havet si rolle i reguleringa av atmosfærisk CO₂-innhald gjennom tidene og korleis dette vil endre seg i ei verd med høg CO₂, kva havforsuring har å seie for opptak av atmosfærisk CO₂ og funksjonelle biologiske grupper (økosystem), kva ein kan lære av eksperiment der havet si kjemiske samansetting blir manipulert (mesokosmer), og kva endra næringstilførsel via elver vil ha å seie for kystsona. Aktuelle tema kan variere frå år til år. Studentane leverer ei semesteroppgåve basert på sjølvstudiar av eit fritt vald tema innan kjemisk oseanografi og presenter oppgåva i plenum for dei andre studentane. Bestått oppgåve og presentasjon er obligatorisk for å kunna ta eksamen i emnet.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Rapportar frå rekneøvingar og laboratorieøvingar.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- samanfatte kva klima- og miljøendringar som er venta i framtida basert på dei mest oppdaterte forskingsresultata
- arbeide vidare med denne informasjonen i eit kritisk og analytisk perspektiv
- lese og arbeide med informasjon frå den internasjonale vitenskaplege pressa i ei semesteroppgåve basert på eit vald tema
- presentere/formidle innhaldet i semesteroppgåva

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF236

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Prosjektoppgåve og presentasjon; tel 20% av sluttkarakteren. Slutteksamen, skriftleg 4 timar; tel 80% av sluttkarakter og må vere bestått. Dersom færre enn 10 påmelde, kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF337 / Fysisk oseanografi i fjordar

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet tek for seg grunnleggjande eigenskaper til sirkulasjonen, vassmassar, blandeopressar og energien i fjordar. I tillegg til ein teoretisk introduksjon til roterande hydraulikk for homogen og lagdelt straum, vil det inngå feltarbeid i ein fjord og gjennomgang av sentral faglitteratur på utvalde emne i fjordfysikk. Studentane vil få eit breitt grunnlag for praktisk og teoretisk innsikt i sirkulasjon og utveksling av vatn i fjordar, samt opparbeida kunnskap og forståing av energibudsjettet og responsen til eksterne pådrag. Energibudsjett for estuarin sirkulasjon i fjordar, vassutvekslinga med kystvatnet, fornying av vatnet under terskeldjupet, verknaden av tidevatn med fjordgeometri, vertikal blanding driven av indre bølger og hydrografien i dei viktigaste norske fjordane blir også handsama. Feltarbeidet frå fjordtoktet vil gje øving i bruk av eigna instrumentering, dataanalyse og rapportering, og vil vera med på å kopla teori og observasjonar.

Fagleg overlapp

GEOF332: 5 sp.

Undervisningspråk

Engelsk.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førellesningar and feltarbeid (tokt)

2 førellesingar; 2+1 timar pr. veke

Kvar veke presenterer studentar artiklar, 1 time pr. veke

Feltarbeid, 5 døgn

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Regelmessig deltaking på førellesningar. Deltaking på feltarbeid, innlevering og presentasjon av rapport. Presentasjon av ein tildelt vitenskapleg artikkel.

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår

Studienivå (studiesyklus)

Master, ph.d.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Etter å ha teke dette kurset skal studenten kunne:

- peike på og diskutera hovudtrekka til sirkulasjonen i ein fjord
- peike på og drøfte grunnleggjande eigenskaper til lagdelt, estuarin straum
- bruke enkle fysiske modellar til å forklare utvekslinga av vassmassar i ein fjord
- samanlikne og drøfte ulike fjordtypar med omsyn til pådrag og sirkulasjonsmønster
- skildra prosessar som medverkar til vertikal blanding i fjordbasseng
- skildre prosessane som finn stad nær terskelsonen og drøfte korleis dei verkar inn på den vertikale blandinga
- analysere og presentere data frå feltarbeidet for å skildra tilhøyrande prosessar og sirkulasjonen i ein fjord

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF 310 Turbulens i atmosfærens og havets grenselag eller tilsvarande, og GEOF331 Tidevannsdynamikk eller tilsvarande

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF338 / Polar oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Sirkulasjonen og dynamikken i dei polare havområda inkludert Norskehavet og Grønlandshavet blir gjennomgått. Emna blir diskutert når det gjeld variasjonar i klima, og samanlikning mellom Arktis og Antarktis vert gjort. Spesielle prosessar og problemstillingar knytt til termodynamikk for kaldt sjøvatn, teori for blanding, grenselagsprosessar og danning av havis, og varmebudsjett for Arktis og Antarktis blir handsama, saman med modellar for botnvatndanning og klimavariasjonar.

Fagleg overlapp

GEOF335: 10 sp.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

4 timar pr. veke, 2 dagar med 2 timar kvar

Forelesingar og rekneverkstad vil variera gjennom semesteret

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Oppgåver

(Gyldig i fire semester: Det semesteret obligatoriske arbeidskrav blir godkjent + tre etterfølgjande semester.)

Undervisningssemester

Vår

Studienivå (studiesyklus)

Master/PhD.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- beskrive dei viktigaste særtrekka ved sirkulasjonen i dei polare havområda
- diskutere dei viktigaste prosessane knytt til utveksling mellom hav, is og atmosfære, samt danning av sjøis og vertikalblanding
- beskrive danning av sjøis, djupvassdanning og vertikal blanding
- forklare dei polare havområda si rolle i den globale djupsirkulasjonen
- diskutere rolla dei polare havområda har for variasjonar i klima

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF310

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Dei obligatoriske oppgåvene vil inngå i eksaminasjonen. Tillatne hjelpemiddel på avsluttande eksamen: ingen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

GEOF345 / Fjernmålingsteknikkar i meteorologi og oseanografi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Målet for kurset er at studentane skal få ei utdjupande forståing av korleis ulike fjernmålingsteknikkar blir brukt i meteorologi og oseanografi, då særleg med vekt på observasjonar frå satellittar.

Det blir gått gjennom korleis måling av elektromagnetisk stråling blir brukt til å bestemme overflatetemperatur og ein del meteorologiske storleikar i atmosfæren, og vind, bølger, straum og sjøis på havoverflata.

Grunnleggande teori for slike kvantitative målingar blir behandla, med spesiell vekt på forståinga av samspelet mellom den elektromagnetiske strålinga og overflata og problem som oppstår ved transport av signala gjennom atmosfæren. Forutan å legge vekt på å få fram skilnaden mellom å måle overflateeigenskapar og profil i atmosfæren, blir det fokusert på ei forståing av kva for spektralområde som er nytta for å måle dei ulike meteorologiske og oseanografiske parametranne.

Fagleg overlapp

GEOF333: 5sp

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- diskutere ulike fjernmålingsteknikkar som blir brukt i meteorologi og oseanografi, og vise styrkane og avgrensingane til teknikkane
- identifisere problem som oppstår ved transport av elektromagnetisk stråling gjennom atmosfæren, og ha ei god forståing av vekselverknad mellom strålinga og overflata
- gi ei utgreiing om skilnaden mellom målingar av overflateeigenskapar og målingar av profil av ulike meteorologiske parametarar i atmosfæren
- identifisere og grunngje kva for spektralområdar som er nytta for å måle dei ulike meteorologiske og oseanografiske parametranne

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

GEOF220 og GEOF310

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Munnleg eksamen.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalen A-F nytta.

GEOF351 / Seminar i atmosfærisk vitenskap

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Kurset vil fokusere på ulike tema innan meteorologien. Studentane vil få ei innføring i sentrale forskingsområder gjennom nye publikasjonar så vel som gjennom oversiktsartiklar og grunnleggjande forskingsarbeid. Studentane vil diskutere utvalde artiklar innan feltet og vil både skrive ein oversiktsrapport og ein rapport innan eit valt tema. Temaet vil endre seg frå semester til semester.

Fagleg overlapp

Ingen.

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

2 forelesningar á 2 timar som innføring i emnet den første veka. Deretter 2 timar diskusjon av artiklar pr veke, inkludert student presentasjonar. 2 forelesningar á 2 timar om vitenskapleg skriving midt i semesteret.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Obligatorisk oppmøte på alle forelesningar og deltaking i diskusjonane. Skriftleg oversiktsrapport, rapport innan eit valt tema, deltaking i fagfellevurdeling og studentpresentasjon blir kravd. Alle deler må være bestått.

Undervisningssemester

Haust og vår. Kurset går kun dersom nok studentar melder seg.

Kurset går første gong hausten 2014.

Studienivå (studiesyklus)

Master

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Føremålet med kurset er å gi studentane ein oppdatert oversikt over ideane, teoriane, metodane og resultatane innan eit valt område i meteorologien. Studentane vil delta i ei kritisk vurdering av forskingsartiklar, få ein grundigare bakgrunnskunnskap innan viktige område innan meteorologien og tileigne seg erfaring både innan skriftleg og munnleg formidling og fagfellevurdering på rapporten i det valte emnet. Kurset vil også gi trening i vitenskapleg skriving.

Krav til forkunnskapar

Bachelor i meteorologi og oseanografi eller tilsvarande.

Tilrådde forkunnskapar

Ingen

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Studentpresentasjon tel 40 prosent, oversiktsrapport tel 20 prosent og skriftleg oppgåve tel 40 prosent av den endelege karakteren.

Karakterskala

Ved sensur av emne vert karakterskalaen A-F nytta

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

EMNE I MOLEKYLÆRBIOLOGI

MOL100 / Innføring i molekylærbiologi.....	617
MOL200 / Metabolisme; reaksjonar, regulering og kompartmentalisering.....	619
MOL201 / Molekylær cellebiologi.....	621
MOL203 / Genstruktur og -funksjon.....	622
MOL204 / Anvendt bioinformatikk.....	623
Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.....	624
MOL213 / Utviklingsgenetikk.....	625
MOL215 / Tumorbiologi.....	626
MOL217 / Anvendt Bioinformatikk II.....	628
MOL221 / Eksperimentell molekylærbiologi I.....	630
MOL222 / Eksperimentell molekylærbiologi II.....	632
MOL270 / Bioetikk.....	634
MOL231 / Prosjektoppgåve i molekylærbiologi.....	635
MOL210 / Lipidbiokjemi: Frå kjemi til sjukdom.....	637
MOL300 / Praktisk molekylærbiologi.....	638
MOL301 / Biomolekyl.....	640
MOL310 / Strukturell Molekylærbiologi.....	641
MOL320 / Avanserte metodar i biokjemi.....	643
MOL399 / Masteroppgåve i molekylærbiologi.....	644

MOL100 / Innføring i molekylærbiologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei oversikt i moderne molekylærbiologi med spesiell vekt på ei kjemisk, genetisk og evolusjonær tilnærming til forståing av biologiske prosessar og system. Det blir gitt ein introduksjon til oppbygging av celler og skilnaden på pro- og eukaryote organismar, modelorganismar, genetikk, biomolekyl, proteinstruktur, enzymologi, metabolisme, bioenergetikk, fotosyntese, replikasjon, transkripsjon, translasjon, ernæring, sjukdom og helse, bioteknologi og molekylærbiologisk metodologi. Det blir fokusert på felles molekylærbiologiske prinsipp og prosessar i ulike organismar.

Undervisningspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Tre deleksamenar som til saman tel 20% av sluttkarakteren. Dei tre første kollokvia er obligatorisk. Obligatorisk aktivitet er gyldig i seks semester (undervisningsemesteret og dei fem påfølgande semestra).

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL100 skal kandidaten kunne:

- forklare enkelt sentral molekylær biologisk terminologi
- ha ei forståing mellom skilnaden mellom pro- og eukaryote organismar
- forklara dei mest basale genetisk omgrep og forstå samanhengen mellom fenotype og genotype
- gjere greie for sentrale molekylærbiologiske og biokjemiske prosessar i celler med stor vekt på prinsippet for overføring av genetisk informasjon, frå DNA via RNA til protein
- klaregjera struktur og funksjon til ulike subcellulære strukturar og organeller
- forstå dei viktigaste kjemiske prinsippa for oppbygging av biomolekyl
- gjera greie for sentrale metabolske prinsipp og koplinga mellom anabolske og katabolske reaksjonar
- klargjera ulike kjelder til cellulær energi og forstå uttrykk som fri energi, energilagring og elektrontransport
- forklara vesentlige steg i fotosyntesen og kva molekylære prosessar som inngår i den
- visa ei forståing av sentrale steg i fordøying og samanhengen mellom biokjemiske prosessar og sjukdom
- forklara kjemiske prinsipp for separasjons- og deteksjonsteknikkar og forstå skilnaden mellom kvantitative og kvalitative analysar

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM100 og/eller KJEM110

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Deleksamenar (20%) og skriftleg eksamen, 4 timar (80%).

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL200 / Metabolisme; reaksjonar, regulering og kompartmentalisering

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet omhandlar prinsipp og regulering av metabolske vegar i celler og organ. Det gir ein introduksjon til signalomforming og ei vidare oversikt i viktige emne i biokjemi og molekylærbiologi slik som cellulær arkitektur og trafikk, differensiering og cellesyklus, eigenskap til protein, enzym (mekanismar og kinetikk), regulering av protein. Det vert vektlegg å gi ei djupare forståing for bioenergi og metabolisme. Organspesifikk metabolisme vert behandla gjennom utvalde eksempel, der det endokrine system vert særskilt omhandla. Relevante molekylærbiologiske metodar vert gjennomgått.

Fagleg overlapp

MOL301: 5 sp

Undervisningspråk

Norsk, engelsk for felles førelesingar med MOL301 Biomolekyl.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Dei to første kollokvia er obligatoriske. Skriftleg semesteroppgåve (tel 20 % av karakteren). Munnleg presentasjon av semesteroppgåva. Obligatorisk aktivitet er gyldig i seks semester (undervisningssemesteret og dei fem påfølgande semestrene).

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL200 skal studenten kunne:

- framstille struktur og biokjemiske eigenskapar til protein, karbohydrat, lipid og deira byggesteiner
- forklare grunnleggjande metabolske prosessar og deira regulering
- forstå og relatere kunnskap i enzymologi og regulering av biokjemiske reaksjonar
- skildre bioenergetiske prinsipp som driver metabolisme
- inndele det endokrine system og forklare verknad av hormon på sentrale metabolske prosesser
- analysere og presentere vitenskaplege artiklar som behandlar metabolske prosesser

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MOL100 og KJEM100 eller KJEM110 eller tilsvarande. Kunnskap i organisk kjemi, KJEM130 eller tilsvarande, er sterkt tilrådd.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Feil! Bruk kategorien Hjem til å bruke Heading 2 på teksten du vil skal vises her.

Vurderingsformer

Semesteroppgåve (20%) og skriftleg eksamen, 4 timar (80%).

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL201 / Molekylær cellebiologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet omhandler eukaryote celler med hovudvekt på proteinsekresjon, intracellulære transportmekanismer, cellekommunikasjon, cellesyklus, cytoskjelett, vevsoppbygging, celledifferensiering og kreftutvikling. emnet gir ei detaljert innføring ig det blir lagt vekt på molekylær og eksperimentell forståing.

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: gul)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL201 skal studenten kunne:

- greie ut om sentrale funksjonar i cella og korleis dei er knytt til subcellulære strukturar.
- Forklara cellekommunikasjon og samanlikna ulike typar signalisering
- Identifisere viktige trinn i cellesyklus og forklara reguleringstrinna og korleis desse kan knytast til kreftutvikling
- Skildre sortering og sekresjon av protein og forklara prosessane molekylært
- Greie ut om cytoskjelettet sin oppbyggnad og ulike funksjonar.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MOL100 eller tilsvarende.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL203 / Genstruktur og -funksjon

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet skal gi ein detaljert gjennomgang av det molekylære grunnlaget for prokaryote og eukaryote celler sin struktur og fysiologi. Emnet vil behandle; struktur av DNA, RNA og kromatin; vedlikehald av genom gjennom replikasjon, reparasjon, rekombinasjon; uttrykk av genom gjennom kromatin modifiseringar, genregulering, transkripsjon, RNA spleising og translasjon. Genteknologiske metodar i studiar av biologiske mekanismar og strukturer blir omtalt. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi.

Undervisningspråk

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL203 skal studenten kunne:

- anvende kunnskap om struktur av nukleinsyrer til å forstå overføring og vedlikehald av genetisk informasjon
- forklare kromatinorganisering av DNA med vekt på funksjon i regulering av genar
- kombinere kunnskap om mekanismar i transkripsjon, spleising og translasjon til å forklare regulering av genar
- identifisere betydinga av DNA skading og reparasjon
- kunne samanlikne molekylære mekanismar i genregulering i pro-og eukaryote organismar

Krav til forkunnskapar

MOL100 eller tilsvarande

Tilrådde forkunnskapar

MOL200, MOL201, MOL202/MOL221 og MOL222

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL204 / Anvendt bioinformatikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Målet for emnet er å gje studentane kunnskap om og dugleik i bruk av bioinformatiske metodar som er sentrale i gjennomføring av molekylærbiologiske forskingsprosjekt. Emnet har hovudvekt på bioinformatikk knytt til utforsking av protein og omfattar analyse av sekvensar, databasesøk, sekvenssamanstilling, visualisering og analyse av proteinstruktur og innføring i fylogenetiske analysar. Studentane får ei innføring i det teoretiske grunnlaget for nokre av nøkkelmetodane. Emnet gjev og ei innføring i DNA-sekvensiering og analyse av gen- og genomsekvensar, genuttrykking og systembiologi. Gjennom praktiske øvingar har emnet som mål å gje studentane grunnleggjande dugleik i bruk av bioinformatiske verktøy. Det vert lagt vekt på at studentane skal læra og forstå dei bioinformatiske verktøya i lys av sine molekylærbiologiske kunnskapar.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Førelingar, øvingar og godkjende oppgaver.

Undervisningssemester

Haut, emnet har begrensa kapasitet og inngår i undervisningsopptaket (Fargekode: rød)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL204 skal studentane kunne:

- skildra innhald og eigenskapar for dei viktigaste bioinformatiske databasane og kunne gjennomføre søk i databasane med både tekst og sekvensar, og analysere og drøfte resultata i lys av molekylærbiologisk kunnskap.
- gjere greie for hovudtrinna i parvis og multippel sekvenssamanstilling, forklara prinsippet for, og gjennomføre parvis sekvenssamanstilling ved dynamisk programmering.
- gjere greie for hovudtrekka i evolusjon av genar, protein og proteinarkitektur, og gjere greie for korleis ulike metodar kan nyttast for å konstruere fylogenetiske tre.
- gjere greie for hovudtrekka i ulike metodar for modellering av proteinstruktur og nytta program for å visualisere og analysere slike strukturar.
- gje eksempel på metodar for å skildre og analysere gen, genom og genuttrykking
- definere og drøfte sentrale omgrep som vert nytta innan systembiologi

Krav til forkunnskapar

MOL100 eller tilsvarande

Tilrådde forkunnskapar

MOL200 eller tilsvarande.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar. Eventuelt munnleg eksamen avhengig av talet på studentar.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL213 / Utviklingsgenetikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Det teoretiske grunnlaget for utviklingsbiologi vil bli gjennomgått med spesiell vekt på mekanismar som styrer tidlege trinn i fosterutviklinga. Emnet gjev også ei grundig innføring i genetiske kontrollmekanismar og korleis mutasjonar kan føre til misdanningar. Eksperimentell forståing og evolusjonsmessige samanhengar vil bli vektlagt.

Undervisningsspråk

Engelsk

Undervisningssemester

Haut. Kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL213 skal studenten kunne:

- greie ut om grunnleggjande omgrep, prinsipp og metodar innan utviklingsbiologi.
- identifisere fellestrekk og ulikskapar mellom tidlege trinn i fosterutviklinga hjå vertebrater og insekt (Drosophila-modellen).
- forklara korleis genetiske og molekylære mekanismar bestemmer utvikling av kroppssegment hjå Drosophila-modellen.
- greie ut om regulering av celledifferensiering i ulike vev og organanlegg under fosterutviklinga hjå vertebrater.

Krav til forkunnskapar

MOL100 eller tilsvarende. Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6.semester av bachelorgraden.

Tilrådde forkunnskapar

MOL200, MOL201, MOL221, MOL222 (MOL202), MOL203.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL215 / Tumorbiologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei oversikt over sentrale tema for årsaker og mekanismar som fører til utvikling av kreft. Hovuddelen av pensum består av originale publikasjonar som i sum omhandlar årsaker og mekanismar for kreftutvikling. Det blir fokusert på korleis overordna prinsipp blir oppdaga og forstått gjennom hypotesestyrt eksperimentell forskning. Studentane skal delta aktivt i undervisinga gjennom diskusjonar og ved å presentere relevante vitsskapelege artiklar for gruppa.

Undervisningspråk

Engelsk. Norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjent oppgave og presentasjon. Kurset inkluderar ei obligatorisk skriftleg semesteroppgave som utgjer 1 SP av den totale arbeidsmengda.

Undervisningssemester

Vår, kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal. Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info: <http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitsskapelege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført MOL215 skal studenten ha fått ei oversikt over dei mest sentrale molekylære mekanismar som er kjent å ha betydning for tumorbiologi inklusivt genetiske mekanismar.

Studenten skal kunne:

- lese vitsskapelege originalpublikasjonar
- vurdere resultat som er lagt fram i forhold til eksperimentelle teknikkar som er nytta
- finne hovudinformatjonen i en vitsskapeleg artikkel
- sette resultat og problemstillingar i samband med tidligare kunnskap innan det omtalte emnet
- presentere vitsskapeleg litteratur for medstudentar
- gi skriftlig utgreiing av resultat presentert i vitsskapelege publikasjonar og gjennomføre ei faglig vurdering av resultat.

Krav til forkunnskapar

MOL100 og MOL200 eller tilsvarande. Emnet høver best i mastergraden, tidlegast i 5. eller 6.semester av bachelorgraden.

Tilrådde forkunnskapar

MOL201, MOL202 eller MOL221 og MOL222, MOL203

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen, 4 timar.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL217 / Anvendt Bioinformatikk II

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Målet for emnet er å gje studentane inngåande kunnskap om utvalde bioinformatiske metodar og bruk av desse i molekylærbiologisk forskning. Emnet er bygd rundt ei prosjektoppgåve som studentane arbeider med gjennom heile semesteret og resultatata frå prosjektet skal dokumenterast og drøftast i ein utførleg prosjektrapport som og vert lagt fram munnleg. Oppgåvene og metodane som vert nytta vil kunna variera frå semester til semester, men vil vera knytt til analyser av protein, proteinfamiliar og proteinstruktur. Emnet kan inngå som ein del av mastergraden i molekylærbiologi, med atterhald om at innhaldet ikkje skal overlape med innhaldet i masteroppgåva. Det er rettleiar på mastergraden og emneansvarleg i MOL217 som skal vurdere kva som overlappar.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Prosjektarbeid og gruppearbeid.

Undervisningssemester

Vår. Emnet har begrensa antal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Endeleg opptak til emnet vert gjort etter emnepåmeldingsfristen kvart semester. Meir info: <http://www.uib.no/matnat/53575/undervisningsopptaket>

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL217 skal studentane kunne:

- gjere greie for og drøfta val av bioinformatiske metodar som kan nyttast for å utforska ei gitt problemstilling knytt til protein, proteinfamilier og/eller proteinstrukturer, og nytte desse metodane til å gjennomføra ei prosjektoppgåve bygd på sjølvstendig arbeid og arbeid i grupper.
- analysere og drøfte resultat frå ei større bioinformatisk prosjektoppgåve i lys av eigne data og data frå vitenskaplege artiklar
- presentere resultat og analyser frå ei bioinformatisk prosjektoppgåve både munnleg og som ein prosjektrapport

Krav til forkunnskapar

MOL100 og MOL200 og MOL204 eller tilsvarande

Tilrådde forkunnskapar

MOL201 og MOL203

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen (30%), eventuelt skriftleg eksamen 2 timar avhengig av antal studentar, og ei skriftleg semesteroppgåve (70%). Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL221 / Eksperimentell molekylærbiologi I

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Dette emnet vil gje studentane teoretisk og praktisk introduksjon til viktige metodar og teknikkar i biokjemi og molekylærbiologi. Desse inkluderer arbeid med biokjemisk og molekylærbiologisk laboratorieutstyr, biologiske løysningar og buffer, spektrofotometrisk analyse, enzymologi og demonstrasjonar av aktuelle forskingsaktivitetar ved instituttet. Studentane vil læra dei fysiske og kjemiske prinsippa bak dei analytiske metodane. Dei vil også få praktisk introduksjon til internettbaserte databaser for analyse av protein og nukleinsyrer.

Samstundes med dei praktiske aspekta ved emnet vil det også verta lagt vekt på design og førebuing av eksperimentelt arbeid og dokumentasjon, kritisk evaluering, og kvalitativ og kvantitativ analyse av resultata. Studentane vil presentere og diskutere arbeidet sitt i seminar. Tryggleiksaspekt ved laboratoriearbeid blir og vektlagt.

Emnet har som mål å gje basalkunnskap i eksperimentell biokjemi og molekylærbiologi.

Fagleg overlapp

MOL202: 10 sp.

Undervisningspråk

Norsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Alle aktivitetar er obligatoriske, inkludert orienteringsmøte, førelesningar og øvingar. Gjennomførte aktivitetar er gyldig i seks semester.

Undervisningssemester

Vår. Emne har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket (<http://www.uib.no/matnat/53575/undervisningsopptaket>).

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, og at du oppfyller eventuelle opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL221 skal studenten kunne:

- greia ut om grunnleggjande metodar innan eksperimentell biokjemi og molekylærbiologi
- ha praktisk og teoretisk dugleik til å nytte desse metodane
- bruke enkle, nettbaserte databasar for protein- og nukleinsyreanalyser
- tolka og rapportera analyseresultat kvalitativt og kvantitativt
- planlegge eksperimentelt arbeid basert på ein protokoll
- kritisk vurdere og diskutere eksperimentelle resultat
- fylgja vanlege tryggleiksrutinar for laboratoriearbeid innan molekylærbiologi

Krav til forkunnskapar

MOL100, KJEM110 og eitt av emna MOL200/MOL203/BIO103. Emna kan ikkje takast parallelt med MOL221, og eksamen må vere bestått.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Laboratorierapportar (30%) og skriftleg eksamen, 3 timar (70%). Enkel kalkulator tillat, i samsvar med fakultetets regler.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL222 / Eksperimentell molekylærbiologi II

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Dette emnet bygger på MOL221 Eksperimentell molekylærbiologi I, og emna kan med fordel takast same semester.

MOL222 vil gje studentane teoretisk og praktisk introduksjon til viktige metodar og teknikkar i biokjemi og molekylærbiologi. Dette inkluderer arbeid med molekylær kloning, PCR, plasmidoppdyrking i bakterier, plasmidreinsing, restriksjonsenzymanalyse, overuttrykking av gener i mammalske cellerlinjer, mikroskopi, gelelektroforese og Western Blotting, og demonstrasjonar av aktuelle forskingsaktivitetar ved instituttet. I tillegg vil studentane få eigenhandserfaring og fordjupning med bruk av nukleinsyredatabaser og andre bioinformatiske verktøy. Studentane vil lære dei fysiske og kjemiske prinsippa bak dei analytiske metodane.

Samstundes med dei praktiske aspekta ved emnet vil det også verta lagt særskilt vekt på design og førebuing av eksperimentelt arbeid samt dokumentasjon, kritisk evaluering, og kvalitativ og kvantitativ analyse av resultat. Studentane vil presentere og diskutere arbeidet sitt i seminar. Tryggleiksaspekt ved laboratoriearbeid blir og vektlagt.

Emnet har som mål å gje solid grunnkunnskap i eksperimentell biokjemi og molekylærbiologi, og dannar grunnlag for vidare studie i molekylærbiologi.

Fagleg overlapp

MOL202: 10 sp.

Undervisningsspråk

Norsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Alle aktivitetar er obligatoriske, inkludert orienteringsmøte, føreløsingar og øvingar. Gjennomførte aktivitetar er gyldig i seks semester.

Undervisningssemester

Vår. Emne har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket (<http://www.uib.no/matnat/53575/undervisningsopptaket>).

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, og at du oppfyller eventuelle opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbytte

Ved fullført emne MOL222 skal studenten kunne:

- greia ut om grunnleggjande metodar innan eksperimentell biokjemi og molekylærbiologi.
- ha praktisk og teoretisk dugleik til å nytte desse metodane
- førebu plasmidar for transfeksjon av cellekulturar (cultured cells) og analysere proteinuttrykking ved hjelp av fluorescerende mikroskopi og Western Blottingteknikker.
- bruka instrumentelle og genteknologiske metodar til separasjon og analyse av protein og nukleinsyrer
- tolka og rapportera analyseresultat kvalitativt og kvantitativt
- planleggje eksperimentelt arbeid basert på ein protokoll
- kritisk vurdera og diskutera eksperimentelle resultat
- fylgja vanlege tryggleiksrutinar for laboratoriearbeid innan molekylærbiologi

Krav til forkunnskapar

MOL100, KJEM110 og eitt av emna MOL200/MOL203/BIO103. Emna kan ikkje takast parallelt med MOL222, og eksamen må vere bestått.

MOL221 må vere bestått eller takast same semester som MOL222. Andre emne med mye laboratorieundervising kan erstatte MOL221.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Mappevurdering beståande av:

- laboratorierapportar 65%
- rapport frå dataøving 20%
- skriftlege deleksamenar 15%

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL270 / Bioetikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Målet er at studentane vert i stand til å vurdere bioetiske problem og forstår det normative aspektet ved etisk evaluering. Undervisinga blir i stor grad bestemt av aktuell samfunnsdebatt, nasjonale og internasjonale lovar og lovforslag og nyare bioteknologisk utvikling. Tema som testing av arveeigenskapar, genterapi, kloning, stamceller, assistert befrukting, xenotransplantasjon, bruk av dyr i forskning og matproduksjon og genetisk modifisering av planter vil bli diskutert. Forståing av etiske prinsipp blir og gjennomgått. Det blir lagt vekt på aktiv deltaking frå studentane i undervisinga og dei skal til ein viss grad vere med å forme emnet. Faget passar for studentar frå alle fakultet og med ulik bakgrunn.

Fagleg overlapp

MNF220: 3sp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Førelingar, øvingar og semesteroppgåve.

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL270 skal kandidaten kunne:

- forklara filosofiske, etiske, juridiske og biologiske aspekt ved aktuelle bioetiske spørsmål
- forstå etikkens normative basis
- identifisera ulike bioetiske aspekt i aktuell relevant samfunnsdebatt
- ha innsikt i nasjonale og internasjonale lovar og lovforslag som regulerer bioteknologien
- ha oversikt om nyare bioteknologiskiske trendar
- kjenna spesielt til tema som testing av arveeigenskapar, genterapi, kloning, stamceller, assistert befrukting, xenotransplantasjon, bruk av dyr i forskning og matproduksjon og genetisk modifisering av planter.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Godkjent semesteroppgåve.

Karakterskala

Bestått/ikkje-bestått

MOL231 / Prosjektoppgåve i molekylærbiologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Studenten skal få ei innføring i forskingsstrategi og gjennomføre eit prosjektarbeid i rettleiar si forskingsgruppe. Studenten vil bli kjent med utvalde molekylærbiologiske metodar som er av generell nytte for molekylærbiologisk forskning. Omfanget av oppgåva er bestemt av studiepoeng, og vil dreie seg om 200-240 timar på laboratoriet, eller 25-30 fulle arbeidsdagar. Emnet MOL231 utgjer ein tredjedel av normal studiemengde i eit semester, og laboratoriearbeidet vil koordinerast med studenten og rettleiar sin timeplan. Ein må minimum rekne med 6

veker på laboratoriet, men avhengig av andre aktivitetar kan emnet strekkje seg mot 8-10 veker. Målsetjinga er å byrje på prosjektet i andre studieveke av semesteret, slik at oppgåva er fullført før eksamenlesinga i andre emne startar. Starttidspunkt kan likevel variere på grunn av andre plikter til rettleiar.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Kurset skal avslutta med presentasjon av prosjektet i form av ein poster. Studenten skal levere laboratoriejournalen til rettleiar for kommentarar. Journal og kommentarar fra rettleiar skal bli sendt til emneansvarlig for endeleg vurdering. Emnet blir vurdert som "bestått/ ikkje bestått". Det er påkrevd at labjournalen er ført nøyaktig og at denne dagleg har vore oppdatert på laboratoriet. Ferdig godkjende labjournalar blir behalda av emneansvarleg til etter at eksamenar i semesteret er fullførte, og blir seinare deponert hjå dei enkelte rettleiarane. Studentar har seinare moglegheit til å kopiere frå labjournalen.

Undervisningssemester

Haust og vår, avhengig av antal tilgjengelege rettleiarar og prosjekt. Emnet har begrensa antal plassar og inngår i undervisningsopptaket. Endeleg opptak til emnet blir gjort etter emnepåmeldingsfristen kvart semester.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL231 skal studentane kunne:

- lese vitskaplege artiklar som førebuing til eit prosjekt
- vise ferdigheiter i sjølvstendig, praktisk laboratoriearbeid
- skissere og forklare dei ulike forsøka i prosjektet og sette dei i samband med kvarandre
- analysere og drøfte eigne forskingsresultat
- presentere resultat og analyser frå prosjektoppgåve både munnleg og som ein poster

Krav til forkunnskapar

MOL100, MOL200, KJEM110 og MOL202 eller MOL221 og MOL222. Basal kunnskap i molekylærbiologi og kjemi, særleg viktig er erfaring frå laboratoriearbeid innan molekylærbiologi og kjemi. Emnet høver best i 5. eller 6. semester av bachelorgraden.

Tilrådde forkunnskapar

MOL201, MOL203, KJEM130 og KJEM131.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Godkjent journal og poster.

Karakterskala

Bestått/ikkje-bestått

MOL210 / Lipidbiokjemi: Frå kjemi til sjukdom

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

MOL210 vil byggje på kunnskap tileigna i grunnleggjande biokjemi av lipid. Dette kurset vil utdjupe studenten si forståing av karakteristikkane til lipid på kjemisk, cellulært og patologisk nivå. Studenten skal tileigne seg ei forståing av korleis eigenskapane til lipid, både kjemisk og på signaliseringsnivå, blir overført til funksjon eller dysfunksjon. Kurset vil også gi ei innføring i korleis lipid samhandlar med og påverkar funksjonen av makromolekyl, og ei teoretisk innføring i noverande toppmoderne metodikk for lipidforskning.

Undervisningspråk

Engelsk. Norsk dersom kun norsktalende studentar deltek.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Godkjent semesteroppgåve som tel 25% av endeleg karakter.

Undervisningssemester

Dette emnet blir ikkje undervist hausten 2016, men emnet går som normalt igjen hausten 2017.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Studenten skal få ei djup forståing av og kunnskap om eigenskapane til lipid frå både kjemisk og biologisk perspektiv. Ei forståing av nokon lipid-relaterte sjukdommar vil også vere forventa ved kursavslutning.

Krav til forkunnskapar

MOL100, MOL200, KJEM110 og KJEM130 (eller tilsvarende). Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6. semester av bachelorgraden.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

Semesteroppgåve (25%) og skriftleg eksamen, 4 timar (75%).

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL300 / Praktisk molekylærbiologi

Studiepoeng: 20.0

Mål og innhald

Hovudmålet er for å gje studentane direkte erfaringar i modernemetodar i biokjemi og molekylærbiologi. Emnet inneheld oppgåver innan spektrofotometri, enzymkinetikk, forskjellige separasjonsteknikkar og analyse av biologiske makromolekyl, modernemetodar i genteknologi (kloning, protein uttrykk, PCR og sette-retta mutagenese), in situ hybridisering, immunologiske påvisingsteknikkar, celledyrking og protein interaksjon.

Journalføring, rapport skrivning og mini-symposia skal gje studentane kunnskap og erfaringar i data samling og analyse. Dette er naudsynt for å at studentane skal forstå dei teoretiske opplysingane bak praktiske øvingar, og grundig diskusjon blir integrert del av kurset.

Det blir også lagt vekt på tryggleiksspekt ved laboratoriearbeid.

Fagleg overlapp

MOL302 15sp

Undervisningspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Førelingar, laboratoriekurs m/journal og rapport. Alle aktiviteter i kurset, inkludert det første orienteringsmøtet, er obligatorisk å delta på.

Undervisningssemester

Haut, avgrensa opptak. Studentar som har dette emnet som obligatorisk i studieplanen vil bli prioritert.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til masterprogrammet i molekylærbiologi. Andre med interesse for å følge emnet må først ta kontakt med studieadministrasjonen ved Molekylærbiologisk institutt.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emnet skal studenten kunne

- fullføre dei flest av grunnleggjande og avanserte eksperiment i biokjemi og molekylærbiologi.
- skilje fordelar og ulemper av liknande eksperimentale prosedyrar.
- forstå grunnleggjande teoriar bak dei flest viktige metodane i biokjemi og molekylærbiologi.
- forstå og eksaminere relevant fagleg arbeid.
- generere tydelege laboratoriejournalar.
- skrive vitskapleg rapport og faglege artikkel.
- bli kjent (og ha erfaring) med tryggleiksreglar i både personale- og miljøaspekt.
- jobbe sjølvstendig utan detaljert instruks og tilsyn.

Krav til forkunnskapar

Bachelorgrad eller tilsvarande omfang molekylærbiologisk kunnskap. Det er eit krav for opptak til emnet å at du er tatt opp til masterprogram/ph.d.-utdanning ved Molekylærbiologisk institutt.

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorgrad eller tilsvarande omfang molekylærbiologisk kunnskap.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Laboratoriejournal og rapport (30%) og skriftleg eksamen, 5 timar (70%).

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL301 / Biomolekyl

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei oversikt i dei ulike gruppene av biologiske makromolekyl: protein, karbohydrat, lipid og nukleinsyrer. Det blir fokusert på struktur og funksjon til desse molekyla. Emnet gir ei detaljert innføring og det blir lagt vekt på grunnleggjande metabolske prosessar, enzymologi, bioenergetikk og grunnleggjande biokjemiske reaksjonar og regulering av desse.

Fagleg overlapp

MOL101: 10 sp, MOL200: 10 sp, teoridel KB101: 10 sp.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Dei to første kollokviene er obligatorisk. Skriftleg semesteroppgåve (tel 20% av karakteren) og munnleg presentasjon semesteroppgåva. Obligatorisk aktivitet er gyldig i seks semester (undervisningssemesteret og dei fem påfølgande semestera).

Undervisningssemester

Haust, blir ikkje undervist ved lågt studenttal. (Fargekode: blå)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL301 skal studenten kunne:

- framstille strukturar og biokjemiske eigenskapar til protein, karbohydrat, lipid og nukleinsyrer
- forklare grunnleggjande metabolske prosessar og regulering av desse.
- ha kunnskap i enzymologi og regulering av biokjemiske reaksjonar
- skildre bioenergetiske prinsipp som driv metabolisme
- analysere og presentere vitenskaplege artiklar som behandlar metabolske prosesser

Tilrådde forkunnskapar

Bachelorgrad eller tilsvarande med noe bakgrunn i molekylærbiologi. Emnet er spesielt tilrettelagt for masterstudenter i bioinformatikk.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Semesteroppgåve (20%) og skriftleg eksamen, 4 timar (80%).

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL310 / Strukturell Molekylærbiologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Målet for emnet er å gje studentane kunnskap om forholdet mellom biomakromolekyl sin struktur og funksjon. Protein vil som det viktigaste funksjonelle molekylet i levande system få hovudfokuset i dette kurset. Punkt som vil bli dekt er korleis aminosyrer sine eigenskapar blir kombinert i sekundær-, tertiær- og høgareordens kompleks, og korleis dei nye eigenskapane blir utnytta i levande organismar. Andre biomolekyl og samlingar av biomolekyl vil berre bli diskutert i samband med relasjon til protein. Fokuset vil vere på konsept som allereie er presentert i tidligare kurs slik som allosteri, ligandbinding og effektorar, posttranslasjonelle modifikasjonar, nukleotid signalisering, og korleis disse fenomenar regulerer proteinfunksjon. Emnet vil og by på ein kort introduksjon til korleis ein kjem fram til proteinstrukturar eksperimentelt, og vil sjå på proteinevolusjon frå eit strukturelt perspektiv. Emnet legg vekt på korleis fenomenar over spelar saman og gjev opphav til cella si mange funksjonar.

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Skriftleg oppgåve

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne MOL310 skal studentane kunne:

- skildre dei forskjellige proteinstrukturnivåa, frå aminosyre nivå til større, kvartære kompleks
- forstå kreftene og effektane som gir eit protein struktur
- skildre korleis protein nyttar si strukturelle organisering for å oppnå eigenskapar som ikkje er til stades i enkeltkomponentane til proteinet
- forstå korleis desse eigenskapane blir nytta til gjeremål på molekylært nivå i ei levande organisme
- skildre korleis desse proteinfunksjonane blir styrt av modifikasjon, lokalisering og effektormolekyl.
- gjere greie for korleis, ved å nytta eksempel, punkta over spelar saman i celleprosessar slik som signaloverføring, endo/eksocytose, cellemotilitet og genregulering

Krav til forkunnskapar

Bachelorgrad eller tilsvarende omfang molekylærbiologisk kunnskap.

Tilrådde forkunnskapar

Generell god bakgrunn i organisk kjemi og molekylærbiologi.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg oppgåve (25%) og skriftleg eksamen, 4 timar (75%).

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL320 / Avanserte metoder i biokjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Studenten vil få ein teoretisk introduksjon til kvar metodikk med søkjelys på korleis teknikkane blir brukt innan molekylærbiologisk forskning. Studenten vil få eit innblikk i korleis dei ulike teknikkane kan supplere kvarandre og korleis vitenskaplege konklusjonar kan bli trekt basert på ein teknikk eller fleire i kombinasjon. Kurset vil gi ei forståing av det fysiske prinsippet bak teknikkane, og skildre teknikkane og deira applikasjonar. Det vil bli ein praktisk komponent i kurset gjennom demonstrasjonar, øvingar og dataanalyse.

Fagleg overlapp

KJEM233 (1sp), KJEM251 (1 sp)

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøvingar og demonstrasjonar.

Undervisningssemester

Vår, kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller eventuelle opptakskrav.

Læringsutbytte

Ved fullført kurs skal studenten vere i stand til å 1) Forstå det teoretiske/fysiske grunnlaget for kvar teknikk, 2) analysere data og trekkje konklusjonar, 3) forstå styrkje og restriksjonar assosiert med kvar teknikk og forklare korleis teknikkane kan komplimentere kvarandre, 4) forklare kva teknikkar som med fordel kan bli brukt til å forstå eit gitt molekylærbiologisk problem og kunne skissere ein eksperimentell plan. Studenten skal kunne demonstrere ei praktisk innsikt som reflekterer øvingar gitt i kurset.

Krav til forkunnskapar

MOL100, KJEM130, MOL202 eller MOL221 og MOL222 eller tilsvarende.

Emnet høver best i master- eller dokotrgraden, tidlegast i 6. semester av bachelorgraden.

Tilrådde forkunnskapar

MOL310 (MOL310 kan bli tatt parallelt).

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Rapportar frå laboratorieøvingar og demonstrasjonar (30%) og skriftleg eksamen, 4 timar (70%).

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

MOL399 / Masteroppgåve i molekylærbiologi

Studiepoeng: 60.0

Mål og innhold

Programstyret på masterprogrammet og veiledere skal sørge for at det til enhver tid eksisterer et tilbud av definerte oppgaveprosjekter. Oppgaveprosjekter som tilbys skal fortrinnsvis være forhåndsgodkjent av programstyre med tanke på oppgavens utforming og omfang (dvs. gjennomførbarhet innen normert tid). Oppgaveprosjekter kan også bli utformet i en dialog mellom veileder og student og deretter godkjent av programstyret.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Mastergradsstudiet skal gjennom faglig fordypning utvikle selvstendig kritisk, vitenskapelig tenkning innen molekylærbiologi hos de ferdig utdannede kandidatene. Et viktig mål med studiet er å gi trening i selvstendig eksperimentelt arbeid, bevisst vurdering av egne og andres forskningsresultater samt skriftlig og muntlig fremstilling av slike. Studiet skal gi inngående kunnskap om de biologiske makromolekylene DNA, RNA, protein og karbohydrat og andre organiske molekyler, deres struktur og funksjon og hvordan de påvirker hverandre gjensidig i levende celler. Studiet skal også gi øvelse i kritisk vurdering av vitenskapelig litteratur. Masterstudiet i molekylærbiologi skal være preget av en eksperimentell tilnærming til faget, men kan også inneholde større elementer innen bioinformatikk.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Etter at masteroppgaven er innlevert og godkjent, avsluttes studiet med en muntlig mastergradseksamen. Denne eksamen består av en offentlig presentasjon på rundt 30 minutter hvor studenten selv gir en oversikt over oppgaven. Sensor og veileder skal være til stede ved den offentlige presentasjonen. Deretter følger en muntlig eksaminasjon/samtale med sensor og veileder om oppgaven.

Før presentasjonen skal det være satt en karakter på oppgaven. Presentasjonen kan sammen med den påfølgende muntlige eksaminasjonen/samtalen være justerende på den endelige karakteren på oppgaven. Det er den endelige karakteren som gjøres kjent for kandidaten og som kommer frem på karakterutskriften.

Frister:

Opgaver på 60 sp innleveres senest én måned før slutten av det 4. semesteret.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

EMNE I NANOVITENSKAP

NANO100 / Perspektiv i nanovitskap og -teknologi	646
NANO161 / Innføring i nanoteknologi og -instrumentering	648
NANO244 / Material- og nanokjemi	650
NANO300 / Seminar i nanovitskap	652
NANO399 / Masteroppgåve i nanovitskap	653

NANO100 / Perspektiv i nanovitskap og -teknologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Hovudmålet for emnet er å få fram nanovitskapen og -teknologien sin eigenart gjennom eksempel henta frå (i) aktuelle forskingsprosjekt ved og utanfor Universitetet i Bergen, (ii) aktørar i norsk næringsliv som utviklar nanoteknologiske anvendingar, og (iii) problemstillingar av etisk og samfunnsmessig karakter knytt til teknologi. Eit delmål er at studentane skal få innsikt i kva forskning er og korleis naturvitskapleg forskning og forskningsformidling føregår. Arbeidsforma består av ei førelesningsrekke om ulike aktuelle nanovitskaplege og -teknologiske tema med lokale og eksterne foredragshaldarar. Kvar førelesning vert førebudd i eit obligatorisk diskusjonskollokvium. I tillegg blir kvar student assosiert til ei forskingsgruppe gjennom semesteret og deltar kvar veke i arbeidet i gruppa for å bli kjent med ei nanovitskapleg problemstilling og tilknytte arbeidsmetodar. I denne samanhengen blir det definert eit individuelt skriftleg pensum som gir bakgrunn for metodar og problemstillingar i gruppa, og journalføringa skal reflektere at det skriftlege pensumet er forstått. I slutten av semesteret lagar og presenterer studentane kvar sin plakater over den nanovitskaplege eller -teknologiske problemstillinga frå "si" forskingsgruppe.

Undervisningsspråk

Norsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Deltaking på minst 10 av 12 førelesingar. Deltaking på minst 10 av dei 12 første kollokvia. Deltaking i arbeidet i ei forskingsgruppe, inkl. føring av journal. Av den totale tida på tre timer kvar veke vil typisk 1-2 timer nyttast til aktiv observasjon i forskargruppa og typisk 1-2 timer være dedisert til føring av journal. I tillegg skal kvar student lage ein poster som presenterer det faglege innhaldet i forskingsprosjektet som studenten har vore knytt til i hospiteringsperioden samt førebu ein munnleg presentasjon av det faglege innhaldet i posteren.

Undervisningssemester

Vår. (Fargekode: gul)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev optakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Ved fullført emne skal studenten kunne:

- Konkretisere omgrepa nanovitskap og nanoteknologi og greie ut om kva som særmerker dette fagfeltet.
- Gjere greie for viktige instrumentelle metodar for oppklaring av nanostruktur av material.
- Gjere greie for viktige klassar av nanostrukturerte material og korleis desse kan lagast.
- Fortelje om ulike typar nanovitskapleg forskning ved UiB.
- Diskutere korleis teknologi og samfunn påverkar kvarandre.
- Presentere ei problemstilling gjennom skriftleg rapport, plakater og muntleg framstilling.
- Greie ut kom kva naturvitskapleg forskning er og gi døme på korleis denne aktiviteten kan føregå.

Krav til forkunnskapar

Tatt opp til bachelorprogrammet i nanoteknologi.

KJEM110, kan lesast parallelt.

Det er eit krav for å kunne melde seg til undervisning og vurdering i emnet at studenten i semesteret før planlagt undervisningssemester, deltek aktivt i prosessen som studieadministrasjonen gjennomfører for å identifisere vertsgruppe for studenthospiteringa. Nærare informasjon etter førespurnad til studierettleiar@nano.uib.no.

Vurderingssemester

Kun vurdering i semestre med ordinær undervisning.

Vurderingsformer

Emnet nyttar mappeevaluering med fire element: fleirvalstest, prosjektoppgåve, poster, og munnleg presentasjon. For å få gi munnleg presentasjon må studenten ha godkjent deltaking i obligatoriske aktivitetar, inkludert godkjent oppmøte på kollokvia og førelesningar og oppfylt timetall for hospitering i forskargrupper dokumentert ved dagbok. Mappa blir vurdert som Bestått/Ikkje bestått. Bestått vurdering føreset at alle mappeslementa (fleirvalstest, prosjektoppgåve, poster, og munnleg presentasjon) kvar for seg blir vurdert til å vere på nivå tilsvarande Bestått. Detaljerte retningsliner for vurdering av kvar av mappeslementa blir gjort tilgjengeleg ved kursstart. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 påfølgande semester etter godkjenninga.

Karakterskala

Bestått/Ikkje bestått.

NANO161 / Innføring i nanoteknologi og -instrumentering

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet omhandlar fysiske og kjemiske føresetnader for nanoteknologi, med vekt på samanhengar mellom atomære vekselverknader og strukturen til ulike typar nanoaggregat. Ulike karakteriseringsmetodar blir gjennomgått: Grunnleggjande røntgendiffraksjon, bølgebasert mikroskopi (optisk og elektron), sveipmikroskopi (sveiptunnell- og atomkraftmikroskopi), og spektroskopi. Topp-ned metodar for framstilling av nanostrukturar blir gjennomgått. Emnet gir også perspektiv på den framtidige utviklinga av feltet.

I tillegg til førelesningar og rekneøvingar inngår det 4 eksperimentelle øvingar med tilhøyrande laboratorierapporter. Kurset består av førelesningar, eksperimentelle øvingar og rekneøvingar. Dei eksperimentelle øvingane blir utført i grupper, men rapportane skal utformast og blir vurdert individuelt.

Fagleg overlapp

3 STP overlapp med NANO200; 7 STP overlapp med NANO160.

Undervisningspråk

Engelsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Skriftlege svar på utvalde kollokvieoppgåver. Desse obligatoriske arbeidskrav tel ikkje med i sluttkarakteren.

Laboratoriekurs med rapport. Rapportane inngår i vurderingsgrunlaget.

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: rød). Emnet har begrenset kapasitet og inngår i undervisningsopptaket.

Krav til studierett

Emnet er ope for alle studentar med ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studentane kunne:

- Diskutere det vitskaplege grunlaget for nanoteknologi.
- Relaterte eit materiale sin struktur på nm-nivå til eigenskapane som det har.
- Skildre topp-ned metodar for framstilling av nanostrukturar.
- Identifisere og skildre dei fysiske prinsippa bak og praktiske sider ved utvalte teknikkar for karakterisering av nanostrukturerte material.
- Føreslå val av karakteriseringsteknikk ut fra eigenskapane til materialet samt krav til oppløysing, forstørring og kjemisk spesiering.

Krav til forkunnskapar

PHYS101/PHYS111.

Tilrådde forkunnskapar

Ingen.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

1. Føring av labjournalar (tel 25 % av karakteren).

Journalane vert vurdert til bestått/ikkje bestått. Om ein journal ikkje er bestått kan han leveres inn igjen etter omarbeiding. Laboratedelen til NANO161 vurderas om eit heile basert på alle laboratorieøvingane i karakterskalaen A-F.

2. 4t skriftleg eksamen (tel 75 % av karakteren).

Tillette hjelpemiddel ved eksamen: Enkel kalkulator i tråd med fakultetet sine retningslinjer. Obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 påfølgande semester etter godkjenninga.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

NANO244 / Material- og nanokjemi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Material og -nanokjemi er eit emne som blir tilbydd studentar som er interessert i vitenskapen rundt faststoff og nanomaterial. Storleiker på 1 til 100 nanometer er av fundamental viktighet i materialvitenskap. Endringa av kjemiske og fysiske eigenskaper, avhengig av storleikseffektar, gjev den ultimate inspirasjon for utvikling av nanostrukturerte material som, mellom anna, finner bruksmåtar som adsorbent, katalysatorar, og "quantum confined" material. Samstundes er det naudsynt å ha kunnskap om opptreden av bulkmaterial for å utvikle ein forståing av dei spesielle eigenskapane av nærskyldte nanomaterial. Emnet vil introdusere studenten til syntese, identifisering og karakterisering, eigenskapar, funksjonalisering og bruk av faststoff og nanomaterial, blant dei nanopartiklar og nanoporøse material. Relevansen av slike nanostrukturerte material for avansert materialvitenskap, katalyse, medisin, og adsorpsjon/separasjonsprosessar blir demonstrert.

Emnet inkluderer praktiske øvingar som introduserer studenten til framstilling og karakterisering av ulike typar nanomaterial.

Fagleg overlapp

KJEM244: 7 studiepoeng. NANO200: 3 studiepoeng. Dersom studenten allereie har tatt NANO200, kan vedkommande følgje NANO244 ved å få eit tilpassa laboratoriekurs.

Undervisningsspråk

Engelsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Oppmøte på dei obligatoriske førelesningane, gjennomføring av laboratorieøvingar og føring av laboratoriejournal.

Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i to (2) påfølgande semester etter godkjenninga.

Undervisningssemester

Haust (første gong hausten 2014, fargekode: gul).

Emne har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten kunne:

- Samanstille og beskrive typar og eigenskaper av faststoff og nanomaterial.
- Forklare framstillingen av slike forbindelsar.
- Identifisere og beskrive metodar som blir brukt til å karakterisere ulike material.
- Relatere strukturen av ein forbindelse med sine eigenskapar.
- Diskutere nytte og bruk av bulk- og nanomaterial.

Krav til forkunnskapar

KJEM120.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester.

Vurderingsformer

1. Føring av laboratoriejournaler (30 %).

Kvar laboratoriejournal bedømmas som bestått/ikkje bestått. Om ein journal ikkje er bestått kan han leveras inn på nytt etter omarbeiding. Laboratedelen av NANO244 blir vurdert som eit heile basert på laboratoriejournalane og dugleik i praktisk gjennomføring av øvingane. Begge elementa inngår i vurderinga av laboratoriekurset i karakterskalaen A-F.

2. Eksamen (tel 70 % av karakteren).

Eksamensforma kan bli munnleg eller skriftleg (4 t) avhengig av kor mange studentar som er meldt til eksamen.

Utfyllande eksamensreglar:

1. Karakteren for føring av laboratoriejournalar er gyldig i 2 påfølgande semester etter godkjenninga.

2. I semester med undervisning:

Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester kan gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakteren på føring av journalar. Den avsluttande eksamen tel 70 % i karaktersettinga.

3. I semester utan undervisning:

a) Studentar med godkjend laboratoriekurs kan berre gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakter på føring av journalar. Den avsluttande eksamen tel 70 % i karaktersetinga. Det kan være mulig at eksamen blir skriftlig uansett kor mange studentar som melder seg.

b) Studentar utan godkjend laboratoriekurs frå tidlegare kan ikkje ta eksamen.

Vurdering i laboratoriepraksis

- Vere budd til dei praktiske øvingane ved å ha den naudsynte teoretiske forkunnskapen og ha gjennomført forberedande oppgåver som var spurt om på førehand, som ein forkunnskap for gjennomføring av øvinga (til dømes berekning av mengde av stoffer).

- Vise god forståing for dei eksperimentelle prosedyrane i praksis og i teori.

- Gjennomføre eksperimenta på ein forsvarleg måte, til dømes ved å følgje reglementet for tryggleik på laboratoriet.

- Oppnå det venta eksperimentelle resultatet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

NANO300 / Seminar i nanovitskap

Studiepoeng: 5.0

Mål og innhald

Undervisninga er ein seminarserie der studentane skal leggje fram og diskutere sine forskingsprosjekt. Det vert lagt stor vekt på aktiv deltaking frå studentane som i stor grad også vil vere med på å forme emnet. Målet er at studentane skal lære å presentere og kommunisere forskingsresultat.

Undervisningsspråk

Engelsk.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Deltaking på fem av seks seminar. Presentasjon av eige mastergradsprosjekt. Skrive ein populærvitskapelig artikkel.

Undervisningssemester

Haust.

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d.-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav.

Undervisningsstad

Bergen.

Læringsutbyte

Ved fullført emne skal studenten kunne:

- Kjenne til utfordringar og teknikkar for kommunikasjon av vitskap.
- Presentere vitskapelig material både munnleg og skriftleg.
- Forsvare metodeval og konklusjonar i vitskapleg diskusjon.
- Kritisk vurdere forskingsresultat.

Krav til forkunnskapar

Tatt opp til masterstudiet eller Ph.d.-studiet i nanovitskap ved UiB.

Vurderingssemester

Kun vurdering i semestre med ordinær undervisning. Se Vurderingsformer.

Vurderingsformer

Godkjent populærvitskapelig artikkel, godkjent presentasjon av eige mastergradsprosjekt, godkjent frammøte og godkjent deltaking på seminara. Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i 3 påfølgande semester etter godkjenninga.

Karakterskala

Bestått eller Ikkje bestått.

NANO399 / Masteroppgåve i nanovitskap

Studiepoeng: 60.0

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Vurderingsformer

Etter at masteroppgåva er levert og godkjend, vert studiet avslutta med ein munnleg mastergradseksamen. Denne eksamen består av ein offentleg presentasjon på rundt 30 minutt der studenten sjølv gjev ein oversikt over oppgåva. Sensor og rettleiar skal vere til stades ved den offentlege presentasjonen. Deretter følgjer ein munnleg eksaminasjon/samtale med sensor og rettleiar om oppgåva.

Før presentasjonen skal det vere sett ein karakter på oppgåva. Presentasjonen kan saman med den påfølgjande munnlege eksaminasjonen/samtalen vere justerande på den endelige karakteren på oppgåva. Det er den endelige karakteren som vert gjort kjend for kandidaten og som kjem fram på karakterutskrifta.

Fristar: Oppgåver på 60 sp leverast seinast éin månad før slutten av det 4. semesteret. Korte oppgåver på 30 sp får ein tidsfrist og skal gjennomførast i løpet av eitt semester.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

EMNE I PETROLEUM- OG PROSESSTEKNOLOGI

PTEK100 / Introduksjon til petroleum- og prosesssteknologi.....	655
PTEK202 / Fluidmekanikk og varmeoverføring	657
PTEK203 / Masseoverføring og faselikevekter	659
PTEK205 / Numeriske metodar for prosesssteknologi	660
PTEK211 / Grunnleggjande reservoarfysikk.....	662
PTEK212 / Reservoarteknikk I.....	663
PTEK213 / Reservoarteknikk II	664
PTEK214 / Eksperimentelle metodar i reservoarfysikk.....	666
PTEK218 / Bergartsfysikk.....	667
PRO399 / Masteroppgåve i prosesssteknologi	669
PTEK226 / Prosess- og miljøkjemometri	670
PTEK231 / Olje/gass prosessering	672
PTEK232 / Naturgasshydrat: Fundamentale aspekter og praktiske implikasjoner	673
PTEK241 / Introduksjon til fleirfasesystem	674
PTEK250 / Eksplosjonsfarar i prosessindustrien.....	676
PTEK251 / Risikoanalyse - metodar og anvendelse	677
PTEK252 / Forbrenningsfysikk.....	679
PTEK311 / Integreerte operasjonar innan boring og produksjon	681
PTEK312 / Utvalde emne i petroleumsteknologi	683
PTEK313 / Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikk.....	684
PTEK354 / Støvekspløsningar i prosessindustrien 1	685
PTEK399 / Masteroppgåve i petroleumsteknologi.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

PTEK100 / Introduksjon til petroleum- og prosess teknologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet inneheld to delar. Petroleumsdelen omtalar grunnleggande geologi, hydrokarbonsystem, innføring til petroleum sleiting, strøymingsegenskapar for olje og gass, og produksjonsteknologi. Prosess teknologidelen omtalar gassprosessering og -transport, instrumentering, sikkerheit, fleirfase- og pulverteknologi. Ekskursjon til Hydro Sandsli, Mongstad og Kollsnes.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

3 øvingar og 2 ekskursjonar. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 7 semester (undervisningssemesteret + 6 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK100 skal studenten kunne:

- beskrive korleis olje og gass blir danna, funne, utvunne, transportert og prosessert
- beskrive grunnleggjande geologi, hydrokarbonsystem, petroleum sleiting, produksjonsteknologi og strøymingsegenskapar for olje og gass i eit porøst medium
- rekne ut hydrokarboninnhald og produksjonskapasiteten til eit enkelt reservoar ved hjelp av ein enkel analytisk reservoarmodell
- beskrive transport- og prosessanlegg for olje og gass, med vekt på instrumentering, fleirfase, separasjon og sikkerheitsteknologi
- rekne på enkle problem innanfor strøyming i rør og varmeoverføring

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Matematikk 1+2, Fysikk 1 og Kjemi 1.

Vurderingssemester

Skriftleg eksamen berre ein gong i året - haust.

Vurderingsformer

2 timar fleirvalgseksamen med bokstavkarakterar. Ingen hjelpemiddel tillate. Skriftleg eksamen berre en gong i året - haust. Berre studentar med gyldig fråvær har rett til et nytt forsøk i påfølgende semester.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK202 / Fluidmekanikk og varmeoverføring

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ei innføring i fluidmekanikk og varmeoverføring. Fluidmekanikkdelen omfattar: Strøyming i gassar (kompressibel straum) og væsker gjennom røyrsystem og ulike typar prosessutstyr. Strøyming av bobler i væsker og væskedråper i gassar. Strøyming av væsker og gassar gjennom pakka og fluidiserte sjikt av partiklar av faste stoff. Bernoullis likning. Varmeoverføringsdelen omfattar: Leiings-, konveksjons og strålingsoverføring av varme i væsker, gassar og faste stoff. Dimensjonsanalyse og CFD-modellering (Computational Fluid Dynamics) blir forklart og brukt innanfor både fluidmekanikk og varmeoverføring.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen.

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: gul)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK202 skal studenten kunne:

- forklare mikro- og makroskopiske bevegelsesmengdebalansar og bruke dei til å løyse basale fluidmekaniske problemstillingar
- lage prinsippiskisser for einfase strøymingsapparat for prosessindustrien
- greie ut om mikro- og makroskopiske varmebalansar
- kvantifisere varmeoverføring mellom fluid og faste vegger
- lage prinsippiskisser for apparatur for varmeveksling i prosessindustrien

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT131, KJEM210, PHYS111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

I semester kor undervisning vært gitt kan midtvegseksamen gjelde inntil 25% av karakteren. I semester kor undervisning ikkje vært gitt gjelder avsluttande eksamen 100%. Tillatt hjelpemiddel på både midtvegseksamen og avsluttande eksamen er enkel kalkulator i samsvar med modell oppgitt i fakultets reglar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK203 / Masseoverføring og faselikevekter

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir dei grunnleggande prinsippa for a) masseoverføringsprosessar (bl.a. ekvimolar mot-diffusjon og modellar for masseoverføring mellom fasar) og b) faselikevekter med fasediagram. Dei teoretiske prinsippa for destillasjon (to- eller fleirkomponent-), ekstraksjon, absorpsjon, tørking, krystallasjon, adsorpsjon, desorpsjon og membranteknologi, og utforming av utstyr for å realisera desse prinsippa i industriell praksis, blir gjennomgått. Dessuten blir det gitt ein kort introduksjon til nukleeringsprosessar.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklige studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

3 + 4 øvingar, av desse må dei tre første alle vere godkjente og av dei fire siste må minst to vere godkjente. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 7 semester (undervisningssemesteret + 6 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: gul)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Emnet skal gi ei grunnleggande forståing for dei fysikalske og termodynamiske prinsippa for masseoverføring og faselikevekter, og kva dei betyr ved utforming av prosessutstyr med spesifiserte krav til bl.a. produksjonskapasitet. Emnet er ein del av spesialiseringa for bachelorgraden i prosessteknologi.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM210, PTEK202

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen. Eksamen kan bli munnleg, avhengig av antal oppmelde studentar.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK205 / Numeriske metodar for prosessteknologi

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Beskriving av ulike typar strøyming. Navier-Stokes likningane. Numeriske metodar for behandling av strøyming, masse- og varmetransport (Computational fluid dynamics). Grunnleggande prinsipp for statistisk fysikk og statistiske ensembler. Molekylær simulering. Introduksjon til molekylær dynamikk og Monte Carlo-simuleringar. Programmering i Fortran.

Fagleg overlapp

PTEK204: 5 SP

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førellesning / 3 timar pr veke. Dataøving / 1 time pr veke

Obligatorisk undervisningsaktivitet

2 dataøvingar. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: blå)

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor og master

Krav til studierett

Emnet er opent for alle studentar med ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Dersom stor pågang vil studentar innan prosessteknologi bli prioritert.

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne skal studenten:

- ha ei djupare forståing av dei grunnleggande transportlikningane i prosessteknologi
- kjenne til molekylær simulering
- kunne utføre numeriske simuleringar (CFD)
- kunne gjere enkel programmering i Fortran
- kunne vite korleis dei ulike teknikkane blir brukt til kvantitativ behandling av strøymande fluid og grenseflatesystem ved prosjektering/design av prosessteknisk utstyr

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT160 eller INF109

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen. Eksamen kan bli munnleg, avhengig av antal oppmelde studentar.

Ingen tillatne hjelpemiddel.

Karakterskala

Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F

PTEK211 / Grunnleggjande reservoarfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Eigenskapar ved porøse medier, grunnleggjande petrofysiske omgrep og likningar, absolutt og relativ permeabilitet, fuktpreferanser, kapillartrykk, kjerneanalyse, brønnlogging.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen.

Undervisningssemester

Haust (Fargekode: rød)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK211 skal studenten kunne:

- forklare eigenskapar ved porøse medium, med fokus på olje- og gassreservoar
- beskrive fleirfasestrøyming i porøse medium med vekt på oljeproduksjon
- gjere greie for innverknad på strøyming i porøse bergartar frå parameter som permeabilitet, trykk, temperatur, kapillartrykk, relativ permeabilitet og fuktpreferanse
- presentere prinsipp ved brønnlogging

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Dei to første semestra i bachelorstudiet i petroleum- og prosess teknologi.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Eksamen kan bli skriftleg, avhengig av antal oppmelde studentar. Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK212 / Reservoarteknikk I

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Fleirfasestrøyming i porøse medier: metningslikningar, Buckley-Leverett-modellen, fraksjonsstrøm, trykktesting

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen.

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Læringsutbytte

Ved fullført emne PTEK212 skal studenten kunne:

- utleie og bruke dei grunnleggjande transportlikningane i porøse medium (hydrokarbonreservoar) for både ein- og fleirfasestrøm
- forklare problemstillingane ved formuleringa av materialbalanse og metningslikningar for porøse medium
- forklare og beskrive mikro- og makroskopiske fenomen i reservoar
- bruke de ulike matematiske modellane til trykktesting i olje- og gassbrønner
- tolke produksjonstestar i olje- og gassbrønner
- forklare konseptet decline-analyse og materialbalanse i olje- og gassreservoar

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK211

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

I semester kor undervisning vært gitt kan midtvegseksamen gjelde inntil 25% av karakteren. I semester kor undervisning ikkje vært gitt gjelder avsluttande eksamen 100%. Tillatt hjelpemiddel på både midtvegseksamen og avsluttande eksamen er enkel kalkulator i samsvar med modell oppgitt i fakultets reglar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK213 / Reservoarteknikk II

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei grunnleggjande innføring i metodane som brukast for å utvinne petroleum på norsk sokkel. Emnet gir også ei innføring i ukonvensjonelle metodar som kan ha eit potensial for å auke utvinningsgraden frå petroleumsfelt. Tema som blir tatt opp er: Petroleum fluideigenskapar, PVT-analyser, fasediagram, diffusjon og dispersjon, reservoar monitorering, og auka oljeutvinning.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

1 obligatorisk øving. Den obligatoriske øvinga er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Høst (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK213 skal studenten kunne:

- beskrive særtrekk ved petroleumsfelt på norsk sokkel med tanke på reservoareigenskapar og fluideigenskapar
- beskrive kritiske parameter som har betydning for utvinning av petroleum
- anvende analytiske modellar (dynamiske og statiske) for å få kunnskap om dei fysiske og kjemiske prosessane som er relevante for utvinningsgraden
- utføre reservoartekniske utrekningar

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

KJEM210, PTEK211, PTEK212

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Skriftleg eksamen (4 t). Dersom få oppmeldte kan det bli munnleg eksamen. Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Obligatorisk øving må leverast innan fastsett frist for å få obligatoriske aktivitetar godkjende og for å få tilgang til avsluttande eksamen i emnet.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK214 / Eksperimentelle metodar i reservoarfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Eksperimentelle metodar innan reservoarteknologi og kjerneanalyse for måling av porøsitet, permeabilitet, væskefortrenging i reservoarbergartar, kapillartrykk, relativ permeabilitet og fuktpreferanse.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøvingar. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: gul)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK214 skal studenten kunne:

- måle eigenskapane til porøse bergartar med fokus på olje- og gassreservoar
- utføre eksperiment for å bestemme oljeproduksjon frå kjerneprøver
- tolke eksperiment med fleirfasestraum i porøse bergartar
- gjere greie for innverknad på strøyming i porøse bergartar frå parametranne permeabilitet, trykk, temperatur, kapillartrykk, relativ permeabilitet og fuktpreferanse
- gjennomføre kjerneanalyse på eiga hand

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK211

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK218 / Bergartsfysikk

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Kurset er sett saman av mange emne innanfor bergartsfysikk/petrofysikk som blir brukt av geofysikarar, geologar og reservoaringeniørar. Det vil vere nyttig for dei som ønskjer å arbeide med tolking av geofysiske (elektromagnetiske og/eller seismiske) data med tanke på dei fysiske eigenskapane til bergartane, samt med moderne metodar for dynamisk reservoarkarakterisering basert på integrasjon av 4D geofysiske data med historiske (reservoar) produksjonsdata.

Pensum inkluderer element av teorien for dei effektive eigenskapane til mikroinhomogene medium, oppskalering, mekaniske eigenskapar til tørre bergartar, væskestraum og permeabilitet, mekanisk oppførsel til væskemetta porøse medium, akustiske og seismiske eigenskapar, elektrisk leiðningsevne, dielektriske eigenskapar, elektromagnetiske bølger og diffusjon, samt termisk leiðningsevne og varmestraum. Det vil bli fokusert spesielt på analogiar mellom ulike fysiske fenomen, samt korrelasjonar mellom ulike fysiske eigenskapar.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Øvingane er obligatoriske (bestått/ikkje bestått). Øvingane er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK218 skal studenten kunne:

- gjengi sentrale matematiske utleiingar i pensum
- vere i stand til å løyse nye problem basert på teorien frå pensum
- implementere dei fleste bergartsfysiske relasjonane på ei datamaskin. Dette betyr at emnet også gir trening i programmering.
- demonstrere generelle evner i bergartsfysisk modellering
- forklare analogiar mellom ulike bergartsfysiske fenomen
- diskutere (tverrfaglig) bruk av bergartsfysiske relasjonar

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

Egnar seg for studentar med god bakgrunn i matematikk.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen. Tillate hjelpemiddel: kalkulator. Eksamen kan bli munnleg, avhengig av antal oppmeldte studentar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PRO399 / Masteroppgåve i prosess teknologi

Studiepoeng: 60.0

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Krav til forkunnskapar

Ingen

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalen A-F nytta.

PTEK226 / Proses- og miljøkjemometri

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ei innføring i analyse og overvåking av industrielle prosessar ved hjelp av dataanalytiske metodar. Emnet dekker opp univariat og multivariat statistisk prosessovervåking, undersøking og optimalisering av prosessar med multivariat design og latentvariabel analyse av historiske data, og prediksjon av produktkvalitet og miljøutslepp frå føde- og prosessdata. Metodane blir belyst med reelle døme frå både landbasert og offshore prosessindustri, bl.a. oljekjelde korrelasjon, modellering av reservoareigenskapar frå borelogger og bruk på rigg og på raffineri.

Fagleg overlapp

KJEM225: 10 stp

Undervisningsspråk

Norsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

2 dataøvingar med journal. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 7 semester (undervisningssemesteret + 6 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Etter fullført emne PTEK226 skal studenten kunne:

- setje opp og analysere resultatata frå ein eksperimentell design.
- gjere greie for antakelser og basisformlar i multipel lineær regresjon, og gjere ein regresjonsanalyse.
- forklare og bruke metodar for optimering av ein respons.
- bruke latente variablar til tolking, klassifikasjon og prediksjon, og kunne vise til teorien bak dette.
- gjere ei sjølvstendig dataanalyse med kjemometrisk programvare.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT111, MAT121, STAT101.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK231 / Olje/gass prosessering

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ein gjennomgang av dei sentrale prosessane som inngår i prosessering av olje eller gass for å møte salskrav til dei ferdige produkta. Dei ulike prosessane blir skildra i detalj i forhold til dei fysiske lovene som styrer verkemåten for dei ulike einskildprosessane, og korleis desse fysiske lovene kan setjast i system i form av simuleringverktøy for å skildra prosessane og koplinga mellom desse i større prosessanlegg.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklige studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

4 + 4 øvingar, av desse må de tre første alle vere godkjente og av dei fire siste må minst to vere godkjente. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Haut (Fargekode: grønn)

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbytte

Målet med emnet er å gi deltakarane ei grunnleggande forståing for prinsippa som ligg til grunn for design av prosessanlegg, og optimalisering og fornying av eksisterande prosessanlegg.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK203, MAT111

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen. Eksamen kan bli munnleg, avhengig av antal oppmelde studentar.

Tillatne hjelpemiddel: Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i fakultetets reglar

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK232 / Naturgasshydrat: Fundamentale aspekter og praktiske implikasjoner

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhold

Emnet gir ein fundamental gjennomgang av naturgasshydratar m.h.t. strukturar og tilhøyrande implikasjonar for termodynamisk stabilitet under ulike termodynamiske forhold og i ulike situasjonar av sameksistens med andre faser. Moderne teorier for initiering av hydrat og kinetikk for vidare vekst blir vektlagt og eksemplifisert v.h.a. simuleringar. Emnet gir også ein gjennomgang av sentrale industrielle problemstillingar der danning av hydrat kan være eit potensielt problem. Ulike strategiar for reduksjon av problem med hydrattanning blir også drøfta. Hydratreservoar og strategier for utvinning av desse.

Fagleg overlapp

PTEK332: 10stp

Undervisningsspråk

Engelsk

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen

Undervisningssemester

Uregelmessig

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til eit masterprogram/Ph.d-utdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Målsetinga med emnet er å gi studentane ein teoretisk basis for forståing av naturgasshydrat, kvifor dei blir danna og kor stabile dei er under ulike forutsetningar. Emnet inneheld også dei praktiske implikasjonane av dette m.h.t. design av prosessutstyr og hydrat prevensjon.

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK231

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

4 timar skriftleg eksamen. Eksamen kan bli munnleg, avhengig av antal oppmelde studentar. Hjelpemiddel: Godkjend kalkulator.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK241 / Introduksjon til fleirfasesystem

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Emnet gir ein innføring til fleirfasesystem i prosessindustrien. Emnet omfattar: Impulstransport i og mellom kontinuerlege (fluid) og disperse (boblar, dråpar eller faste partiklar) faser, nytta på fleirfase strøymningsfenomen. Varme- og masseoverføring mellom kontinuerte og disperse faser, nytta til dømes på kontakttårn. Kjemisk reaksjon med samstundes transport av moment, varme og masse mellom fasane, nytta på fleirfasereaktorar.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Ingen.

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK241 skal studenten kunne:

- kvantifisere utvekslinga av bevegelsesmengde, varme og materiale i dei separate fasene og mellom fasene i fleirfasesystem
- rekne ut responstider og koplingsparameter for fleirfasesystem og forklare kva betydning det har for modellering av prosessar som involverer slike system
- forklare problemstillingane kring formuleringa av bevegelsesmengde-, energi- og materialbalansar for fleirfasesystem
- forklare og rekne på dei basale typane kjemiske einfasereaktorar i prosessindustrien
- forklare og rekne på dei basale typane kjemiske fleirfasereaktorar i prosessindustrien, spesielt reaktorar med ein fast katalysator

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK202, PTEK203. MAT212 er også ein fordel.

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

I semester kor undervisning vært gitt kan midtvegseksamen gjelde inntil 25% av karakteren. I semester kor undervisning ikkje vært gitt gjelder avsluttande eksamen 100%. Tillatt hjelpemiddel på både midtvegseksamen og avsluttande eksamen er enkel kalkulator i samsvar med modell oppgitt i fakultets reglar.

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK250 / Eksplosjonsfarar i prosessindustrien

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

Forbrennings- og antenningseigenskapar for gassar, væsker, støv/pulver og eksplosiver. Områdeklassifisering. Elektrisk utstyr for eksplosjonsfarlege områder. Døme på eksplosjonsulykker i prosessindustrien.

Fagleg overlapp

Ingen

Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom berre norskspråklege studentar

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Laboratorieøvingar med rapport. Dei obligatoriske aktivitetane er gyldige i 3 semester (undervisningssemesteret + 2 påfølgande semester).

Undervisningssemester

Haust

Krav til studierett

For oppstart på emnet er det krav om ein studierett knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, samt at du oppfyller ev opptakskrav

Undervisningsstad

Bergen

Læringsutbyte

Ved fullført emne PTEK250 skal studenten kunne:

- beskrive og definere dei kjemiske og fysiske prosessane som skjer ved tenning og forplantning av gass-, tåke- og støvekspljosjonar, og ved tenning og eksplosjon/detonasjon av pyrotekniske satsar, rakettdrivstoff og eksplosivar
- forklare metodar for førebygging og kontroll av slike typar eksplosjonar i industri på land og til havs
- beskrive områdeklassifisering og utforming av elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlege område
- gjennomføre nokre grunnleggjande laborieforsøk med gass- og støvekspljosjonar

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PTEK202, PTEK203

Vurderingssemester

Det er ordinær eksamen kvart semester

Vurderingsformer

Munnleg eksamen. Dersom mange studentar deltek kan eksamen bli skriftleg (4 timar).

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

PTEK251 / Risikoanalyse - metodar og anvendelse

Studiepoeng: 10.0

Mål og innhald

